KJELL BONDEVIK

STUDIAR I NORSK SEGNHISTORIE

398.2
B

Forlagt av H. Aschehoug & Co.
(W. Nygaard) Oslo 1948.

Sogn og Fjordane Distriktshøgskule
BIBLIOTEKET
15. MAR 1989

Printed in Norway.
G. Lindkvist - Boktrykkeri, Oslo.

INNHALD

Føreord 7
Bolk I: Slaget i Kringen 1612 9
1. Kjelder 9
2. Dryfting 38
a. Velta 38
b. Signala 50
3. Parallellar 59
4. Spreiingsveg og opphav 68
Bolk II: Gåver og avgifter 82
1. Heller og steinar 82
2. «Sporveskatten» 105
3. Uhepper 107
4. Syner og førebod 113
Litteratur 120

FØREORD

Den vidgjetne skotteferda i 1612 har fått eit uvanleg stort rom i hjarta hjå mange nordmenn. Ho er kransa av ei vrimlande mengd openberre segner og forteljingar om merkelege hende og tilburdar. Hovudinteressa knyter seg til Kringen i Gudbrandsdal og krinsar kring kampen som fekk så alvorlege fylgjer for dei framande herfolka. Serleg har tre ting lenge spøkt i folkefantasien, ja jamvel i sogebøkene: 1) ei velte oppe i fjellet, 2) P(r)illar-Guri på Seljordskampen, og 3) ein mann til hest ute på Storøya eller på den andre elvebarden.

Det er tanken her å stogga ved desse draga og syna samanhengen mellom segn og soge. Eg dryfter ikkje anna enn slikt som kan kasta ljos over dette spørsmålet.

Presteembete, kyrkjer, hospital og liknande institusjonar hadde i lang tid ei viktig innkome i gåver og avgifter. Folk kan ofte gjeva detaljerte opplysningar om opphavet og samanhengen; men ein dåm av segn kviler over tradisjonen. I andre bolken dreg eg fram nokre typiske døme til analyse. Dryftinga vil visa at ein òg her møter same problemet: påverknad, omforming og flytting av historiske kjensgjerningar.

Der kjelder ikkje er nemnde, har eg sjølv samla inn tilfanget på munnleg veg.

BOLK I

Slaget i Kringen 1612.

1. Kjelder.

a.

Den eldste historiske kjelda finn ein i ei offisiell fråsegn som vart send kanslaren i København same året som slaget stod. Ho er datert 17. september 1612 og underskriven av Einwoldt Krusse, Oluff Galde og Peder Iffersen. Presten H. P. S. Krag (1794—1855), som synte stor interesse for skotteferda den tid han heldt til i Vågå (frå 1830), har skrivi ei utgreiing om dette emnet, «Sagn, samlede i Gudbrandsdalen om Slaget ved Kringlen», Chr.a 1838. Her siterer han denne fråsegna (s. 63—67) og gjev dessutan historiske opplysningar om dei tre kjende mennene. Etter nokre innleiande ord seier brevet:

«Och strax andenn Dagenn effter de ankoms, haffuer de begiffued dennum ind wdi Landitt och farit saa forett Landwegen offuer ett field kaldis Mærratoppene, Ehre saa der indkommene wdi Guldbrandtzdallen, som er sønden fieldtz, her wdi Aggershuus Lehn, Och haffuer da tagett tuennde Bønder wdi Romsdallen till Weye wieser med dennum, Huilckett der en aff Kongl. Mayz. Lensmand wdi waage prestegield, som ligger wdi fornæffnte Guldbrandsdallens fougderiie, wed naffn Lauritz Hagge, dett haffuer fornummit, Haffuer hand strax opmannidt meenige Bønder och Almue, wdi de tuende Gjelde, Læsøe och waage, och Røcht emod

samme schotter og wdlenndische Krigsfolck, och der hand fornamb dennom at werre sig forsterrcke, haffuer hand 2 eller 3 Dage altt røcht och werrit for dennum wdi weyen, dog indted med dennum schiermetzeritt eller schlagett, mens midlertid hafft sitt Bud hoss Almuen wdi neste omliggende tuende Sogner, wed Naffen froen og Ringeboe gjeld, Huilcke strax er kommen hannum till hielp, och der de saa ere samblede, haffuer hannd werritt fiirre Hundret och fems mand sterck, Och saa farrit fortt for dennum wdi weyene, ind till hand saa sinn Fordeell paa ett Field kaldis Kringellenn wdi waage sogenn liggendis, Huor de endeligen schulle forbij. Och haffde de dennum saa indklembt, emellem Klippen paa den eene Siide och enn stor Elff, dicht derhos paa denn anden siide, wdi Huilckett Fordeell hannd stiltuigendis haffuer sig wdi Skouffuene beleigeritt, Och sine medhaffuende folck heenlagtt, indtill saa lennge det wdlendiske Krigsfolck er dick ankommen, dog icke formoditt eller wist andet end dett Norsche Krigsfolck war altt wdi weyenn for dennum hentreckende, der forschreffne Lauritz Hagge saaledis sin Sag nu haffde anstillet, og sinn Fordeel seet, Haffuer hand med enn anden Leensmand aff Ringeboe, ved naffn Peder Ramkleff med dierris Folck samtligenn schøtt ind paa de fremmede Krigsfolck, och paa halffanden Tiimestiid att giørre, dennum allesammen ihjelschøt, Och huilcke som icke bleffue schott, haffuer giffued sig wdi Elffuenn sig at salvere och der bleffuen drocknid, ock huilcke aff dennum leffuendis offuer Elffuen komb bleffue dog aff Bønderne paa samme siide strax ihielslagene, som altsammen scheede och er sig tildragett denn 26 Augusti seennist forledenn, Huilcked fremmede Krigsfolck wy formercker aff Bøndernne, som haffuer werrit sielffuer med wdi samme schlag, och de døde och slagne folck haffuer begraffuede og tallt, schall wist haffue werrit i det Ringeste halffsiette hundrett Mannd, Endog disse Schotter som leffuendis bleff, som ere tilsammens 18, icke wille bekiennde dennum widere end halffjerde Hundrett Mand i det høieste sterck at haffue werrit. Menns den Dag slagett stod, bleff der fangen 134 Schotter, huilcke strax om andenn Dagen ihielslog och schiød,

wnndertagendis desse atten foreschreffent staaer, Siggenndis till huer anndre, att Kongl. Maiz. haffde noch att fødde udi samme atten, dog en partt aff dennum werre saare, och en partt haffde Kullernne i Liffuet, der de hiid ankomb, af huilke forschreffne 18 Soldatter wy nu nederschicker de trende fornembste, som er en Captain ved Naffen Alexander Ramsy och hans Luttenandt wed Naffen Jacob Mannepange, huilken tilforn haffuer werrit baade wdi Danmarck och Suerrig och paa dette dieres Tog haffuer ladett sig bruge for enn Tolck. Den tredie heder Herrich Bryssz, huilken schal haffue ladet sig bruge effter hanns Berettningh, for enn Krigsmannd, baade wdj Holland, Spanien og Wngarn. Huad de øwrige 15 personner anlanger, haffuer en partt strax tagett Tieneste hos gaatt folck, her wdi Landet, en partt haffuer jeg strax neederskicket til Elfsborigs, huilcke goduilligen will begiffue sig til Kongl. May. wnnder Jørgenn Lungis Regimentte, Huad widere Particularitet sig wdi denne Handell haffuer tildragett, er altsammen af deres egenn relation som forschreffuet staar, att ehrfaere, huis Kundschaft mand kunde haffue aff de Breffue hos dennum haffuer werrit, kand wy inted omschriffue paa denne Gang, Thi der de bleffue fangede, haffue Bønderne tagett alle samme Breffue til sig, huor effter wy nu haffuer worris wisse kundschabff, huad deraff kand wdkundschabfuis, saa snart wy dennum bekommer, schal Cantzleren strax bliffue tilschiecket, og huis wy for wore personer kann tiene Cantzleren till ære, gode och wilje, schal hann altid finde os der till redebonne, Wil hermed haffue Cantzleren Gudalmagt befallet. Actum Aggershuus den 17 Septemb. 1612.

Einwoldt Krusse. *Oluff Galde.* *Peder Iffersen.*»

Denne nøkterne meldinga må i alle hovuddraga vera rett.

Om underskrivarane gjev Krag desse opplysningane:

«*Envold Kruse* til Hjermisløfgaard var en dansk Adelsmand, der dengang var Statholder i Norge. *Oluf Galde* var en norsk Adelsmand, der eiede Gaarden Tomb i Smaalenene, og som forskjellige Gange (saasom i Aarene 1588, 1595 og 1608) havde været

constitueret Befalingsmand over Agershuus Slot i Statholderens Fraværelse. *Peder Iversen* var af den adelige Familie *Jernskjæg*, og eiede forskjellige Gaarde i Brunlaug Lehn (det nuværende Laurvigs Fogderie), hvorover han var Befalingsmand. Disse tre Mænd vare, tilligemed nogle andre her i Landet værende Adelsmænd, blevne overdragne af Christian den 4de i 1611 at sørge for det søndenfjeldske Norges Forsvar under Krigen» (Sagn, s. 67 f.).

b.

Om lag ein mannsalder seinare møter vi ei ny melding, som i 1839 vart utgjeven av J. Chr. Berg i Samlinger til Det Norske Folks Sprog og Historie VI, s. 197—202. Han seier i innleiinga:

«Denne Beretning, hvoraf i det mindste Gjenparten er uden Datum og Underskrift indeholdes i et Brev til en «Over-Secreterer», ventelig i det Kongl. Cancellie i Kjøbenhavn; og hvis denne Skrivelse er, som snarest kan formodes, opsat i K. Frederik den Tredies Tid, er den rimeligviis addresseret til *Erik Krag*, som i nogle Aar var Over-Secreterer i Cancelliet indtil i Aaret 1665. I det mindste kan denne Skrivelse ikke være opsat strax efter Begivenheden, da der nævnes Throndhjems 'Amt', hvilken Benævnelse først optoges efter Souverainiteten i Stedet for den forrige Benævnelse 'Lehn'. Skulde den være yngre, kan den dog vist ikke være opsat sildigere end i Aaret 1685 og maa i dette Tilfælde, som nærmere vil vorde yttret, være til da værende Over-Secreterer *Matthias Moth*.»

Utanpå avskrifta i Riksarkivet er skrivi: «Beretning om de norske Bønders Manddom udi Guldbrandsdalen uden Aarstal og Dato.» Føremålet med skrivet var tydeleg å leggja inn eit godord for gudbrandsdølane og oppdølingane, så dei kunne få løn for den djervskapen dei hadde synt mot fienden. I brevet står dette:

«Mens som det røgtis och dj ej haffde anden wej end igiemel gulbrandsdallens proustj at Marsere, huor der var nogle trange paser dennem i vein Som de Suensche schotter da begynte meget at plyndere

udj det første Sogen de kom udj Item tog bønderne fangene som dennem de rette weir och Sicherste schulle anuise: da haffuer bønderne sammestedtz om natten hemligen afferdiget nogen dj kunde troe gien veyer offuer fieldmarchene, som giorde de andre Sogner goed Kundschab och Warsel om alting, huoroffuer dj da wed natt och dag oprørde budstichen, Saa mand aff huse sig samblet med deris geuehr udj en pas heder *Kringlen* huor vein var saa trang at der alene kunde Marsere Mand for mand, thi en bred och stridende Elff var paa den vestere side, och paa dend østere Side Kliper nogle hundere faffner høie med schoug begroed, vdj lengden var dene pas vngefer en halff mill, der lagde dessze Almue och bynder Sig fordegt actionen paa huad maade de angreb finden falder for vitløfftig at beschriffue, in summa de anstillet dette verch saa klogeligen som de lang tid udj Krigs erfarenhed kunde verit Exercerit, huor offuer de och ruinerit dennem Total, och ej kom nogen der fra vden 3 a 4 dj gaff quarter, de schotters general och anfører var en *Sinchler* aff slegt, som bleff schut samme tid och liger der ved vein begraffuit, hans graff schrifft Staar der vdgraffuet udj tree til tegen paa huad Sted hand bleff, Huilchet de fra den tid och til nu holder ved lige, Dene deris Mandelighed og goede forhold haffuer den S. Herre och Konge C4 Saa meget wel behauget, huoroffuer hand gaff dj fornemmeste Hoffuidmænd som dreff dette werch adschiellige schiønne bønder gaarder til æuindelig eyendomb at følge dem och deris Arffuinger huilche siden vdj Ko. Ma. Jordboeg aarligen er ført til omdrag: Der leffuer endnu paa stedet aff dj folch som var med udj samme action, dog dj er Eldgammelle, Jeg tuiffler ej paa dend Naade høistbete S. herre da beuiste samme folch iou haffuer opmuntterit deris effterkommer at trede i deris foedspord huilche Sees udj gierningen udj bete action udj *trundhiembs* lehn, huor de saa goedvilligen och v-fortrøden haffuer præsenterit och deris vnderdte troschab ladet Erkiende som forbemelt er. Alt dette haffuer ieg wnderstaaed mig saa vitlefftige at beschriffue, udj henseende naar leiligh. falt, HEr. OberSecreterer da som hans Kongl. Ma. tro tienner vilde dette berette (som ei paa tuiffles) huilchet naar

scheer vil ieg vnderdte forhaabe det udj Kongl. Naade optagis saa de folch udj dj Otte Sogner i *gulbrandtzdallen* samt det Sogen *opdal* i trundhiembs lehn nest dennem grendtzende Nyder nogen frihed for saadan deris beuiste tienneste det vat at ønsche hans Kongl. Ma. allernaadigste maatte behauge at Beneficere dennem udj fredtztider for vdschriffning.»

c.

Den eldste bondeskildringa av slaget finn vi i *dølevisa*. Kor gamal denne kan vera, veit vi ikkje med visse. Bygdesogegranskaren soknеprest Olaf Olafsen, som har skrivi den noko ukritiske boka Skottetoget, Molde 1877, trur at visa «rimeligvis er digtet kort efter Slaget af en eller anden Gudbrandsdøl» (s. 23). Og fleire andre som har dryft skottekrigen, slår på det same.[1]) Historikaren Yngvar Nielsen seier om dette spørsmålet i Norges Historie IV[2], Kr.a 1911, s. 106: «Først opstod den folkelige dølevise, som priste bøndernes tapperhed, og over halvtandet hundrede aar senere kom vaageværingen Edvard Storms Sinclairsvise.»[2]) Han held såleis på same tida. Men typisk for uvissa er to ytringar som den landskjende topografen Amund Helland let falla så å seia i same andedraget. I Norges Land og Folk V, Kristians amt II, Kr.a 1913, s. 624 talar han om «den bekjendte dølevise, som vistnok er digtet ikke ret længe efter begivenheden»; men straks før nemner han denne som «en dølevise fra midten af 18de aarhundrede».

Eg kan ikkje finna at dei som meiner visa er dikta like etter slaget, har noko positivt å halda seg til. Det er visst berre lause gissingar; for ingen fører fram noko til stønad for teorien.

Den fyrste prenta oppteikninga, brotstykke, finn ein hjå presten

[1]) T. d. Andreas Austlid: Soga fraa Sinklar og Skottom, Hamar 1879, s. 28 og R. Muus: Skottertoget, Kr.a 1912, s. 24.

[2]) Storms vise vart prenta fyrste gongen i 1782 (Dansk Museum I[1], s. 714). Ho byggjer m. a. på dølevisa, stundom heilt ordrett.

Krag i «Sagn», Chr.a 1838, s. 33. Han talar der om «en gammel Vise, udentvivl digtet af en eller anden Gudbrandsdøl, og som er ældre end Edvard Storms, og hvoraf haves nogle defekte Afskrifter». Historikaren O. A. Øverland, som var så flink til å grava fram gamle dokument og nytta dei i sogebøkene sine, kjenner her berre brot. Han skriv slik om dette i Illustreret Norges Historie IV, Kr.a 1891, s. 215: «Af Visen, der saavidt man kan se gjengiver Traditionen i den Form, hvori den kjendtes ved Aarhundredets Midte, hidsættes de bevarede Stumper.» Han held såleis på tida kring 1650. I slutten på 1700-talet reiste historikaren Gerhard Schøning kring landet og samla tilfang til den planlagde store Noregs-soga si. Han kom til Gudbrandsdal og Kringen i 1775 for å tala med folk og setja seg inn i tilhøva. I manuskriptet skriv han: «Om bemeldte Slag, i Kringelen, er giort en Viise, dog vist ikke, af nogen Mester i Poesien, hvorover jeg ei ansaae det Umagen værdt at lade den afskrive, men nok at udtrække dens Indhold.»[1]) Av det resymeet han gjev, kan vi sjå at her er det tale om den vise vi no kjenner.

Det har lukkast meg å få fram i dagen ei ukjend avskrift frå 1838.[2]) Ho ser ut til å vera om lag heilsleg og for det meste nøktern — utan segner eller overdrivingar — og samsvarar godt med dei eldste meldingane; men sume ord er mistydde og gjev ikkje full meining i samanhengen. Til jamføring tek eg med dei strofane Krag har nytta. Rekkjefylgja hjå han er ikkje som her; for han nyttar einskildstrofar etter som det høver med framstellinga si — nett som Snorre Sturlason i Heimskringla. Avskrifta lyder:

En Gamel vise, Om Skaatters indfald i Norge Aar 1612. Som bleve Feldte i Kringen den 25de Augustii Same Aar.

[1]) Manuskriptet er utgjevi i 1926 av G. F. Gunnersen under titelen: Gerhard Schøning: Reise gjennem Gudbrandsdalen 1775. Sitatet finn ein s. 87.

[2]) Assistent Leif Midthaug, Hamar, som eg sette meg i samband med, kunne minnast at han hadde sett visa i eit gardsarkiv i Heidal. På den måten kom ein på spor etter henne.

1.

Til Romsdalen udi Norges land,
som Ligger ved Skiøe side,
hart i mod den Hvide Sand,
saae Mand de skibe skride,
Lovendes Baade op og Ned,
Holt sig Hofærd at være,
dog maatte Man see et Andet Spiil,
og Hvad det var paae færde.

2.

Ey Anden baglast var der for Haand,
end Vilde Skaatter Alle,
som vare ferdige strax paa stand,
i Riget at Indfalde,
de vare Berustet Hver og en,
til Strid Som Mand kunde finde,
de Norske vilde de gjøre meen
det Havde de i sinde.

3.

De Agtede sig til Sverige ind
de Svenske Bistand at gjøre,
saae ferdige vare de alle i Sind
Mand kunde ey Andet Høre,
der de Havde deres Anker kast,
og monne paae Landet komme,
da monne Mand see hvor det var fat,
de vare ey Alle Fromme.

4.

Man begyndte med stort Rov
paae dem som der hos Boede,
og Ating Bort fra dennem tog,
de gjæster vare ey gode,
dem førte Alt Bort Baade Sølv og Guld,
og hvad som bæst mon være,
der deres Pung var Bleven fuld,
de sagde god Nat sin Herre.[1])

[1]) Etter samtidsdokument er dette ikkje rett. Sjå Norske Samlinger 2, s. 289.

5

Og gave sig strax fra Romdalen
op til Gulbransdalen Alle,
Saae Lystelig var den Skaatte Trop,
det Monne dem vel Befalle,
og mente sig stort Bytte at faae,
og Piger udi Hende,
Gud Lad det ikke dem saae gaae,
mens mone dem straffen sende.

6.

Der Ligger en Klev i Gulbransdalen
som Mand mone Kringen kalde,
der har nu Lagt sig Døler paae Tal,
Hen ved 300 de alle,
de skandser for sig, gjorde Mure,
opreyste Stene mange,
og Laae der Lige som Katten paae Lur
naar Han vilde Musen fange.

Der ligger en Klev i Gudbrandsdal,
Den monne man Kringlen kalde,
Der lagde de Døler sig paa Tal,
Henved femhundrede Alle.
De skandsede for sig og gjorde Muur,
Og reiste Stener mange.
De laage der som Katten paa Luur,
Naar den vil Musen fange.

7.

Der de saae ginge i Orden god,
og viste sig ingen fare,
Mens vare frisk i Sind og mod,
og toge ey vare,
da Lod de Norske strax Høre sig
paae dem saae hart at Bryde,
Lod og Krud skjenkte uden Sviig
og Lod deres Børser Lyde.

8.

Deres Oberst Red i 2det Leed,
og holt sig Saare Prægtig,
Hand blev først Skudt af Hæsten ned,
og var gandske Vandsmægtig
dog Døde han der strax paae stand,
med flere paae de steder
Georg Zinklar Heder Han,
som der blev Lagt i Lige.

Der Oberste red i forreste Led,
Han holdt sig saare prægtig.
Han blev først skudt af Hesten ned,
Og blev strax ganske afmægtig.
Han døde og der strax paa Stand
Med flere paa de Tide.
Georgius Sinclar hedte han,
Som da blev lagt i Lige.

9.

Der Skaatterne det Strax fornam
at noget for dem Mone Være,
sagde en hvær ved seg Qeriel, Iam,
hvad mone her være paae færde,
der tomlede mang en Stolter Hælt,
og Dansed i modt sin Vilie,
Hæst og Mand til Jorden Blev Fælt
saae bød dem Døden undgjelde.

Der tumled' mangen stolter Helt
Og dandsed' imod deres Villie,
Hest og Mand til Jorden blev fældt,
Saa bød dem Dølen til Gilde.

10.

De Kuler saae Tykke fløye
de maate der holde og bie,
der hørtes mangen varl og gny,
og Vekkedes mang en side,
de sveedes mangen Blodig sveed
og blev i Kinder Hvide
de bade der overmaadigste
de kunde ey andet siige.

De Kugler tykke som Hagel fløi,
Mand maatte der holde og bie.
Der hørtes mangen Vraal og Støi,
Ja, værkede mangen Side.
Der svedtes mangen blodig Sved,
De bleve i Kinderne hvide.

11.

Der var da kommen den visse Tiid
gud ville de skulle der blive,
det skeede alt for den Syndige Tid
som de havde gjort i Live,
dem beringes baade Sønder og Nord
det mone de helst fortryde
der skeede paae dem saae ynkkelig et Mord
de mone det selv tilbyde.

De vare omringed' sønder og nord
Det monne de meest fortryde,
Der skeede paa dem et ynkeligt Mord

12.

De gave sig strax ad Klippen op
og vilde de Norske om bringe,
de bleve ned kjørte med Stok og Sten,
og maatte fra Klippen springe,
bort hos den Klippe der Rinder en aae,
de strømme de Rinder saae stride,
en hvær som ikke Landet kunde naae,
han maatte for strømmen drive.

De gave sige strax ad Klippen op;
Død vil' de de Norske bringe,
Men bleve nedkjørte med Steen og Stok,
Og maatte for Klippen springe.
Hart hos den Klippe der rinder en Aae,
De Strømme rinde saa stride.
Enhver, som ikke kan Landet naae,
Han monne for Strømmen drive.

13.

De svømmede baade hid og did,
paae Ryggen som de bæst kunde,
den kunst de havde Lært med fliid
dog dem gaae til Grunde,
der skjødes til dem saae skarpelig,
at Vandet stod om deres Øren,
de maatte blive paa denne stie,
og naadde ey noget at høre.

De svømmede baade hid og did
Paa Ryggen som de og kunde.
Den Konst de havde lært med Flid,
Dog maatte de gaae til Bunde;
De skjøde paa dem ret skarpelig,
At Vandet stod dem om Øre;
De maatte blive paa det Sted
Og naaede ei det Tørre.

14.

Der denne Ramor den Ende fik,
en hvær da gjorde sit bæste,
og Frimodelig paae Markken gik,
at hilde de andre Gjæster,
som de lod førsten fri hengaae,
og der til Overs mone være,
til dem stod nu ald deres adtraae,
de kunde dem ey om bære.

15.

De Raabte alle høyt, vel and
her have vi Frender fleere
os Lyster nu paae denne plan,
mod dem at Tornere,
der Skaatterne dette nu fornam,
Hvad der eftter vilde blive
deres Tolk de sendte hastig frem,
at sige de vilde sig give.

16.

Deres Vaaben de Strax lagde ned,
paae Jorden som de stode,
og bleve gandske bange der ved,
at Norske dem optoge,
der da ingen flere var for Haand,
som de kunde fornæmme
der vilde gjøre nogen mod stand
det monne det ey forglæmme.

17.

At Takke gud saae inderlig,
som dennem frelste af vaade,
fra deres Fienders List og Sviig,
og Tede dem sin Naade,
saae Reiste de strax der i fra
med dem som fangen vare,
til Qvam som ligger ved en Aae,
og gave der som føre.

18.

De Raabte alle hvær og en
de skulle her livet lade,
og vare ikke meget seen
at tage dem af dage,
saae toge de frem de Skaatter Mænd,
og mone paae dennem at skyde,
men det var mange ud af dem
som det ey mone fortryde.

19.

Der Agtes ey Lod og Krud
det Tørres i deres Pande,
saae haart var den Skaatte krop,
det kunde ey Igjennem den gange,
mange for 5 og 6. skud dog mone stande
alle forundrede sig her ved,
det kunde ey Igjennem dem gange.

De agted' ei Lod eller Krud,
Det tørred' i deres Pander,
Saa haard var deres Kjød og Hud,
Det kunde ei gjennem dem gange.

20.

Formedelst List og Troldoms Konst
de havde lært til prikke
hvad mand dem gjorde var omsons,
de mone der ved Vige,
Saae toge de frem de skarpe spyd
og mone til dennem Rende,
der Revnes baade deres kjød og Hud,
og gjorde med dem en Ende.

Formedelst List og Troldomskonst,
Den havde de lært til Prikke,
Hvad man dem gjorde, var omsonst,
De monne ei derved hikke.
Saa toge de til de skarpe Spjud
Og monne til dennem rende,
Da revnede baade Kjød og Hud
Og gjorde med dem en Ende.

21.

De bleve omsider til skottet ført,
de lyster ey her at blive,
med Karl og Hæster strax paae stand
om nogen dem behagde,
de kunde ey Lide den Kaast saa Haard
som Gulbransdalen mone give
Her vanker ey mange Høns og Faar
mens Lod og Krud i Live.

De bleve omsider til Slottet ført,
De lysted' ei her at blive.

De kunde ei lide den Kost saa haard,
Som Gudbrandsdølen mon' give,
Her vanker ei mange Høns og Faar,
Men Lod og Krud udi Live.

22.

Jeg haver det for sanding spurgt
at Sex er bleven døde,
der Dølerne havde dette gjort,
og Lagt Fienden øde,
og Slaget som stod ved en Klev,
og de blev Lagt i Lige,
foruden de der Saaret blev,
som ere faae at sige.

Der Dølene havde dette gjort
Og lagt saa Fienden øde,
Jeg haver det for Sanding spurgt,
At sex er bleven døde
I Slaget, som stod ved den Klev,
Og da blev lagt i Lige,
Foruden de, som saaret blev,
Som ere faa at sige.

23.

Havde du Skaatter hjemme bleven
udi dit fædrenes Rige,
der dit Sølv og Gud fortæret
og ey eftter Andre Eyge,
da havde dig bedre ganget i Haand
ieg kan dig Sanningen sige,
en du kommer til Norges Land,
og blev her Lagt i Lige.

24.

Nu skulde vi der for Takke gud,
som Seyer mone give,
og Holde os eftter hans Villie og Bud,
Mens vi ere her i Live,
og for ingen deel stole paae vor egen magt
og styrkke, Gud kan os snarlig
tage fra naar vi hannem ey frygte.

Ende paa denne Vise
Dovre den 6te Aprilii 1838.
H. A.(gerjordet).

I dei nemnde bøkene til Krag, Olafsen og Øverland står ein strofe som ikkje finst i denne avskrifta. Han må ha sin plass mellom strofe 4 og 5:

Men dette behagede Dølerne ei,
At de saa skulde drage
Gjennem den lange og trange Vei,
Og gjøre Landet Umage.

Dessutan har viseavskrifta ingen parallell til dette, som ein finn i segnsamlinga til Krag:

Dog af de Fangne beholdne blev
jeg veed paa een nær tyve,
Blandt dennem to Capitainer gik,
Jeg vil det ikke lyve.
Den ene Capitain Bryts ved Navn,
Den anden Capitain Ramse.

Rekkjefylgja og strofeinndelinga kan ymsa noko hjå dei ulike utgjevarane. Det same gjeld einskilde ord, som anten kan vera mistydde, misskrivne eller misprenta. Krags bok er kjelda for alle dei prenta tekstene; men hans attgjeving og avskrifta til H. A(gerjordet) har same opphavet, ei skriven tekst, som vi no ikkje kjenner. Krag har skjøna visa best og skrivi ho rettast av.

Etter målføringa er det uråd å tidfesta visa heilt visst. Eg trur helst ho er litt eldre enn 1700. Det var atterklang av folkevisa hjå fleire i den tid. Ein kan snautt peika ut noko ord som ikkje finst i Holbergs tid. Ordlaget 'legge i Lige' er snarare 1600-tals enn 1700-tals mål. Presten Krag og andre har truleg avskrift av andre avskrifter; ord og former kan så ha vorti moderniserte.

Det har vori vanleg å rekna med at ein gudbrandsdøl har laga visa. Ein veit ikkje noko visst om det; men teorien er rimeleg. Visse detaljkunnskapar peikar i den lei. Ord som 'Klev' og 'Døler' ville ein framand truleg ikkje ha nytta.

d.

I Vågå kallsbok har presten Anders Munch skrivi slik i 1731: «Anno 1612 blev Oberste Jørgen Zinchel, da han kom fra Romsdalen med 900 Mand, for at conjungere sig med de Svenske, som laae ved Baare Kirke (d. e. Borge Kirke i Smaalenene) overfaldet af Bønderne udi Kringelen og totaliter slagne med alle sine, undtagen hans Frue, og 3 Haandværksfolk, som Bønderne havde nødig.»[1])

e.

I 1775 var historikaren Gerhard Schøning på plassen for å setja seg inn i tilhøva. Resultatet av etterrøkinga gjev han att slik:

«Men vi komme til *Kringelen* igien, og til den Aº 1612 forefaldende Affaire, der kan tiene til Beviis, at den Ild og Varme, det Mood og den Tapperhed, som giorde de Norske, i gamle Dage, til en Skræk, næsten for heele Europa, endnu ulmer i de Norske Bønders Brøst. Thi her var det, at en Flok uøvede Bønder, uden Ordre, men af eegen Drivt, uden Anførsel, af militaire, eller forfarne Officerer, anførte alleene, af Stedets Foged, og endeel Bonde-Lænsmænd, nedlagde et langt stærkere Corps, af gamle veløvede Scottske Soldater, som havde en Oberste, i Spidsen for sig. Man maae tilstaae, at neppe noget beqvemmere Sted kunde vælges, til uformodentlig og med Fordeel at overrumple en Fiende. Men dette viiser dog Conduite og Overlæg. Bemeldte Corps Skoter, som her bleve slagne, var ellers det samme, som gik til Skibs, ind ad Romsdals Fiord, hvorom tilforn er berettet, for at tage Veien derfra, over Land, til det Søndenfiældske. Her havde man vel sat sig, at angribe dem, i de saa kaldte *Biørne-Kleive:* men dertil blev man ei betids færdig, eller man ansaae sig for at være for svag;

[1]) Her sitert etter Krag: Sagn, s. 13. Andreas Faye har teki det med i andre utgåva av segnsamlinga si, Norske Folke-Sagn, 1844, s. 192 f.

man tænkte, at giøre det samme, naar Skoterne skulde marschere over for omtalte *Dofre Ruste:* men dertil kunde Almuen fra omliggende Sogne ei hastigt nok samles, eller andre Hindringer vare i Veien.

Skoterne, som Almuen her ansaae for uchristne, Hedninger og Troldmænd, marscherede derfor ubehindrede frem, op igiennem *Romsdalen*, igiennem *Hlesje* og *Dofre* og over *Rusten*, frem til *Breide-Bygden* og *Kringelen*, og man troede sig ei at være i Stand til at binde an, med saadanne Karle, allerhelst da de, som berettes, havde en Mester i Troldoms Kunsten, til Forløber, der kunde lugte, hvor Nogen laae paa Luur, eller i Veien for hans Cammerader, skiønt Almuen blev alt meere og meere bragt i Allarm, da Scoterne, under deres Marsch, plyndrede Huusene og opbrøde Stabburerne, hvor Almuen havde saavel sin Proviant, som andre bedste Sager forvarede.

Herover samlede Almuen sig, norden fra, af *Hlæsje* og *Vaage*-Prestegiælde; sønden fra, af *Froens* og *Øyers* Giælde, til forbenævnte Kringelen, og her satte man sig i Positur til at angribe Fienden, som mistede bemeldte sin Forløber, paa Sæll, hvor han af en Bonde, blev skudt, igiennem *Liøret* eller Taget paa et Huus. Til den Ende havde Almuen, fra bemeldte Giælde, i bemeldte trange Passage, et kort Støkke oven for Veien anlagt en Forskandsning, eller et Brøstværn, af Steen, bag hvilket Bønderne posterede sig, for der at oppebie Skoternes Ankomst.

Her er der næsten steile og meget høie Biærge-Siide, paa den eene, den bratte og høie Elve-Mæl, paa den anden Siide, et Sted, hvor Angrebet syntes at kunne skee med best Eftertryk. Men for ret at passe den dertil beqvemme Tiid, og for ret at viide Fiendens Ankomst, og for at fatte ham i Midten, havde man klogelig nok føiet den Anstalt, at en af Bønderne, som til den Ende havde sat sig, paa hiin Siide Elven, skulde, naar han blev Skoternes Ankomst vaer, riide jævnsiides for Midten af deres fremrøkkende Trop, og standse, naar han saae, at de vare komne neden for bemeldte Forskandsning, saa at den eene halve Deel af dem var sønden, den anden halve

Deel norden for den. Paa det man kunde blive ham desto bedre vaer, reed bemeldte Bonde paa en graae eller hvid Hest.

Saa snart bemeldte Signal var givet, giorde de i Forskandsningen liggende Bønder Angreeb med Bøsser, Steene, Stokke. Skoterne, som her ingen anden Redning saae for sig, søgte vel at opleede dens Fiende, af hvilken de bleve angrebne; men de dem mødende Kugler, med de Stokke og Steene, som bleve nedveltede ovenfra, og nedsloge heele Skarer af dem, giorde alle deres Forsøg til intet. De bleve nedlagde, de gudbrandsdalske Bønder beholdte Seieren, og paa det Sted, hvor Angrebet skeede, blev opsat et Mindes-Tegn, en Tavle, som er fornyet i de seenere Tiider, og derpaa sat følgende Opskrivt:

«Mod, Troskab, Tapperhed, og hvad som giver Ære,
«den heele Verden kan blandt Norske Klipper, lære,
« En Prøve, er der seed, af saadan Tapperhed,
« Blandt Klipperne i Nord, ret just paa dette Sted,
«Et velbevæbnet Corps af nogle hundred Scotter
«Her bleve knusede, fast ligesom Leer-Potter.
« De fandt, at Tapperhed, med Troskab og med Mod,
« I Gudbrandsdølens Brøst, i fulde esse stod.
«*Georg von Zinclair*, som var Scotternes Anfører,
«han tænkte ved sig selv, mig her slet ingen rører.
« Men see! et lidet Tall af Bønder for ham var,
« Som hannem Dødsens Bud af Krud og Kugler bar.
«Vor nordiske Monarch Kong *Christian den Siette*
«til Ære paa hans Vei vi have opsat dette.
« For ham vi reede er, at vove Blod og Liv
« Indtil vor Aand gaaer ud, og Kroppen ligger stiv.

«1612 d. 24 Aug. blev 600 Mænd Scotter her slagne, af et mindre «Tal af Bønder, af Lessø, Vaage, Froen og Ringeboe Sogne.»

Stedet, hvor denne Tavle staaer, ligger 1½ Miil sønden for Olstad, paa Sæll, men ½ (Mil) norden for *Sandbo*.

Om bemeldte Slag, i Kringelen, er giort en Viise, dog vist ikke, af nogen Mester i Poesien, hvorover jeg ei ansaae det Umagen værdt at lade den afskrive, men nok at udtrække dens Indhold. I dette berettes, at de Norske lode 100de (eller et Compagnie omtrent af Skoterne) passere, Kringelen forbi, til den næst derved, paa søndre Siide beliggende Gaard Soolhæim (der ligger omtrent, liige overfor den gaard *Breiden*, der staaer paa den vestre Siide af Elven) førend Bønderne giorde Angrebet. (Ventelig har bemeldte Compagni været Scoternes Avant-guarde).[1])

Viidere berettes, at Scoterne søgte op ad Biærget, til de Norske, men bleve drevne tilbage, med Steene og Stokke; at efterat disse vare nedlagde, gave hine, der stode under Soolheim, sig til Fanger; men bleve, for den største Deel, tagne af Dage,[1]) deriblandt endeel, som kunde giøre sig haarde, som man kalder det, saa at man maatte rende dem igiennem med Pikke, efterat man 6 til 7 Gange havde skudt paa dem, uden at de derved fulde. 2 Gange 20 (eller 40) bleve derover kun i Live, med 2de Capitainer, som kaldes *Bryst* og *Ranse* (mueligt retter *Bryske* og *Ramsey)*, hvilke bleve sendte, som Fanger, til Aggerhuus Slot.[1])

De gudbrandsdalske Bønders Antall berettes her at have været henved 500de. Skoterne giøre endeel 1200 Mænd stærke; men af andre nedsættes deres Tall til 900de. En Hob, til deres Nederlag, giorde vel det Tilfælde, at deres Oberste og Anfører *Sinclair*, strax i Begyndelse af Træfningen, blev skudt af en Bonde, hvilken man beretter, af *Sinclairs* Frue, som var tilstæde, og saae sin Mands Fald, at være bleven giennemstødt med en stor *Dolk*, som endnu er i General-Maj. v. *Krogens* Gæmme, i Throndhjem, og som jeg har ladet aftegne.

Som endeel berette, skal bemeldte Frue, med hendes spæde Barn, have været blandt dem, som bleve sendte til Aggershus, hvorfra hun fik Frihed til at gaae hjem igien til Skotland. Dette vil jeg troe at være det retteste; men en anden Sagn siger, at hun, af de

[1]) Dette siste står ikkje i visa no. Schøning må byggja på munnleg tradisjon eller bortkomne strofar.

fulde Bønder, blev saalænge dandset omkring med, at hun deraf døde; liigesom der fortælles, at de paa andre Maader skulle have mishandlet de Fangne, deels ved at bruge dem til Maal, hvorefter de for Lyst skiøde (kan være, at de drukne Bønder da have meere end eengang skudt feil, og deraf bildet sig ind, at Skoterne, hvilke de ansaae for Troldmænd, kunde giøre sig haarde), deels ved at bruge Fangerne som Slaver, eller som Bæster, og siden skyde dem ihjel.

Jeg vil troe, at dette Rygte er falskt, skiønt man har Anledning til at frygte, at noget deri kan være sandt, deels i Betragtning af den endnu i de Tiider vedvarende barbariske Maade, at føre Krig paa, deels i Hensigt til hvad en til sig selv overladt, samt af en nye, en uventet Seier og Lykke, ei mindre, end af stærk Drik ravende eller oprørt Almue kan være i Stand til at foretage sig. Som endeel berette, skal Bønderne ei have ladet nogen leve, da de ei vidste, hvorledes de skulde forvare Fangerne, undtagen Sinclairs Frue, og en Glasmester, som de trængte meget til, ag af hvis Arbeide endnu skulle findes Vinduer, baade paa Sæll, og i Vaage.» (Reise, s. 85—88.)

f.

Presten H. P. S. Krag i Vågå har skrivi utførleg om hendinga. Han fører fram både historie og folketradisjon. Då utgreiinga hans fekk mykje å seia for synet i ettertida, må eg ta med eit større utdrag frå denne boka:

«Bønderne begave sig derpaa sydefter 1½ Miil, og standsede endelig ved *Kringlen*, hvor de besluttede at oppebie og angribe Skotterne. Stedet ligger i *Bredenbygd* i Sels Annex, Vaage Præstegjeld, og er en Bjergskraaning, hvorover Veien gaaer. Ved Foden af denne Skraaning, som paa flere Steder er overmaade brat, rinder Laagen. Veien var dengang kun en smal Sti eller Ridevei, men er siden bleven forandret og udvidet til en Hovedvei. Terrainet er ellers siden 1612 bleven noget forandret, især ved Jordskred i 1789,

hvorved det er blevet mindre brat. Ogsaa mere Skov var der da end nu. Stedets Navn skrives almindeligst Kringlen, under hvilken Benævnelse det ogsaa er bleven meest bekjendt; i Almuesproget derimod kaldes Stedet: *Kringom* eller *Høg-Kringom*.

De Bønder, som her havde samlet sig, vare fra *Vaage, Lessø, Froen* og *Ringebo*. Saavel Slange som Edv. Storm beretter, at ogsaa Bønder fra *Lom* vare med, og muligt er det, at Nogle, maaskee fra Loms Annex *Garmo*, også vare med, men efter et Sagn, der er meget almindeligt, selv paa Lom, skulle *Lomværingerne* vel have samlet sig, og begave sig ogsaa paa Marschen, men kom dog ikke til at deeltage i Slaget. Den søndre og største Deel af Almuen i *Skjager Annex* gik nemlig over *Findalsfjeldene* og ned igjennem *Vaage*, for at binde an med Fienden, men kom for seent. De af *Loms Hovedsogn*, og af den nordre Deel af *Skjager* vare vel ogsaa komne et Stykke paa Veien, nemlig til en, ½ Miil i Øst for Loms Hovedkirke, beliggende Bakke i Nærheden af Gaarden *Graffer;* men her begyndte de at raadslaae, om hvad de skulde gjøre, og Udfaldet blev, at de vendte tilbage, hver hjem til Sit, paa "*Skjelqvalegutternes*" Raad, og især paa Grund af den Forestilling: at Skotterne saa alligevel ikke kom til Lom, og at altsaa Sagen ikke kom dem ved. Denne Bakke, hvor de saaledes holdte Raad, kaldes endnu den Dag i Dag *Raadsbakken*. (merknad: Raadsbakken ligger omtrent 5½ Miil fra Kringlen. Lomværingerne faae endnu ofte høre ilde af de øvrige Gudbrandsdøler, fordi de vendte tilbage fra Raadsbakken.). Foruden de Bønder, som laae forsamlede i Kringlen, havde *Gusdals* og *Øiers* Almuer taget Plads i den forhen nævnte *Bægilsklev* (eller Bæggersklev) i *Ringebo*, omtrent 5 Mile søndenfor Kringlen, under Anførsel af Gudbrandsdalens Foged, *Laurits* eller *Lars Gram*, der boede paa Gaarden *Steig* i *Froen*. Denne Position var formodentlig bleven valgt for det Tilfælde, at Skotterne skulde undgaae Bønderne nordenfor. Disse sidste anførtes af *Laurits Hage*, Lensmand paa *Dovre* (i Lessøe?), og *Peder Randklev*, Lensmand i *Ringeboe*, ligesom også Nogle vil, at *Guldbrand Sejelstad* fra samme Sogn skal have været en af Anførerne.

Her ved *Kringlen* beredede nu Bønderne sig til at modtage Sinclar og hans Skotter. Disse havde imidlertid, som før sagt, taget til Fjelds, for at undgaae *Rosten*, og vare komne ned ad *Horgenlien* til *Nordre-Sel*, og toge der Qvarteer om Natten, efterat Bønderne om Morgenen vare dragne derfra. Sinclar laa paa *Romundgaard*, og endnu haves Levninger af den Stue, han var i, og benyttes den nu til Lade. Bønderne i Nordre-Sel havde bundet Oxer til Gjerderne, for at ikke Fienden skulde afbrænde deres Gaarde. Nogle sige, at Skotterne laae over paa Sel een Dag førend de droge videre. 'Nu er Begyndelsen til Velstand, skal Sinclar der have sagt til sine Folk, ude paa Hedemarken skal det blive endnu bedre'. Om Morgenen, før han brød op fra Sel, nogle Timer før Slaget ved Kringlen stod, skal han have afbrændt Krudt i sin Haand, for at erfare, om Toget vilde blive lykkeligt. Da Røgen slog ind imod hans Bryst, skal han have sagt: 'I Dag lider jeg Skade paa mine Folk, hvor stor den saa end kan blive'. I Følge med Sinclar var en 'Veirløber' eller 'Støver'; Andre kalde ham en 'Værkalv', Andre en 'Vildtyrk' eller 'Tryntyrk', som havde den Egenskab, at han 'som en Jagthund kunde opdage Fienden'. Han havde Veir (Lugt), sige de, af 'christent Blod'. Ligeledes fortælles om ham, at det Tykke af hans Been var borttaget, for at han skulde kunne løbe med desto mere Lethed. Denne 'Veirløber' blev skudt samme Morgen paa Gaarden *Ødegaarden*. En aldrende Tjenestekarl var nemlig her bleven tilbage, for at see, hvad Fienden vilde tage sig for, og havde skjult sig med sin 'Hornkreik' (Staalbue) i en Hampeager, og en anden Karl var ogsaa bleven igjen og havde stillet sig ved en Ovnspibe, for at give Skytten Signal. Veirløberen kom, efterat han i en Melkebod havde drukket suur Melk. Baade den sure Melk og Hampens Lugt, hedder det, hindrede nu Veirløberens Næse fra at opdage den Skjulte, hvis sikkre Skud strakte ham til Jorden, saa den sure Melk 'sprøitede ud af ham'. En lignende 'Vildtyrk' var, som før omtalt, bleven skudt i Romsdalen. Det var, siger Sagnet, en Lykke for Bønderne, at disse 'Vildtyrker' bleve skudte, da de vare farlige Speidere. Sandsynligt er det, at

disse 'Veirløbere' ikke have været andet end Sinclars Sporhunde, hvilket man maa formode baade af Beskrivelsen, og af at der fortælles om den, der blev skudt paa Ødegaarden, at den løb om paa Ageren og gjøede.

Skotterne brøde da op fra Sel. Det var den *26de August 1612*, en Dag, som er bleven saa mindeværdig i Gudbrandsdalens Historie. Det var en Onsdag. Under Krigsmusik marscherede den hele Skottehær sydefter. Da Nogle af dem hørte Børneskrig fra Fjeldene, hvor Mødrene vare flygtede hen, skal de spottende have sagt: 'hør Troldkattene, hvor de skrige; naar vi komme igjen, skal vi besøge dem'. Men snart skulde deres Spot forstumme og deres Musik lyde for sidste Gang, og det unge Blod, som nu flød i Aarene, skulde om faa Øieblikke farve Kringlens Klippeside og Laagens graalige Vand. Skridt for Skridt nærmede de sig det Sted, hvor saa hurtig og sørgelig deres Felttog skulde endes. Bønderne ved Kringlen ventede paa dem. Disse havde her paa beqvemme Steder ovenfor Veien opført svære Forskandsninger, et Slags Gilderværk af Steen og Tømmer. Det Sidste blev lagt paa 'Slæber', sammenholdt med Toug og understøttet ved Støtter, saaledes, at naar Tougene huggedes over, og Støtterne toges bort, vilde Stokke og Stene rulle ned over den hele Fjeldskraaning. Hensigten var at lade dette Faldværk styrte ut, naar Fienden kom nedenunder, og derpaa at anfalde de Tiloversblivende med Vaaben i Haand. Den hele Steen- og Tømmerlægning tilligemed de Bønder, som toge deres Plads bag denne frygtelige Barrikade, blev skjult af Løv- og Furretræer, saa at det Hele saae ud som en lille Skov. En liden Hob af Bønderne lagde sig i Skjul et Stykke nordenfor, og skulde, naar de fik høre Larmen af Striden, begive sig ned i Veien, og hindre Fienden fra at flygte tilbage. Bønderne nedhuggede ogsaa store Træer, og indrettede deraf spanske Ryttere til at vælte foran og bag Fienden paa hans trange Vei, for saaledes at indestænge ham, og hindre ham fra at komme baade frem og tilbage. I en gammel Vise, udentvivl digtet af en eller anden Gudbrandsdøl, og som er ældre end

Edvard Storms, og hvoraf haves nogle defekte Afskrifter, staaer om Bøndernes Stilling:

«Der ligger en Klev i Gudbrandsdal,
Den monne man Kringlen kalde,
Der lagde de Døler sig paa Tal,
Henved femhundrede Alle.
De skandsede for sig og gjorde Muur,
Og reiste Stener mange.
De laage der som Katten paa Luur,
Naar den vil Musen fange.»

For at underrette sig om, hvorlangt Skotterne vare komne, og deraf slutte sig til, omtrent naar de kunde vente dem, udsendte de, fortæller Sagnet, en Bonde ved Navn *Audon Skjenna* af Sel, for at speide. Han kom lige til Gaarden Skjenna, og saae Sinclar paa Voldene udfor denne Gaard mønstre sine Folk; da han derefter saae dem passere over *Laurbroen*, en Bro, som da laae over Laagen tæt nordenfor *Ulen-Elv*, skyndte han sig tilbage. Skotterne fik dog Øie paa ham, og skal have raabt: 'See den Buren, hvor han trækker paa en Pert'. Det gjaldt om for Bønderne at bortlede Fiendens Opmærksomhed fra deres Baghold, og at faae vide, naar Fiendens Hovedstyrke var nedenfor dem; thi da var deres Tid at begynde Slaget. For at tilkjendegive dette Sidste blev det overdraget til en af Bønderne, at holde sig paa en Ø i Laagen, *Storøen* kaldet, og der, ridende paa en hvid Hest udenfor Fiendens Skudvidde, holde Linie med dennes Hovedstyrke eller med Spidsen af samme, og, naar denne var kommen til et aftalt Punkt, tilkjendegive dette ved pludselig at vende om. For at bidrage Sit til at bortlede Fiendens Opmærksomhed skal han, sige Nogle, have sat sig baglænds paa Hesten; andre sige, at han i hiin Hensigt havde bundet et stort rødt Tørklæde om Halsen og nedover Brystet paa sin hvide Hest. Ogsaa andre Foranstaltninger vare føiede, for at bortvende Skotternes Opmærksomhed. Efter Raad af *Arne Nedre-Gunstad* fra *Ringebo* bleve nemlig af det Mandskab, som mødte frem, de mindre dygtige opstillede paa bemeldte *Storøen*, for at de skulle narre

Fienden med et blindt Angreb, og derved trække hans Opmærksomhed bort fra det Sted, hvor den egentlige Bondehær laa. Videre lode de en Pige, ved Navn Guri, almindelig kaldet *Pillar-Guri*, som godt kunde blæse i Stut eller Horn, tage Plads paa en Fjeldpynt, *Seljordskampen*, paa den vestre Side af Laagen, hvorfra hun nøie kunde see den omliggende Egn og den fremrykkende Fiende. Naar Massen af Fienden var kommen til et mellem hende og Bønderne aftalt Sted, skulde hun lyde i Hornet, for at vende Fiendens Opmærksomhed mod den Kant, hun var, som var modsat af Bondehæren, og tillige give Bønderne, som fra deres Baghold ikke kunde see Fienden, Tegn om, hvor langt den var rykket frem. Der fortælles og, at hun ligeledes efter Aftale med Bønderne holdt hængende ned for sig et hvidt langt Haandklæde, som hun skulde slynge flere Gange om Armen, og saaledes til Tegn for Bønderne forkorte, efterhaanden som Fienden nærmede sig.

Nu kom Skotterne. Deres Fortrop 60, efter Andre 100 Mand, som marscherede et Stykke forud, passerede uantastet forbi. Pigen paa Fjeldtoppen blæste ikke, men ventede paa Hovedstyrken. Besynderligt er det, at denne Fortrop Intet mærkede til Bønderne. Derpaa kom Skotternes Hovedafdeling, men Bønderne holdte sig endnu rolige, hver færdig paa sin Post. Iblandt dem var ogsaa *Berdon* eller *Bardum Sejelstad* fra *Ringebo*, der tilligemed 2 andre duelige Skyttere var af en af Anførerne bleven udvalgt til at lægge an paa Sinclar selv, og havde Berdon betinget sig, at Ingen maatte skyde før ham. Skotterne formodede Bondehæren længere foran sig, ventede intet Angreb her, nærmede sig derfor trygge og vare 'muntre'. Da de vare komne nær nok, hørte de Pigen fra hendes Fjeldpynt spille. Skotterne standsede og lyttede til de usædvanlige og melankolske Toner. Sinclars Musikchor svarede hende derpaa med en Marsch. Atter spillede Pigen de samme Toner, og Skotterne svarede hende anden Gang. (Merkn.: Baade det, Pigen spillede, og Skotternes Marsch haves endnu af Bygdens Spillemænd, skjøndt rimeligviis, især den sidste, forvansket. Begge Dele, udsatte for Claveer, findes i Steentryk tilføiede nærværende

Afhandling. Maaskee der i Sinclars Marsch findes Grundtonerne til den rette, og muligt er det, at man i Skotland kunde faae den ægte sinclarske Marsch). Derpaa begyndte Angrebet fra Øen. Der faldt flere Skud, men ingen Kugle naaede frem. Atter blev en Salve og flere Salver givet, men med samme Virkning, og Skotterne loe til dette, som de troede, feige Angreb, og løftede til Spot deres Huer af for hver Salve; men pludselig gaves Signalet for de skjulte Bønder og Scenen forandredes. Steen- og Tømmervælterne styrtede nu ned, i det tillige i samme Stund *Sinclar* falder for det første Skud. *Berdon Sejelstad* havde bag nogle Grantræer taget Sigte paa ham, og da Sinclar var anseet for en vældig og tapper Krigsmand, der kunde frie sig for Skud, havde *Berdon*, for at være, som han troede, sikkrere i sin Sag, taget sin Sølvhalsknap, tygget den sammen og med den ladet sit Gevær. (Merknad: Den Overtro, at Folk af udmærket Tapperhed kunde frie sig for Skud, og at det ikke nyttede at bruge Blyekugler mod dem, men at Sølv maatte til, findes tildeels endnu, og er eller har været almindelig i mange andre Lande). Nogle sige og, at det klikkede for ham første Gang. Skuddet skal have truffet Sinclar oppe i Panden, strax ovenfor det venstre Øie. I det han faldt, skal han have raabt: 'dette er Berdon Sejelstads Hage'. Det Sted, hvor han faldt, vises endnu og kaldes *'Sinclars-Dokken'*. Øieblikkelig efterat Obersten var falden, gik det ud over de Andre, og Bønderne styrtede frem med Mod og Hurtighed, udbredende Skræk og Død ved at skyde med Rifle og hugge med Øxe. Skotternes Stilling var høist mislig; thi det trange Pas, hvori de vare sammentrængte og Bjergets Skraaning, hvor de stode, tilstedede ingen Slagorden. Norden- sønden- og ovenfor rasede Bønderne løs paa dem. I den før ommeldte Vise staaer:

«De vare omringed' sønder og nord
Det monne de meest fortryde,
Der skeede paa dem et ynkeligt Mord.»
— — —

De løbe vel opad Fjeldet, for at binde an, men stødtes ned. 'Hvilke af dem, som ikke bleve skudte, haver givet sig udi Elven sig at salvere, og der bleve druknede, og hvilke af dem levende over Elven kom, bleve dog af Bønderne paa samme Side strax ihjelslagne' (Kruses Indberetning).

I Dølevisen staaer om Slaget endvidere:

«Der Oberste red i forreste Led,
Han holdt sig saare prægtig.
Han blev først skudt af Hesten ned,
Og blev strax ganske afmægtig.
Han døde og der strax paa Stand
Med flere paa de Tide.
Georgius Sinclar hedte han,
Som da blev lagt i Lige.

Der tumled' mangen stolter Helt
Og dandsed' imod deres Villie,
Hest og Mand til Jorden blev fældt,
Saa bød dem Dølen til Gilde.

De Kugler tykke som Hagel fløi,
Mand maatte der holde og bie.
Der hørtes mangen Vraal og Støi,
Ja, værkede mangen Side.
Der svedtes mangen blodig Sved,
De bleve i Kinderne hvide.
— — — —
— — — —

De gave sig strax ad Klippen op;
Død vil' de de Norske bringe,
Men bleve nedkjørte med Steen og Stok,
Og maatte for Klippen springe.
Hart hos den Klippe der rinder en Aae,
De Strømme rinde saa stride.
Enhver, som ikke kan Landet naae,
Han monne for Strømmen drive.

De svømmede baade hid og did
Paa Ryggen som de og kunde.
Den Konst de havde lært med Flid,
Dog maatte de gaae til Bunde;
De skjøde paa dem ret skarpelig,
At Vandet stod dem om Øre;
De maatte blive paa det Sted
Og naaede ei det Tørre.»

Pigen oppe paa Fjeldtinden vedblev under Slaget at spille, indtil hun saae Laagen farvet af Blod. Da kastede hun Stuten (Hornet) over sit Hoved, gik bort og omvexlede sin Sang med Graad. Ogsaa *Sinclars* Kone, sige Nogle, omkom i Slaget tilligemed sit Barn. Efter Sagnet var *Kjel Fjerdingreen* af *Hedalen*, Annex til *Vaage*, da de Andre gik i Kampen, bleven overtalt af sin Kjæreste, som anede en Ulykke, at blive tilbage; men da hun fik høre, at Sinclar havde sin Kone med, og at denne førte med sig et nyfødt Barn, blev hun urolig for dette, og saameget hun før havde bedet ham blive tilbage, saameget bad hun ham nu gaae med, ikke for at deeltage i Kampens Blodbad, men for, om muligt, at redde Barnet. 'Ikke faaer Du mig, Kjel! skal hun have sagt, før Du har reddet Barnet'. Han gik derfor med. Under Slagets Tummel styrtede Kjel frem, for at opfylde sin Kjærestes vakre Bøn. Barnet var nylig rammet af en Kugle. Kjel fandt Fru Sinclar, som var ude af sig selv af Sorg, tilhest og tørrende Blodet af Barnet. Idet han vilde tage det — Andre sige, at det var faldet fra hende, da hun i Forskrækkelsen havde sluppet det, og at Kjel greb det og rakte hende det — troede hun, at han vilde skade det, og dreven af Skræk og Moderfølelse stødte hun en Flus, som hun havde i Haanden, i sin Velgjørers Bryst. Andre sige, at hun trykkede Dolken i ham igjennem Ryggen, i det han ludede sig, for at tage Barnet. En af Kjels Følge skal derpaa have skudt Fruen af Hesten, og siden skal hun være seet som Lig i Laagen. Andre sige, at Bønderne styrtede hende i Laagen, da de antoge hende for en Hex, og at hun der sad og aftørrede Blodet af sit Barn, og at Laagen bar hende et langt Stykke, før hun omkom. Da Barnet blev dræbt, og før hun

blev Bølgernes Rov, skal hun af Fortvivlelse, Andre sige af Haan, have istemt en vild Sang. Det Sted, hvor hun nogle Øieblikke holdtes oppe paa Vandet, siges at være strax ud for den nordligste Bakke i Kringlen. Andre sige, at hun siden var blandt de Fangne, og at hendes Liv blev sparet. I Vaage Kaldsbog er anført, at hun beholdt Livet. Fra noget nord for denne Bakke til et Stykke syd for det Høieste af Kringlen, hvor Træstøtten staaer, har formodentlig Slaget staaet. Ifølge Kruses Indberetning varede det i halvanden Time. Da Kampen var endt og Seieren vunden, satte Bønderne efter Fortroppen, som de først havde ladet uhindret passere. Denne Trop havde taget Flugten fremad, da den fornam Nederlaget paa de Øvrige; men indhentedes paa en Slette ved Gaarden *Solhjem*, et Stykke søndenfor Kringlen. Da Bønderne kom stormende med Skriget: 'Falder an, falder an, her har vi flere', og Skotterne indsaae, 'hvad deraf vilde flyde', sendte de strax deres Tolk frem og sagde, at de vilde give sig tilfange. De nedlagde derpaa deres Vaaben, men da de saae, at Bønderne ikke vare saa mange som de først tænkte, toge de Vaabnene op igjen, og vilde slaae sig igjennem; men nu bleve de saaledes modtagne, at de Alle bleve deels skudte eller nedhuggede, deels fangne. Veiviseren *Peder Klognæs* var blandt Fortroppen og havde nær deelt Skjebne med dem; men på Raabet: 'Jeg er Peder Klognæs, jeg er da Peder Klognæs og er af Eders eget Folk', undgik han den, og kom siden lykkelig tilbage til sit Hjem i Romsdalen.

Størrelsen af Bondehæren, som sloges ved Kringlen, udgjorde mellem 400 til 500 Mand, hvoraf sex faldt og nogle Faa bleve saarede, efter hvad der staaer i Dølevisen:

«Der Dølene havde dette gjort
Og lagt saa Fienden øde,
Jeg haver det for Sanding spurgt,
At sex er bleven døde
I Slaget, som stod ved den Klev,
Og da blev lagt i Lige,
Foruden de, som saaret blev,
Som ere faa at sige.»

Bønderne reiste derpaa strax derfra med de Fangne til *Qvam*, Annex til Froen. Efter denne nyligen indlagte Hæder begik Bønderne Dagen efter en Blodgjerning, som Dalens Beboere nu med Afsky omtale og ønske var ugjort. 'De Fornemste af dem, som der vare tilstede', vilde vel, at de Fangne, som de havde indestængt i en Lade paa Gaarden *Klomstad*, skulde alle føres til Agershuus,

«Men dette behagede Dølerne ei,
At de saa skulde drage
Gjennem den lange og trange Vei,
Og gjøre Landet Umage.»

Mængden raabte, at de Alle der skulle lade Livet, hvorpaa de — saa stor var den almindelige Forbittrelse — udtoge dem af Laden Mand for Mand og skjøde dem paa 18 eller nogle flere nær. Fem eller sex, som Skuddene 'formedelst Troldomskonst', hedder det, 'ikke bede paa', bleve stukne ihjel med Spyd. I Dølevisen staaer:

«De agted' ei Lod eller Krud,
Det tørred' i deres Pander,
Saa haard var deres Kjød og Hud,
Det kunde ei gjennem dem gange.

Formedelst List og Troldomskonst,
Den havde de lært til Prikke,
Hvad man dem gjorde, var omsonst,
De monne ei derved hikke.
Saa toge de til de skarpe Spjud
Og monne til dennem rende,
Da revnede baade Kjød og Hud
Og gjorde med dem en Ende.

Dog af de Fangne beholdne blev
Jeg veed paa een nær tyve,
Blandt dennem to Capitainer gik,
Jeg vil det ikke lyve.
Den ene Capitain Bryts ved Navn,
Den anden Capitain Ramse.

— — — —
— — — —
«De bleve omsider til Slottet ført,
De lysted' ei her at blive.
— — — —
— — — —

De kunde ei lide den Kost saa haard,
Som Gudbrandsdølen mon' give,
Her vanker ei mange Høns og Faar,
Men Lod og Krud udi Live.»

(Sagn, s. 27—45.)

2. Dryfting.

a. Velta.

I 1831 skriv Andreas Faye i læreboka si Norges Historie, at skottane, som skulle vera om lag 900 mann, «af Bønderne pludselig bleve overfaldne, og nedsablede eller styrtede i den forbirindende Elv». Han nemner at dølane hadde mange *segner* om dette, men bryr seg ikkje meir om dei. Faye skil såleis tydeleg mellom historiske fakta og uvisse overleveringar. Talet på skottane er for stort hjå honom; men her stødde han seg til eldre kjelder, innskriftene på tavlene.

To år etter, i 1833, kom *segnsamlinga* hans, Norske Sagn. Det er berre rimeleg at han der tok med folketradisjonen i dalen. Faye samla inn mykje av tilfanget sitt gjennom brevskifte og gav det att i bokleg form. Kringen-tradisjonen vert fortald slik: «Paa det steile Fjeld, der ganske behersker den under samme sig slyngende Vei, samlede de sammen store Stene, Træstammer og andre Ting, som de kunde rulle ned paa Fienden, naar han kom ind i Fælden»; og bøndene «rullede Stene og Træer ned paa de forfærdede og raadvilde Scotter, der deels bleve knuste, deels nedsablede og skudte, deels styrtede i den forbistrømmende Laugen» (s. 204).

I 1834 kom hans Udtog af Norges Riges Historie; men han

tok ikkje med noko av dette, endå han sjølvsagt nemner den vidgjetne hendinga. Faye kan såleis ikkje ha rekna dette for soge.

Same året — 1834 — gav Henrik Wergeland ut si Norges Historie, og der skriv han s. 68: «Sammenpressede mellem den rivende *Laug* og Bratfjeldet styrtedes Gelederne af Steen- og Tømmer-vælter i Strømmen. Øxer og Rifler gjorde Resten».[1]) Noko meir fortel han ikkje om dette, men reknar alt for sann soge. Han byggjer her heilt på Fayes segn frå 1833. *Dette er dei to fyrste gongene at Kringen-velta stig fram i bokheimen*, fyrst som segn (1833), sidan som soge (1834)[2]). Wergelands syn på norsk soge samstava framifrå med ei slik hending. Han har difor gripi henne med fysne og entusiasme. Det har heller ikkje vanta på fylgjesmenn, som i romantisk eldhug fann eit verdfullt emne i denne velta. I nyare skildringar og bygdebøker har velta vorti det mest avgjerande i striden. Ho har svolli opp til svære dimensjonar og er utbrodert i dei minste småting.[3]) Dei fleste byggjer på Krag, som gjev den mest dramatiske og spanande framstellinga (s. 30 ff). Jamvel sogegranskarar har biti på det romantiske agnet. Professor Yngvar Nielsen skriv såleis i den store Noregs-soga 1911: «Ovenover denne dok oppe paa den skraanende fjeldside havde bønderne lagt en stor tømmervelte, som paa første signal kunde veltes over fienden . . . Man lod fortroppen marschere over dokken, hvorpaa den videre fortsatte til *Solgjem* i Bredebygden. Idet saa hovedtroppen kom, gik det løs. Som et mægtigt skred susede tømmervelten nedover fjeldsiden og over skotterne, som de kom frem over dokken, der som en hulvei blev dem en fælde. Samtidig kastede bønderne sig over de forvirrede fiender og bragte død og øde-

[1]) I eit av dikta sine uttrykkjer han dette slik:
Velten venter / på dets skrenter, / bonden passer på
om han snart kan lade / frihets barrikade
ned fra tinden / over fienden / som et uvær gå (1842).

[2]) Neste gongen vi møter dette i ei sogebok, er i 1854 hjå Anthon Bang i Kortfattet Oversigt, s. 112.

[3]) Sjå t. d. desse bøkene: Andreas Austlid: Soga, R. Muus: Skottertoget og H. Angell: Skottetoget.

læggelse i rækkerne. Bagefter indhentedes fortroppen ved Solgjem, hvor den overgav sig».[1])

Dette byggjer på Krags segnsamling (s. 31). Som historisk kjelde har ho lite verd, d. v. s. den luten som held seg til munnleg tradisjon frå sein tid. Hovudkjeldene som før er attgjevne, har elles ulikt verd. Dei offisielle samtidsmeldingane gjev tryggaste grunnlaget. Desse er innsende før segnlaginga kunne få makt, av ansvarlege menn, som ikkje våga å vika langt frå sanninga når dei skulle rettleia dei høgste herrane om ei sak som var ålment kjend i landet. Som garanti for innhaldet nemner dei at opplysningane var gjevne like etter slaget «aff Bøndernne, som haffuer werrit sielffuer med wdi samme schlag» (s. 10). Den 3. oktober same året kom ei tilleggsmelding. Samanlagt gjev desse ei tolleg utførleg skildring av tilburden i Gudbrandsdal og må reknast for dei tryggaste kjeldene her. Dei verkar sætande og ber ikkje merke etter noko overnaturleg eller segnvori. Korkje sjølvros eller overdimensjonering synest å ha sniki seg inn. Difor bør det leggjast stor vekt på slike samtidsopplysningar. Den 3. september 1613 — såleis året etter hendinga — ferda kongen ut tre gåvebrev til dei som hadde gjort mest for ei heppen endelykt i røynetaket mellom skottane og gudbrandsdølane. *Ingen av desse dokumenta nemner noka velte.* Det er rart og uventa, dersom ei slik verkeleg har vori nytta, serleg om ho gjorde slik verknad som tradisjonen vil ha det til. Den tredje meldinga, som truleg skriv seg frå 1660-åra (s. 12), seier: «Paa huad maade de angreb finden falder for vitløfftig at beschriffue, in summa de anstillet dette verch saa klogeligen som de lang tid udj Krigs erfarenhed kunde verit Exercerit» (s. 13). Ei velte måtte kunna nemnast med få ord; men ein gjennomført strategi er «vitløfftig»; jamvel på den tid må det ha vori slik i nokon mon. Krigsrøynsle syner seg heller ikkje i noko så sermerkt som ei stor velte.

Sogeskrivarane i den fyrste tida etter hendinga nemner sjølvsagt slaget; men det er «underligt og værd at lægge Mærke til, at

[1]) Norges Historie IV², s. 105

medens Skottetoget har været en Yndlingsgjenstand for Folkets Sagn og Digtning, ofrede Samtidens Historieskrivere det liden eller ingen Opmærksomhed. Skottetoget var for den store, dannede Verden en saagodtsom ukjendt Begivenhed», seier soknepresten Olafsen i Skottetoget, s. 41. Desse soge-bøkene fortel ikkje eit ord om noka velte, endå sjølve den låm som forteljingane ligg i, ofte måtte kalla fram ei slik opplysning om ho fanst.[1]) Her kan ein visa til den kjende bispen Erich Pontoppidan, som skreiv mykje om norsk natur, historie og folkeliv. Han fortel i 1785 at dei norske fjella «give ikke allene Ly og Læ mod Uveir, men ogsaa mod fiendtlig Indfald», og dette utviklar han vidare slik: «Men til naturlige Fæstninger tiene de mange biergagtige *Situationer* i Landet selv, hvilket alle Tiders Forfarenhed har lært, da den Norske Bonde, som vel veed at omgaaes med Skyde-Gevehr, i Krigs-Tider legger sig, uden anden Anfører end hans egen Troeskab, paa bratte Steder, og giør Fienden utroelig Afbrek».[2]) Slik må sume ha tenkt seg krigføringa i Noreg; for då general Armfelt i 1808 sette inn i landet, skreiv han: «Då står baggen bakom sina fjäll, klifver upp på dem och rullar ner stenar för att ecrassera oss».[3]) Pontoppidan[2]) seier òg om den norske naturen at «slige Field og trange *Defiiées* giøre Norges beste Fæstninger, hvorfor det i sidste Krig gik mange Svenske ikke anderledes end hiine Skotter, særdeles de 200, som Oberst-*Lieuten. Coucheron* med Bøndernes Hielp nedlagde i den Huul-Vey paa Krogskoven».[4]) Her ville han tvillaust ha nemnt velta, dersom skottane hadde vorte øydde på ein så ser-

[1]) Peder Claussøn har ingen ting i sin Norriges Beskrifuelse, som truleg var skriven i 1613, året før han døydde (sjå Gustav Storms utgåve, s. LXVI). Men elles finst opplysningar om striden i Jonas Ramus: Norriges Beskrivelse (Kbh. 1715), s. 85, Slange: Den Stormægtige Konges Christian den Fierdes Historie, II Part (Kbh, 1749), s. 314, Pontoppidan: Det første Forsøg I (Kbh. 1785), s. 71 f, og L. Hess Bing: Beskrivelse over Kongeriget Norge (Kbh. 1796), s. 218.

[2]) Det første Forsøg I, s. 101, s. 71 f.

[3]) Her sitert etter Angell: Skottetoget, s. 61.

[4]) Pontoppidan: Det første Forsøg I, s. 72.

merkt måte. Han rører elles ved slike spørsmål mange gonger utan at denne storhendinga kjem fram: «Og de Bønder, som boe i Justedalen eller deslige Steder, hvor ikkun ved en enever *Defilée* er Tilgang, kunde med den mindste Magt afholde den allerstørste»,[1]) og: «Bønderne lagde sig paa Fieldene ved alle *Defilez* med Skyde-Gevær, for at viise ham tilbage, eller dog ikke lade ham passere disse daglige Mønstringer foruden at blive merkelig svækket».[2])

Den heller heilslege avskrifta som vi har av Dølevisa frå 1838, nemner inga velte, heller ikkje Gerhard Schøning, som i 1775 skriv om visa og gjev att hovuddraga. Dei mange visebrot som ein elles finn i bøker frå 1838 og ned mot vår tid, har ikkje eit ord om dette emnet. Difor kan ein vera tolleg viss om at noko slikt aldri har funnest i visa. Ein skulle ha venta at velta ville hatt ein brei plass hjå ein folkesongar.

Schøning gjev elles ei utførleg skildring av slaget, etter det som folk fortalde honom, om førebuinga, signal frå den andre sida av elva osb., men han nemner ikkje velta. Dølane kan difor ikkje ha visst om henne den gongen.

Dinest bør ein festa seg ved vågåværingen Edvard Storm. «Merkeligst er det at Edvard Storm, som fortæller baade om havfruen og om Sinclairs brøl, da han opgav sin aande, ikke har nyttet noget saa gripende, spændende som velten rullende utfor fjeldet med stok og sten, knusende baade arm og ben,» seier Angell i Skottetoget, s. 60. Og det har han rett i; for Storms Zinklars Vise er både dramatisk og målande, og ho byggjer på tradisjonen i dalen. Difor er det heilt utruleg at Storm har kjent dette draget. Då han elles veit så mykje om striden, må dette ha vori ukjent på hans tid (1749—1794). Storm reknar tydeleg med eit vanleg slag. Han nyttar m. a. ordlag som: «Slaaer ned, slaaer ned for Fode» og: «Med døde Kroppe blev Kringen strød, de Ravne fik nok at æde». Storm

[1]) Sst. s. 101.

[2]) Det første Forsøg II, s. 401, sjå òg sst. s. 402.

har kjent Dølevisa. Både rytme og rim er eins i båe visene. Jamvel ordlag kan vera like; men han har elles ikkje nytta stort av ho. Storms vise er meir ein patriotisk lovsong enn ei detaljskildring av slaget.

Nokre år etter kjem presten Hiorthøy med si kjende Gudbrandsdalsskildring (1785). Framleies finn ein ingen ting om den vidgjetne velta. Heller ikkje Jens Kraft kan ha kjent ho, då han i 1822 skreiv Topographisk-Statistisk Beskrivelse over Kongeriget Norge; for eit slikt emne ville han tvillaust ha nytta ut..

I Kringen har det vorti reist mange minnetavler av bøndene; men ingen nemner velta. Tavla frå 1733 har ei lang innskrift; men der òg er det berre tale om «Krud og Kugler».[1])

I denne samanhengen er det viktig å veta kor stor skotteheren kan ha vori. Samtidsmeldinga (s. 10) seier at talet «schall wist haffue werrit i det Ringeste halffsiette hundrett Mannd, Endog disse Schotter som leffuendis bleff, som ere tilsammens 18, icke wille bekiennde dennum widere end halffjerde Hundrett Mand i det høieste sterck at haffue werrit». At bøndene — for å kasta glans over dåden sin — tek noko sterkt i, er psykologisk lettskjøneleg og rimeleg. Det skulle vera rimeleg å finna det rette ein stad mellom talet til nordmennene og skottane, helst nær det siste. I denne samanhengen gjeld det berre *at ein ikkje set talet for høgt.* Ein skulle i alle høve vera heilt på den trygge sida om ein reknar med 300, noko som yngre sogemenn har tenkt seg som *det minste.* Tradisjonen ymsar elles mykje, like frå «nogle hundred» (s. 25) til 1500 (sjå lenger nede). Sogebøkene gjev òg svært ulike tal.

Var det så lett å koma fram for denne heren?

Ei tid etter slaget høyrer vi om «en pas heder *Kringlen* huor vein var saa trang at der alene kunde Marsere Mand for mand» (s. 13). Ein har fleire vitnemål om kor vanskeleg denne vegen var.

[1]) Sjå s. 25. N. H. S. Bloch: Reise- Iagttagelser (Kbh. 1808) nemner slaget og innskriftene, men ikkje noko meir, s. 24—26.

Kong Christian den femte for her i 1685, og då «passerede Hans Kongl: May[t] dend smale Vey over eendeel Klipper, hvor de 1500de Skotter, som Sverrig til Succours var skikket, af de norske Bønder Anno 1612 bleve slagne, hvoraf mand endnu en Andeel Dødninge Hoveder og Been saae».[1])

Ei tid seinare — i 1733 — drog kong Christian den sjette same leia. I ferdaskildringa Journal og Beskrivelse fortel skrivaren hans frå Fron at 'her omtrent begynder Veyen at viise hvad de Norske Reyser til Besværlighed fører med sig'. Han gjev så eit døme på dette: 'Hvorhen en Vey forefalder *Kringelen* kaldet, paa Siden af et Field, saa smal at ald Forsigtighed af den Reysende eller Kiørende behøves' (s. 40). Yngvar Nielsen, som har skrivi utførleg om det norske vegstellet i eldre tid, seier at jamvel i 1766 var Kringen «det værste punkt, i det vejen her var saa smal, at den neppe kunde passeres med kariol».[2])

Prost Hiorthøy seier i Gudbrandsdals-skildringa si 1785—86 at vegen ved Rusten var vanskeleg å passera over dei glatte og bratte berga. Han kallar stykket for «fandens ridebane». Slik var det òg i Kringen, seier han.[3]) I 1785 var vegen sett så pass i stand at han kunne nyttast med vogn. Men nokre år etter — i 1789 — vart han øydelagd av flaumen. I 1790—91 måtte vegen vølast.

[1]) Vidar 1889, s. 312. I Edvard Storms Zinklars Vise er talet sett til 1400.

[2]) Det norske Vejvæsens Udvikling, s. 45. Ein annan stad nemner han Kringen som «et punkt, hvor i de dage det smale veiraak førte over høiden ovenover Laagen» (Norges Historie IV[2], s. 104). Jonas Ramus talar òg om «det trange Pas ved Breide» (Norriges Beskrivelse, s. 85). Pontoppidan er inne på det same i 1752. Schøning skriv på denne måten i 1775: «Ved Navnet *Kringelen* forstaaes en trang, snæver, skiønt ei særdeles høi eller brat Passage, liggende langs Aabredden af *Lauen Elv,* mellem den og Foden af et ovenfor beliggende høi Biærgestrækning» (Reise, s. 85). Aasmund Olavsson Vinje for her i 1860 og skriv då: «Eit tjug mann maatte her kunna stengja vegen for eit tusund, so som vegen var daa, og rulla heile steinrøysar paa deim fraa fjellsidorne» (Ferdaminne, s. 242). Sjå òg: Jessen — Schardebøll: Det Kongeriget Norge I, s. 647.

[3]) Physisk og Ekonomisk Beskrivelse over Gulbrandsdalens Provstie I.

Etter vegbudsjettproposisjonen for 1854—57, s. 21, var vegstykket gjennom Kringen enno eit av dei verste og styggaste i Gudbrandsdal. Jamvel på den beste årstida var det farleg å ferdast her, då bakkane var bratte og vegen sers smal, sume stader berre 3—4 alner, d. v. s. 1,90 m—2,50 m, og vegbana var dårleg.

Vegen må såleis ha vori sers smal og vanskeleg då skottane for der.

I boka Skottetoget hevdar oberst Henrik Angell s. 58 f. at marsjlina må ha vori ei 400—500 meter: «Til dette tal kommer man ved at erindre at den smale, daarlige sti dengang ikke tillot soldatene at marsjere ved siden av hinanden. De fleste er gaat mand efter mand. De er gaat i fredsmarsj, de hadde hester med til bagage, til kvinder og maaske barn. Mindre end en meter av veien har hver mand ikke brukt; saa kommer hvad hestene har tiltrængt og saa tilfældige brud paa linjen. — Allerede denne lange marsjlinje gjør den saa meget omtalte tømmervelte næsten betydningsløs for kampens resultat». Den engelske generalkonsulen Thomas Michell interesserte seg mykje for skotteferda. Han samla tilfang frå fleire kantar og gav i 1886 ut si History of the Scottish expedition. Han kjem til eit liknande resultat: 'Not more than two could have walked abreast along it, and certainly only a single file of men could have used it with convenience' (s. 60).



Den gamle «Skottevegen», slik han no ligg oppe i lia.

Foto: Kjell Bondevik.

Den nye vegen i Kringen vart ferdig i året 1855. Han ligg no



«Skottevegen» i dag.

Foto: Kjell Bonde ik.

nærare elva. Før den tid hadde ein berre den gamle «skottevegen», som fleire gonger var vølt og stelt på. Den som har sett vegen som han var for ein mannsalder sidan, skjønar straks at i 1612 kunne han ikkje vera rar. Ein må difor gjeva Angell rett. Marsjlina har i alle høve vori sers lang, minst 300 meter, og skulle ei velte gjera nokon verknad, måtte ho vera reint uvanleg brei. På grunnlag av etterrøkingar som er gjorde på staden, kjem Michell til det resultatet at 'the 'tømmervelte' could not have been more than thirty feet in length' (sst., s. 62). Og han trur at i høgda 30 mann kan ha vori under og komi av dage på den måten. Angell uttrykkjer seg slik: «Selv om velten har været en 10 meter bred, ja 20 med, saa har den jo ikke kunnet feie med sig mere end 10 eller 20 mand, selv om disse blev staaende dørgende stil».[1])

Dinest reiser dette spørsmålet seg: Var lendet lagleg for ei stor velte?

I alle høve må ein rekna med at noko jamning laut til. Det var

[1]) Skottetoget, s. 62. Jfr. Amund Helland i Kristians Amt II, s. 623.

òg storskog i Kringen den gongen. Skulle ei velte kunna gå, måtte skogen hoggast bort i ei brei gate; men det ville vera spelleg og kunne vekkja mistanke. Det ser ut til at folk har vori klåre over dette. Difor gjekk det ordet at «denne frygtelige Barrikade» «blev skjult af Løv- og Furretræer, saa at det Hele saae ud som en lille Skov», fortel Krag i Sagn, s. 32.[1]) Men dette gjer ikkje heile greia stort trulegare. Folk har liksom leita etter å finna årsakingar og forklåringar.

I skrivet frå 1660-åra er fortalt at «en bred och stridende Elff var paa den vestere side, och paa dend østere Side Kliper nogle hundere faffner høie med schoug begroed, vdj lengden var dene pas vngefer en halff mill, der lagde dessze Almue och bynder Sig fordegt» (s. 13). Gerhard Schøning skildrar lendet slik etter sjølvsyn i 1775: «Her er der næsten steile og meget høie Biærge-Siide, paa den eene, den bratte og høie Elve-Mæl, paa den anden Siide, et Sted, hvor Angrebet syntes at kunne skee med best Eftertryk».[2]) Sogemannen Slange skriv på denne måten litt før (1749): «Stædet var ellers paa dend eene Side af Veyen belagt med høye Field og Bierge; og paa dend anden Side med rindende Elve udi dybe Fosser og striide Strømme».[3]) Folkehøgskulemannen Andreas Austlid har ei meir stemningsmetta utforming: «Her skjyt det seg fram ein bratt, diger Krugg — det er eine Fjell-Sida, som sig uti Dalen og velter seg kav aat Elven. No ruver det inkje so sværande; for det gjekk ei Jord-Skrida i 1789, som sopte med seg Skogen og gjorde det flatare . . . Men i dei Tidom hekk Vegen uppi Bergom og svingad seg umkring Kruggen».[4]) Men den nøkterne militærmannen oberst Angell seier med rette: «Naar man kommer til valpladsen eller bare reiser der forbi, vil de fleste gjøre sig det spørsmaal: Men hvor kan da denne velte ha gaat? Skraaningene ned

[1]) Velta var dekt med bar og einer, seier Ivar Kleiven (I gamle daagaa, s. 61).

[2]) Reise gjennem Gudbrandsdalen, s. 86.

[3]) Den stormægtige Konges Christian den Fierdes Historie, II, s. 314.

[4]) Soga fraa Sinklar og Skottom, s. 25.



mot elven er for slake. Man faar da ofte høre at terrænget har forandret sig saa siden 1612. I 1789 gik et svært jordskred her — i «Stor-Ofsin». Men lokalkjendte folk sier at det skredet var en ubetydelighet av det lange slagfelt, — og skraaningene er ikke blit mindre bratte, fordi jorden skred ut, tvertom».[1]) Kringen var nok ikkje så bratt som mange trur; men «for ret at forklare sig selv og andre hvorledes det forfærdelige «pas ved Kringelen» har set ut, har man fundet paa rene eventyr. Saaledes ser man ved enkelte Sinclair-historier følgende tegning anvendt. Enhver kan ved sammenligning med fotografierne se hvor nær hine himmelhøie, stupbratte fjeld svarer til virkeligheten. Denne tegning, som formodentlig er laget i Kjøbenhavn, har forvirret mangen svimmel

[1]) Skottetoget, s. 60 ff. Om «Ofsen» sjå Ivar Kleivens bøker: Lom, s. 226, Segner, s. 84, I heimegrendi, s. 83, I gamle daagaa, s. 98. Fronsbygdin, s. 345, Ringbu, s. 214. Jfr. R. Muus: Skottertoget, s. 18.

sjæl, i Danmark, i Sverige — og her hjemme. Nordmændene, sa man, sat naturligvis oppe paa de bratte fjeld, skotterne var saa snilde at staa nedenunder, og saa fik de hele velten over sig». Og vidare held han fram: «Selv vi nordmænd har ikke kunnet la være med at fuske paa billederne av Kringenn. Et billede malt like før den gamle «Skottevei» blev omlagt, viser os tydelig hvorledes kunstneren har stræ-vet efter at lage avgrunder og stupbratte fjeld. Billedet har meget litet med virkeligheten at bestille».



Lendet er ikkje nokon stad serleg bratt eller stygt. Det ser ein klårt av dette biletet, som er teke der «velta» skal ha gått (s. 50). Lia er full av hamrar, humpar og haugar, men ikkje glatte sva. Den gamle «skottevegen» ligg ikkje stygt til. Det brattaste og styggaste finn ein *under* vegen. Lia er nokså jamt stigande oppetter fjellsida. Berre på nokre få stader kan ein tenkja seg at det ville vera råd å få til ei brukande velte, og då med stort strev. Ho kan ikkje i noko høve ha vori brei. Den som nøye har sett på lendet, trur ikkje i det heile på ho. Noko brattare kan lendet ikkje ha vori før, for grunnfjellet stikk opp alle stader. Den kjende bygdesogegranskaren Ivar Kleiven skriv slik om dette[1]): Den som kjem åt Kringen i dag, vil straks sjå «at de vöre Oraa' no, aa faa Stein-Velto og Timber-Lunne te aa gaa me slik Bør, at døm kunde gjera

[1]) I gamle daagaa, s. 68.



Dette biletet syner kor bratt Kringenfjellet er. Her skal «velta» ha gått.
Foto: Kjell Bondevik.

nugun Ska'e paa ein Folkehop»; men likevel held han på tradisjonen.

Elva er brei, truleg ei 50 meter, og djup, men ikkje sers strid, og utan fossar. Vatnet har bra fart; men mange skildringar overdriv svært.

Ei *vel tilbudd* velte treng ikkje noko sers bratt lende; men det er ikkje gjort i ei handevending å få til ei slik. Det krev mykje arbeid og god tid — serleg måtte det vera slik den gongen — og det kunne ikkje bøndene ha.[1]) Her bør òg poengterast at etter meldinga frå 1612 låg ikkje bøndene lenge i Kringen. Mange av dei hadde i alle fall vori lenger oppe i dalen og drog seg nedover etter kvart.

b. Signala.

Alle føresetnader strider såleis mot ei stor velte.

Førebels skal vi venda tankane mot dei to andre draga: «For ret at viide Fiendens Ankomst, og for at fatte ham i Midten, havde man klogelig nok føiet den Anstalt, at en af Bønderne, som til den Ende havde sat sig, paa hiin Siide Elven, skulde, naar han blev Skoternes Ankomst vaer, riide jævnsiides for Midten af deres fremrøkkende Trop, og standse, naar han saae, at de vare komne neden for bemeldte Forskandsning, saa at den eene halve Deel af dem var sønden, den anden halve Deel norden for den. Paa det at man

[1] Om dette viser eg til utgreiinga i Angell: Skottetoget, s. 62—65.



kunde blive ham desto bedre vaer, reed bemeldte Bonde paa en graae eller hvid Hest», skriv Schøning i 1775 etter opplysningar frå folk på staden.[1]) Her òg er Krag den første som har det mest eventyrlege å fortelja: «Det gjaldt om for Bønderne at bortlede Fiendens Opmærksomhed fra deres Baghold, og at faae vide, naar Fiendens Hovedstyrke var nedenfor dem; thi da var deres Tid at begynde Slaget. For at tilkjendegive dette Sidste blev det overdraget til en af Bønderne, at holde sig paa en Ø i Laagen, *Storøen* kaldet, og der, ridende paa en hvid Hest udenfor Fiendens Skudvidde, holde Linie med dennes Hovedstyrke eller med Spidsen af samme, og, naar denne var kommen til et aftalt Punkt, tilkjendegive dette ved pludselig at vende om. For at bidrage Sit til at bortlede Fiendens Opmærksomhed skal han, sige Nogle, have sat sig baglænds paa Hesten; andre sige, at han i hiin Hensigt havde bundet et stort rødt Tørklæde om Halsen og nedover Brystet paa sin hvide Hest», og: «Videre lode de en Pige, ved Navn Guri, almindelig kaldet *Pillar-Guri*, som godt kunde blæse i Stut eller Horn, tage Plads paa en Fjeldpynt, *Seljordskampen*, paa den vestre Side af Laagen, hvorfra hun nøie kunde see den omliggende Egn og den fremrykkende Fiende. Naar Massen af Fienden var kommen til et mellem hende og Bønderne aftalt Sted, skulde hun lyde i Hornet, for at vende Fiendens Opmærksomhed mod den Kant, hun var, som var modsat af Bondehæren, og tillige give Bønderne, som fra deres Baghold ikke kunde see Fienden, Tegn om, hvor langt den var rykket frem. Der fortælles og, at hun ligeledes efter Aftale med Bønderne holdt hængende ned for sig et hvidt langt Haandklæde, som hun skulde slynge flere Gange om Armen, og saaledes til Tegn for Bønderne forkorte, efterhaanden som Fienden nærmede sig».[2])

Frå «skottevegen» ser ein godt ned på Storøya og bort til Sel-

[1] Reise, s. 85 f. Slange nemner ikkje noko signal i Den Stormægtige Konges Christian den Fierdes Historie II, Kbh. 1749, s. 314. Vågå-presten Hiorthøy fortel at dei hadde herfolk på Storøya i Lågen, men nemner ingen hest (1785).

[2]) Sagn, s. 34 og 35. Sameleis hjå Olafsen i Skottetoget, s. 24 f.

jordskampen, som ligg litt nordafor på andre sida av elva; men dit er det så langt at det må vera sers vanskeleg å sjå ein duk, jamvel om han er 5—10 meter lang.

Båe desse måtane har mykje sams. Dei skal tena eit dobbelt føremål: å vera vill-leiande for fienden og vitra bøndene om den rette augneblinken til åtak.[1]) Mannen skal bråsnu, Guri setja i med tonane. Etter kvart som mannen rid, kan dei veta kor langt fienden er komen. Guri viser det ved «et hvidt langt Haandklæde», som syner minder etter som veglengda minkar. Ho sat roleg og kunne ikkje godt visa dette på nokon betre måte. Mannen på øya har òg i folketradisjonen fått eit liknande plagg, «et rødt Tørklæde»; hesten hans var *kvit*. Dette er såleis tydelege parallellformingar.

Det burde vera klårt at hadde slike vidfemnande narrespel vori sette i verk, måtte fienden ha lukta lunta og vorti mistenksam, elles var han meir enn vanleg dum, serleg når vi må rekna med at bondeheren var på retrett føre skottane. I meldinga frå 1612 heiter det om dette: «Och der hand fornamb dennom at werre sig forsterrcke, haffuer hand 2 eller 3 Dage altt røcht och werrit for dennum wdi weyen, dog indted med dennum schiermetzeritt eller schlagett», og lenger ute vil meldinga ha det slik til at skottane var vise med dette. Det vert fortalt at føraren for bøndene gøymde folka sine i skogen ved Kringen «indtill saa lennge det wdlendiske Krigsfolck

[1]) Andreas Austlid, som byggjer på yngre tradisjon, seier her: «Daa tek ho Guri paa aa laata . . . det var slikt eit Tungsinn i Tonom, alle stansad og lydde. Skottarne svarar med ein frisk Krigs-Mars. Daa læt ho andre Gongen og same Slaatten; men det er som Lik-Song og græt gjenom heile Dalen. Det vart so stillt etter Tonom. Daa sett Skottarne i med ein sterk Krigs-Mars og kjem aat Stor-Øy'n. Men her tek ho paa aa laata att. Og Laaten er til endaa, han heiter Pillarguri-Leiken. Den hin er Sinklar-Marsen. Spel-Menner her i Dale kann deim baade tvo.» (Soga, s. 31.) Rudolf Muus fortel at ho bles to gonger (Skottertoget, s. 22). Jfr. Henrik Wergelands vers (1842):

Hør fra urens/styrtnings lurens/klagende signal.
Jegerkjeden skrider/langs ad åsens sider,
fjellets stemmer/denfornemmer/fra den dype dal.

er dick ankommen, dog icke formoditt eller wist andet end dett Norsche Krigsfolck war altt wdi weyenn for dennum hentreckende» (s. 10).

Bøndene måtte òg vera nautne om dei ikkje skjøna at slik kunne ein ikkje fara fram.

At det skulle vera naudsynt å få signal frå to om same sak, er elles lite truleg. Guri måtte då kunna greia det framifrå åleine; for hornet eller luren skulle vera lett å høyra for alle bøndene i Kringen. Dessutan kunne signal frå to lett føra til uvisse og forfjamsing, dersom dei ikkje samstava i eitt og alt. Det må førarane i tilfelle ha skjøna.

Andreas Faye gjev i 1833 att dei to formingane og seier så at *segna* om 'Ragnild eller Prellegunhild, (Luur, Prellehorn) er mig mundtligt meddeelt. Sagnet om Manden paa den hvide Hest . . . ligeledes mundtligt'.[1]) *Dette er fyrste gongen ein finn nemnt at ei kvinne hadde noko med striden å gjera.* Vi merkar oss elles uvissa kring namnet hennar. Det tradisjonsrike *Guri* møter ein litt seinare hjå Krag (1838). I sogebøkene får dette rom 20 år etterpå (1858) hjå Siegwart Petersen i hans Norges Historie, s. 127 ff. Seinare vart *det* einerådande.

I romantisk eldhug har både diktarar og andre lyft denne Guri til skyene. Tradisjonen i dalen blømde kring ein slik eventyrskapnad. I 'Prillar-Guri' byggjer diktaren Tore Ørjasæter heilt på den munnlege overleveringa. Diktet gjev eit levande bilete av det folkelege synet, slik det har rådt i den seinare tida. Difor vert det teki med her:

Guri rekte ut kvite veven
nedover bergveggen svarte
med kvart som Sinklar med skotteheren
kjem i morgonen bjarte.
Veven som sjølv ho vefta og spann
kvar tråden saman med hugen tvunne.
Kvar tumen ho rekte av, undan rann
som liv av lagnaden spunne.

[1]) Norske Sagn, s. 206. Sjå òg andre utgåva av boka, s. 191.

Bøndene ser på veven
som ék seg ned etter bergekam.
Og veit no nærmar seg skotteheren
i same mun meire fram.

Ein mann utpå øyi med kvite hesten
sit att-å-bak uppi salen.
Sju gamlingar smeller med skramlebyrsor
so skottane lydde på smalen.[1]
Men inn under larmen som skrymtar og læt
lever ei stille av angest alen,
for det som skal hende —, og tonane græt
or Guriluren utover dalen.
Og Prillar-Guri ho stillnar
einsleg i inste hjartegrunn,
ho ber på lagna'n åt land og rike
i denne siste sekund.

Prillar-Guri på Seljordskampen
sette luren for munnen,
og bles so det ljoma bergimillom.
No løyser dei timberlunnen,
som ligg der og ventar i stupbratt lid
med velduge tyngd og visse dauden —
til skottane beint under bratta skrid.
Den siste sekund er runnen.

Elvi andar i dalen,
Guri kjenner kor stilt ho skrid —
speglar av både fjell og himil,
og fuglane syng i lid.

Ho leika seg ljuvt med luren sin
og elvi svævande strøymde.
Vakker skein Guri på Seljordskampen,
so skottane glåmde og gløymde
alt ikring seg og ser berre ho.

[1] smalen = larmen. Gudbrandsdal.

Dei hua og song sin songar
og svinga på hatten til henne og lo
med' kleivi vart trongar og trongar.

Løyst er lunnen, med uppspara krefter
rasar han nedover, riv med seg alt,
so skotteheren vart nedåt klistra.
Stein og timber pløgde og valt
og gjorde ei blodfòr, som inn-i seg mauka
sundslegne, beinskrapa blodsogne kroppar.
Bøndene var der og hogg inn på flekken
med våpen i hende, villskapen aukar
slagkvasse var dei med stridskveikt hug.
Den sundsprengde heren av einskilde skottar
som freista koma på undanflòg, —
dei fekk no sin bane, eller vart meinbægde,
manngarden held dei på liv og daude.
Å spara liv var kje spursmålet her!
Hr. Georg Sinklar med ufredsheren
gjorde ei syrgjeleg feigdarferd.

Prillar-Guri på Seljordskampen
kasta luren ifrå seg,
lutte sitt hovud i hendom sine
og kjende lagnaden slå seg. — —
Vakt for livet, men endå til
lokkematen til dauden.
Livet det er eit lagnadspel
og siger gjev sorg, Gud nå' meg!

Det var som ho tykte Lågen
rann full av blod frå det Kringenslag,
og blodrisne bylgjone kviskrar
med gråtkjøvde andedrag.

Det var som ho stod og stirde
inn i si eigi gåte.
Ho gjorde si plikt til fullnads,
men kvifor måtte ho gråte?
Ho undrast på kva ho gjorde.



Prillarhorn frå Nordre Fron, Gudbrandsdal.

Då var det ei røyst gjenom hennar hjarte
kom i ein angest til orde:
Vakt for livet, men endå agnet
som stødt skal so ljuvleg skine.
Kvifor, kvifor er kvinnelagna'n
so annleis enn alle hine?[1])

I Gudbrandsdal, t. d. Sell, nyttar dei ordet pilarhorn (pillarhorn, prillarhorn) om eit kuhorn, kring 25 sm. langt, med fleire hol i — gjerne 4—5.

Her kan ein flytta fingrane frå hol til hol og såleis spela einfelde melodiar; men det er uråd på luren, som ikkje har hol. Minnesmerket over Guri viser ein lur. Dette instrumentet står i strid med tradisjonen om musikkstykket etter henne.[2])

Det heitte mellom folk at «Pillar-Guri fik en gaard til belønning ved Navn *Rindalen* i Vaage, hvilken gaard senere blev kaldt

[1]) Nynorsk Vekeblad 1936 nr. 24, s. 34.

[2]) Ivar Kleiven blandar saman lur og stut — liksom Faye. Alt han skriv om Guri, viser tydeleg at dette er tradisjon og ikkje soge (I gamle daagaa, s. 60 ff.).

Pillarviken».[1]) Amund Helland knyter dette resonnementet til tradisjonen: «Det er vel muligt, at Guri, hvis hun har været til, snarere har havt navn efter Pillarviken end omvendt».[1]) Her er ein truleg ved kjernen i dette høvet. Ein møter namnet *Pillervigen* så tidleg som 1668.[2]) Truleg har det funnest føre år 1600.

Namnegranskaren Oluf Rygh hevdar at garden Pillarviken har fått namnet sitt etter ein fisk: «1ste Led, Pillar, er Navnet paa en liden Fisk».[2]) Han stør seg då til Ivar Aasen som seier om ordet *Pilar*, m: «Et Slags liden Fisk. Ogsaa udtalt Pillar og Pelar».[3]) Pillarvikje ligg ved elva. Siste ordet er *vik* og tyder *bøygning*. Elva gjer ein liten sving.

Pillarvikje vert då: den vika der småfisken likar seg.

Hjå Krag var kvinna sett i samband med «Stut eller Horn» (1838), hjå Faye med «Luur, Prellehorn» (1833). Det må vera rett. Folk har gjevi henne tilnamnet *Prelle-*, *Prille-* eller *Prillar-* etter den typiske funksjonen ho skulle ha hatt i slaget.[4]) Men då r-en i ordet har lett for å falla bort i daglegtalen og verta til *Pil(l)ar-*, såleis i Sell, som er ein av dei sentrale stadene for skotteferda, feste tradisjonen henne til garden Pillarvikje i Vågå. Desse to bygdene ligg like innpå einannan. Jamvel utan identiteten i uttalen av desse orda, ville ein assosiasjon mellom *Pillar-* og *Prillar-* vera svært nærliggjande. Det er verdt å minnast at Krag, som fyrste gongen dreg Prillar-Guri fram i litteraturen, var prest i *Vågå*.

Guri er ikkje nemnd i noko gåvebrev frå kongen, det ein skulle ha venta, om ho hadde hatt så mykje å seia for slaget. Tre andre fekk løn for dugleiken sin.[5]) Men «fortællingen om Pillar-Guri,

[1]) A. Helland: Norges land og folk V, Kristians amt II, s. 624. Det var bøndene i Vågå som bygsla gard åt henne, seier Ivar Kleiven i boka «I gamle daagaa, s. 68.

[2]) Oluf Rygh: Norske Gaardnavne, 4. bandet: Kristians amt I, s. 81.

[3]) Norsk Ordbog, under *Pilar*.

[4]) Aasen gjev i ordboka si denne tydinga av verbet *prilla:* «fingre, spille med Fingrene».

[5]) Krag: Sagn, s. 68 ff.

som egentlig ikke berører dølernes krigerske fortjenester, kan neppe siges at tilhøre den utvilsomme historiske virkelighed,» seier Amund Helland med rette.[1]) Ho bør gå ut or soga og inn i segnverda.

Mytisk tilfang av såvori slag finn ein og elles i litteraturen. Erich Pontoppidan fortel såleis i 1785: «Ikke langt derfra i Ørskoug Sogn ligger det Field *Skops-Horn*, hvilket Søe-Folk og Fiskere see paa 16 Miile, naar andre Field gaae dem af Sigte . . . Man fortæller derom, at en Hyrde-Pige skal efter Veddemaal have steget derop, og efter Aftale til et Signal, blæst i sin Luur eller Horn, men siden ikke været seet, da hendes Venner meente, efter gammel Overtroe, hun var bleven indtagen i Fieldet af dets formeente underjordiske Beboere».[2]) Velkjend er òg segna om røvarane og budeia.

Dei to draga — om velta og Guri — møter vi fyrste gongen i segnsamlingar frå åra 1833 og 1838. Det tredje — om mannen på hesten — er litt eldre; men det òg er henta frå folkemunne i seinare tid (1775). Eldre sogeverk nemner ingen ting om signal, heller ikkje Dølevisa.

3. Parallellar.

Mange embetsmenn, serleg prestar, skreiv i si tid utgreiingar om tilhøva i embetskrinsen sin, ikkje minst på 1700- og 1800-talet. Dei vidfemnande skildringane tek med sider av åndslivet og nemner både segn og soge som kastar ljos over ei tid som var heller fattig på verdfulle meldingar. Såleis skreiv presten Søren Friis ei utgreiing om Hafslo-bygda i Sogn. Manuskriptet har ikkje dag eller årstal; men av det som står skrivi føre og etter, kan ein rekna med at det vart gjort ferdig vinteren 1816—1817. Friis var personellkapellan i Hafslo frå 1806 til 1813. Han kjende tilhøva der av eiga røynsle. Manuskriptet som er gøymt i Riksarkivet, vart ikkje prenta den gongen, men har legi til ned mot vår tid. Kjeldene som Friis byggjer på, går attende til 1700-talet.

[1]) Norges land og folk V, Kristians amt II, s. 624.

[2]) Det første Forsøg I, s. 74.

I dette manuskriptet fortel han om den vanskelege vegen mellom Sogndal og Hafslo: «Den er besværlig af den saa kaldte Gilderskrede, der er omtrent af samme Beskaffenhed som de ommeldte Galler. Efter et gl: Sagn skal en fientlig Arme være ødelagt hvoraf den fik Navnet. — Gilder er det samme som Selv-Skud, de lægge i Vey for Biørn. Man lægger neml: 2 Gevæhrer med Løbene mod hinanden sammenbundne med en Streng i begge Laase og saa vidt mulig tildæckede, naar Biørnen kommer møder Strængene ham for Brystet, hvorpaa han løfter begge Gevæhrene og saaledes dræber sig selv. Da Rygtet om den fiendtlige Armees Nærmelse var utbrudt og de formodede den vilde tage den Vey, sammenbar de til Ryggen af Fieldet el: Aasen en Mængde Træe og store Steene, der bleve sammenføyede saaledes at den hele Masse gik løs af sig selv, naar man løsnede de øverste Stocke. Da nu Armeen havde opfyldt Veyen fra øverst til nederst, slog de løst og den hele Hær blev begravet af dette der liig en Skrede nedstyrtede. Heraf fik den Navnet Gilderskrede».[1])

I Tingbok for Indre Sogn, nr. 3, fol. 43, vert den 15.—11.—1654 nemnt *Skreen*, som den gongen var plass. Indre Sogns Matrikkel 1718 har *Gilleschreen;* i 1723 står *Gildeschreen*. I eit skiftebrev etter Ludvig Munthe skriv dei *Gildeskreen*. Frå 1786 har eg fyrste gongen støytt på ordet med r: *Gieldrschreen*.[2])

Så langt folk kan minnast attende, har staden berre vori kalla *Skreda*. Då ein òg finn denne forma *fyrst* i kjeldene, *kunne* det tyda, at den fyrste lekken, gildre-, er yngre i namnet og heng saman med segntradisjonen på 1700-talet.

Friis er den eldste kjelda, av dei eg kjenner, som nemner denne segna. Ho var gamal den gongen og må difor kunna førast eit godt stykke attende i tida. Segna prøver å gjera greie for opphavet til namnet på staden. Vi har ei mengd slike som vil gjeva svar på noko som folk undra seg over. Ein kan rekna med at ordet «gildre» alt føre segnlaginga kjendest sermerkt og vart lite nytta; elles ville

[1]) Tidsskrift utg. av Historielaget for Sogn, nr. 9, s. 68.

[2]) Hartvig Munthe: Efterretninger om Familien Munthe, s. 258—267.



Vegen i Skreda. x) Skreda med Borgarholt.

det snautt ha fest åtgaumen slik til seg. Tradisjonen etter Friis er ein tydeleg tolkingsfreistnad, ei svarsegn. Slike folkeetymologiske forklåringar er vanlege i norsk tradisjon.

Etter lægjet sitt må elles denne staden ha vori sers lagleg for feller og andre fangstreiskapar, med di ei mykje nytta samferdsleår gjekk gjennom — også for dyr — farvegen mellom midtre og indre Sogn. Staden *kan* difor ha fått namn etter dette tilhøvet: gildrafella. Forminga til Friis er ei merkeleg sameining av minne om den gamle fangstmetoden og ei krigssoge. Dyrefanginga har i så fall komi sterkt i bakgrunnen — som eit gamalt minne — og folk har leita etter ei ny forklåring.

Ein stad i Vang herad, Valdres, liknar mykje på Gildreskreda og vert kalla Gjildra. Det er ein endebratt berghamar, ei 10—20 m. høg og 50—80 m. lang. Like under og langsmed berghamaren renn Begna, og mellom elva og hamaren er det så vidt plass til vegen. Vi skal merka oss at lendet er svært likt på desse tre



Sjølvskot frå Strand, Ryfylke.

stadene: i Sogn, Valdres og Gudbrandsdal. Ordet «gildre» er òg fest til dei.

I gamalnorsk tyder *gildre:* felle (til å fanga villdyr), snare. Friis gav denne forklaringa på ordet: «Gilder er det samme som Selv-Skud, de lægge i Vey for Biørn» (s. 60). «Dei hengde upp ei åta, og frå denne var det ein streng til avtrekkjaren på sjølvskotet. Kom no bjørnen eller eit kvart anna udyret og sleit i åta, drog dei av skotet som då gjekk rett mot åta» (Soga um Strand, s. 28). Denne tydinga av ordet gildre har haldi seg til våre dagar: «Ei gjildra er elles her i Vang eit sjølskot som dei la ut åt bjørnen i gamle dagar» (i brev til meg). Men elles synest ordet å ha fått ei utvida tyding — med grunnlag i det gamle. Ivar Aasen skriv slik om verbet *gildra:* «1) opstille en Fælde eller Snare (for Dyr). G. N. gildra. 2) opstable, opsætte noget saaledes, at det rager høit op; ogsaa sætte noget alt for løst, saa det let falder ned. 3) rage høit op».[1]) Hans Ross har funni desse tydingane av verbet: «rage høit op», serleg: «rage høit op og dertil staa usikker». I 1740-åra gjev professor Knud Leem denne utgreiinga av ordet: «*Aa Gildre* (At Gildre) 5: At Sætte Ting op i Væiret paa en ustandhaftig Maade, saa løselig, at de lettelig kand

[1]) Norsk Ordbog: *gildra.* Jfr. «Gilja, f. et Stillads paa Strandbredden, hvorfra man kan iagttage Fiskens Løb i Vandet; . . . synes dog at have en Forbindelse med Gildra» (sst.).



Skisser av den gamle vegen i «Skreda».

falde omkuld. Saasom naar mand sætter 2, eller 3 Stoler oven paa hinanden at staae paa, eller mand reyser nogle Stolper op i Væiret, dend eene imod dend anden, uden at nagle dem tilsammen, og disliige».[1]) I ordsamlinga si frå 1802 har Laurents Hallager desse to tydingane: «en Stillads i Almind.» og: «en Stillads, hvorved man dræber Rovdyr».[2]) Krag nemner i 1838 eit «Gilderværk af

[1]) Professor Knud Leems Norske Maalsamlingar.

[2]) Norsk Ordsamling.

Steen og Tømmer». Etter føremålet sitt skulle det svara godt til Hallagers andre tyding.

Den gamle tydinga «setja opp ei felle», seinare: ei felle med sjølvskot, har etter kvart vorti gløymd, og den nye, «stabla opp», komi i staden. Sernamnet Gildra fekk såleis eit nytt tankeinnhald, og segna stod fram som forklåring. Folke-etymologien skapar ofte svarsegner. Truleg har eit anna moment spela inn og gjort overgangen lettare: ei forteljing om ein fiendeflokk som vart knust på ein slik stad. Friis seier at så «slog de løst og den hele Hær blev begravet af dette der liig en Skrede nedstyrtede. Heraf fik den Navnet Gilderskrede». Dette må ha vori den folkelege forklåringa. Stadnamnet Skreda var som skapt til slik segnlaging. I 1822 gjorde bispen Neumann ei visitasferd til Sogn. Han skreiv då opp ymse som folk fortalde honom. Mellom anna høyrde han om fiendestyrken som gjekk som inn i ei felle og fekk skreda over seg, og «deraf have Gildreskredene deres Navn; thi Gildre kaldes endnu en *Fælde*, f. Ex. Odder-Gildre».[1] og [2]).

Sogndølane kunne fortelja honom dette om kong Sverre, som brende bygda i 1184: «Fylkisbygden, som ventede hans Besøg, og vidste Veien, hvor hans Mænd skulde komme, havde imidlertid opkastet ovenfor hiin Fjeldsti Forskandsninger af Træstammer og Steen, som paa givet Signal kunde fra Høiden af styrte ned over hans Mænd, naar de uagtsomme gik i Fælden».[2])

Naturen er her slik at det måtte vera sers lagleg for eit åtak. Bispen som fór denne vegen frå Sogndal til Hafslo, fortel vidare: «Nu kommer man ind i en romantisk Dal med nogle pittoreske Klippevægge; og er man kommen denne forbi, saa begynde de frygtelige *Gildreskred*, hvor man klavrer ad steenlagte Trappetrin paa en Maade langs under de vilde Klipper brat opad til Toppen.

[1]) *Gildra* høver godt til desse linene i Dølevisa: «og Laae der Lige som Katten paae Lur naar Han vilde Musen fange» (s. 17).

[2]) Budstikken 1824, s. 418 ff. Jfr. O. Rygh: Gamle Bygdeborge i Norge (Kr.a 1883), s. 31 og P. A. Munch: Det norske Folks Historie III, s. 163 og 160 (Chr.a 1857).

Her var det at Sverres Mænd bleve for en stor Deel knuste paa deres Tog af Bønderne; og man viser nedenfor det saakaldte *Borgerbjerget*, hvor et Baghold laa inden en Forskandsning, af hvis Mur endnu Stene skal ligge, som et Gjærde». Bygdeborga ligg ovanfor garden Årøy like til venstre for den gamle vegen som førde frå Sogndal til Hafslo. Ho skriv seg frå folkevandringstida. Staden heiter enno *Borgarholt*. Restar etter muren viser framleies. På sine stader er han minst 3 m. høg. Til venstre endar han på nokre høge hamrar og sva, der det er heilt uråd å koma fram. På heile høgre sida har ein stupbratte hamrar, ca. 50 m høge, der ein ikkje kan koma opp. Stykket som treng stengjast, er ikkje over 30 m breitt, sumstad berre 10 til 20 m. Vegen stig svært, opp til 1 på 5. Strategisk må dette tvillaust ha vori ein framifrå stad.

Vi merkar oss at bispen Neumanns reiseskildring vart prenta i 1824. Gjennom Budstikken nådde ho fram til interesserte lesarar. Fayes segnsamling kom 9 år etterpå, og segnene som der er knytte til Kringen, er tydeleg påverka av den litterære kjelda. Jamvel einskildord er bisneleg like: «Forskandsninger af Træstammer og Steen» — «Store Stene, Træstammer», «Naar de uagtsomme gik i Fælden» — «Naar han kom ind i Fælden», «Bleve for en stor Deel knuste» — «Der deels bleve knuste», «Som . . . kunde fra Høiden af styrte ned over hans Mænd» — «Som de kunde rulle ned paa Fienden».

Seinare — i 1892 — har tradisjonssamlaren og toneskalden Olav Sande gjevi oss forteljinga meir heilsleg i Segner fraa Sogn II, s. 260 f.: «Øvst ved *Gildreskrida* samnad dei seg, der vegen er trangast, og der det er ein høg, svart hamar med ein hellar under, paa øvste (sudre) sida. Uppaa hamaren hadde dei lagat til ei stor, svær gildra av timber og stein, og heile denna vælta hadde dei hangande etter tog, so laust, at, hogg dei deim av, gjekk ho med det same. Myken umak hadde dei gjort seg og mannat seg saman med vaapn og verja, so godt dei kunde. — Paa haugarne paa hi sida aat elvi hadde dei sett ei gjenta, som skulde vifta med ein duk, naar bjørkabeinarne kom midt under velta. Sume fortel, at gjenta

sat naki til beltes og bar seg undarleg aat. Dei fortel og, at der under hellaren sat ein karmann i kvinnfolkaklæder og spelte paa munnhorpa og bar seg undarlegt aat. Naar sverresmennerne, som saag og høyrde detta, var komne midt under velta, skulde han spela ein viss slaatt og trekkja i ei grann snor, som var fast uppe ved velta, so dei skulde hava mark paa, naar dei skulde lata henne ganga. Jau, der dirrad snori: ein, tvo, tri — so hogg dei, som skulde passa gildra, togi av, som ho hekk etter, og ho falt ned med brask og brot. Største deilen vart i hel slegne; nokre vart fangad».

Vi ser at forteljinga om velta i Skreda er plent lik den som vert knytt til Kringen (s. 30 f.) Ein merkar at jamvel ord og ordlag stundom kan vera bisneleg like. Sande talar om ei «gildra av timber og stein», Krag om «et Slags Gilderverk af Steen og Tømmer».

Vi skal òg sjå på signaliseringa. Skotet i gildra fekk dei til å gå av på den måten at dei to børsene som stod med pipene mot einannan, var samanbundne «med en Streng i begge Laase» (Friis). Dette kan lett ha utvikla seg slik at ein skulle «trekkja i ei grann snor, som var fast uppe ved velta, so dei skulde hava mark paa, naar dei skulde lata henne ganga» (Sande).[1])

Børsene skulle vera 'saa vidt mulig tildækkede' (Friis). Dette kunne lett verta til ei velte. Ein kan jamføra eit par utsegner frå Gudbrandsdal. Austlid fortel slik i Soga, s. 27: 'Dei tek Bar og Lauvbuskar og legg attpaa og gjøymer burt alt saman'. Krag hadde høyrt at velta 'blev skjult af Løv- og Furretræer, saa at det Hele saae ud som en lille Skov'.

Både i Gudbrandsdal og Sogn nemner dei mann og kvinne, spel og klede. Føremålet var òg det same. I Sogn heitte det at 'paa haugarne paa hi sida aat elvi hadde dei sett ei gjenta, som skulde vifta med ein duk' (Sande), i Gudbrandsdal skulle Guri 'tage Plads paa en Fjeldpynt, *Seljordskampen*, paa den vestre Side af Laagen', og ho 'holdt hængende ned for sig et hvidt langt Haand-

[1]) Neumann nemner òg signal som skulle gjevast (1822); men han fortel ikkje noko meir om dei. Friis nemner ingen ting (1816).

klæde' (Krag). I Sogn 'sat ein karmann i kvinnfolkaklæder og spelte paa munnhorpa' (Sande), i Gudbrandsdal var det gjenta som bles i horn eller stut. Vi merkar oss dessutan dette frå Sogn: 'Naar sverresmennerne, som saag og høyrde detta, var komne midt under velta, skulde han spela ein viss slaatt' (Sande). Krag nyttar desse orda om den tilsvarande stoda: 'Naar Massen af Fienden var kommen til et mellem hende og Bønderne aftalt Sted, skulde hun lyde i Hornet'.

Det er sjølvsagt ikkje rett å pressa einskilddraga for mykje. Ein ytre likskap *treng* ikkje vera prov for ein indre samanheng. *Detaljane* i samanheng og samsvar let seg heller ikkje alltid prova; men når samsvaret er så avgjerande på *mange område*, skulle det vera fastslått at ein her har med *vandresegner* å gjera. Dei to gruppene ligg like innpå einannan.

Ein variant av denne segnkrinsen har òg slått rot i Lyngen; men samanhengen med denne vert noko lausare: «Attmed Drabeng går det ein dal som heiter Fastdalen. Frå Fastdalen går det ein smal og trong sidedal som er snaraste vegen over til Ullsfjorden. Igjenom den dalen tok russane upp. Nordmennene hadde heile tida havt auga med russehopen. Uppe i dalen, just der han er trongast hadde nordmennene lagt seg. Det var steinen og urdane dei trøysta seg til. Våpnmakta deira var lita. Røysor av stein hadde dei lagt ihop utpå hamrane. Dei heldt godt vakt. — No kom russehopen. Kvar nordmann løynde seg i millom steinane så godt han kunde og stod ferdig. Med same russane kom der dalen var trongast, slepte nordmennene skrida laus. Det braka og brotna og rausa ned frå begge sidone. Det var mesta som dalen skulde gå att. Nå sprang nordmennene fram og fall over russane med dei våpna dei hadde. — Kvar einaste mann av russehopen vart slegen ihel der i urdane. Dalen vart sidan heitande Russedalen. Det namnet ber han den dag i dag».[1])

Vi har her eit typisk utslag av folkeetymologi og svarsegn.

[1]) Johan Hveding: Folketru og folkeliv på Hålogaland, s. 79.

4. Spreiingsveg og opphav.

Gjennom Jotunheimen har det frå gamalt vori mykje samkvem mellom Sogn og Gudbrandsdal.[1]) Om dette skriv Ivar Kleiven: «I di fjortande hondreaare va de sume i Lom, som aatte gar'e og jor'veigje i Lyster og likeins va de Lystringe, som aatte jor' i Lom. Slikt drog jamna'n reiso bygdom imillom ette se og all somaar'n igjønom va de difor ikje litor fer' over fjelle», og: «Denne samfer'sle med vestlande over fjelle va eit samband med di kulturstromom, som naadde vaare land fraa di store ver'n».[2]) Frå om lag 1400 har vi eit skinnbrev om veghaldet i Lom; der er nemnt at bøndene skal halda vegen farande til midt på Sognefjellet. I 1576 kjøpte gudbrandsdølane mat i Sogn, der dei til vanleg gjorde sine korninnkjøp. Nye varer, t. d. poteter, kom den vegen. Samferdsla med Bergen var stor. Då mannskapet til Kalmarkrigen (1611—13) vart utskrivi, slapp lustringane fri, «med di dei hadde vegen og skyssen over Sognefjellet til Lom å syta for».[3])

Når det gjeld sambandet mellom Gudbrandsdal og Sogn i noko seinare tid, har vi eit sers talande dokument i ei rettssak som var føre i Fortun i Sogn den 27. august 1801. Berre klagemåla kom fram den gongen; men året etter, den 20. august 1802, var det sendt innkalling til «alle Opsiddere her af Forthuun fordi de har bemægtiget sig til eget Brug den frie Havning med Hæster og Fæe i Forthuuns Hagen eller Indhægning som fra gammel Tiid af har været Hvile Plads for Reisendes saavel fra Lyster som Guldbrandsdahlen som og for de Handlende med deres Fæe og Hæste, samt fra umindelige Tiider været frie Beite for Forthuuns Kiærkes Almues Hæste, og saaledes fra gammel Tiid været Sankeplads til

[1]) Sjå Yngvar Nielsen: Det norske Vejvæsens Udvikling, s. 10.

[2]) Lom, s. 213 og 208; sjå elles sst., s. 65 ff., 143 ff., 159, 160, 182, 207, 210, 212, 217, 218—223, 360, 364, Ivar Kleiven: I gamle daagaa, s. 75, Ivar Kleiven: I heimegrendi, s. 8, Årbok for Dølaringen 1933, s. 74 og Pontoppidan: Det første Forsøg I, s. 62 f. og 126.

[3]) Tidsskrift utg. av Historielaget for Sogn nr. 9, s. 69. Sjå òg Syn og Segn 1940, s. 273 og 280.

Fæe og Hæster at samle og Hvile Plads for Guldbrandsdahlens Hæste at samle som her igiennem har sin nærmeste Vej til Kiøbstæden, derimod har Forthuuns Opsiddere nu nedrevet den Giærdes Gaard som har været i forrige Tiider og opgiert Ager af disse frie Beiter som ere nødvendige saavel for Lyster som Guldbrandsdahlen . . . hvorved Citanterne vil forvente sig at vorde tilkiendte deres fra umindelige Tiider havde frie Beitning, Havning og Hvile Plads med Hæste og Fæe i Forthuuns Hagen m. m. efter Sagens Beskaffenhed, samt de Indstevnte tildømte at udreede Sagens Omkostninger og tilstrækkelige Bøder for deres Forhold og Trættekiærhed».[1]) Året før var nemnt at inngjerdinga hadde vori «Almuerne af begge Præstegield til stoer Fortrængsel og Nærings Spilde». Under prosessen vart det sagt om lomværingane, som gjekk med på semja, at «en Havne Plads for dem er uundgaaelig nødvendig naar de her nedkomme med deres Hæste, som den eneste Vej for dem til nærmeste Kiøbstæd». Retten sette ned merke, og «alt hvad der er neden og inden for disse Mærker lige ned til Elven skal herefter dags være til Havning og Hviile Plads for Rejsende deres Hæste og Fæe saavel for Lyster som Gulbrandsdahlen . . . Endvidere blev anmærket: at de rejsende som komme den Alfarvej nedigiennem Berget have strax nede ved Berget og der hvor Christopher nu ved denne Uddeeling faaer sin Teig, haft sin Kløvje Plads eller et Stæd hvor de Rejsende naar de komme Berget ned kan tage sine Kløver af; dette som uundgaaelig nødvendig for de Rejsende maae de fremdeles beholde, og til den Ende blev udsteenet en Distance strax neden under Berget og den almindelige Vej».[1])

Denne domen viser greitt kor viktig og verdfullt dette sambandet var, serleg for gudbrandsdølane. Sogningane har i mindre mon vori austanom fjellet.

Så seint som kring 1850-åra var det opp til 60 kløvhestar i eitt fylgje frå Gudbrandsdal til Sogn.[2]) Gamle folk minnest enno desse

[1]) Indre Sogns tingbok nr. 48, fol. 55 b og 73 (Statsarkivet i Bergen).

[2]) Bergens Aftenblad 15-7-1932, s. 6.

fylgja som kunne høyra heime langt nedover i Otta-dalen.[1]) Ei trafikkteljing viste 1600 dølehestar som for framom Optun i Luster på ein sumar.[2])

Ferdsla har såleis vori veldig ei tid. Det er greitt at denne regelrette trafikken førde til eit åndeleg samkvem, som måtte setja sine varande merke, t. d. i tradisjon og synsmåtar.

Ei anna sognebygd, Jostedal, hadde og stort samkvem med Gudbrandsdal.[3]) Dette har haldi seg heilt ned mot vår tid. Sers talande for sambandet er dei synsmåtane som kjem fram i den vidgjetne segna om Jostedals-rypa. Der finn vi ei merkeleg samanfletting: Bølingane frå Jostedal kom over til Vågå, og vågåværingane reiste til Sogn og ville få veta korleis det stod til i Jostedal. Dei tok «Rjupa» med seg til Gudbrandsdal; ho voks opp i Vågå, men reiste seinare attende til Jostedal. Sume seier at ho då var gift med ein gudbrandsdøl.

Kunnige folk vil ha det slik til at jostedølane i mangt liknar meir på gudbrandsdølane enn på sogningane elles, ikkje berre i målføre, men òg noko i utsjånaden og måten å vera på.[4])

P. Chr. Asbjørnsen fann stor likskap mellom eventyra i Bjørgvin bispedøme og på Austlandet. I dette såg han ein beinveges påverknad: «Sandheten af dette syntes atter at bekræfte sig i Lyster og Forthun, der som bekjendt have megen Forbindelse med Gudbrandsdalen; thi baade Sagnene og Eventyrene kom her atter frem i rigere Fylde end i de udenfor liggende, af Østlendinger mindre besøgte Bygder».[5]) Fleire eventyr viser sambandet mellom Vågå og Luster. Såleis har Asbjørnsen og Moe arbeidt saman eventyret om Store-Per og Vesle-Per av variantar frå Luster og Vågå.

[1]) Gudbrandsdal Folkeblad 14-8-1931.

[2]) Årbok for Dølaringen 1933, s. 74 f.

[3]) Tidsskrift utg. av Historielaget for Sogn nr. 9, s. 69.

[4]) Jostedals-målet har serleg drag frå Nordfjord, Luster-målet frå Gudbrandsdal. A. B. Larsen viser fleire typiske tilfelle, som tyder på inngifting (Sognemaalene I, s. 38). Jfr. Gustav Indrebø i Norske Bygder IV, Sogn, s. 128 f.

[5]) Universitets- og Skole-Annaler 1850, s. 265.



Her kan ein sjå vandringsvegen Borgund i Lærdal — Borgarholt i Sogndal — Sognefjellet til Kringen.

Dei seier: «Eventyret er sammenarbeidet af en Tradition fra *Bergens Stift* og to Traditioner fra Vaage i Gudbrandsdalen . . . I det Hele ere alle disse tre Traditioner overeensstemmende».[1])

Ein mektig kulturstraum har såleis gått over Sognefjellet.

Vi har før vist at den store likskapen i variantane av vår segnkrins grunnar seg på vandring. Det står no att å dryfta vandringsvegen og opphavet. Er han i dette tilfellet frå vest mot aust eller omvendt? Har segnene eit historisk grunnlag?

I Sverre-soga — skriven kring år 1200 — finn vi fylgjande: «Men daa han kom til Sogn, daa hadde meldingarne fraa fiendarne hans fare skjotare, og han fann ei stor folkesamling fyre seg. Vegen hans ned i Sogn gjekk yver ein einstig, der det paa eine sida var ei elv so strid so ho berre rann foss i foss, og inkje kvikjende kom yver utan fljugande fugl, og paa den andre sida var det slike flogberg so der kunde ein ikkje heller koma nokon veg. Einstigen var so trong, so det kunde ikkje sleppa fram meir enn ein mann i senn. Bønderne sat ovanfor uppi hamrarne med *kampesteinar* og *timberstokkar*, og var ferdige til aa *velta* det ned paa birkebeinarne, um dei gjekk ned-under der».[2])

Denne historiske hendinga ligg truleg til grunn for vandresegna. Vi minnest at tilburden i Skreda, Sogndal, også vert knytt til kong Sverre (s. 64). Då han i 1184 brende bygda, sette han seg eit varande og inneti minne mellom bøndene, som laut røma frå gardane sine og kom attende til branntuftene.[3]) For sume måtte det i alle fall vera naturlegast å leggja vegen over Skreda. Om dei i så fall tenkte å verja seg der, veit vi ikkje; men bak bygdeborga skulle dei kjenna seg heller trygge. Ein kan i tilfelle rekna med at sogndølane kopierte stridsmåten frå Lærdal. Hendingane der var

[1]) Norske Folkeeventyr 3 — 2. utg. — s. 492.

[2]) Her sitert etter utgåva ved Halvdan Koht, s. 27, understrekingane av meg. Jfr. Historiske skrifter tilegned Ludv. Daae (Chr.a 1904), s. 47—53 og Historisk Tidsskrift 2 r. 5 b., s. 187 ff.

[3]) Sjå sogebøker, t. d. Sverre-soga kapitel 82.



Galdane i Lærdal. Nyvegen går sprengt innunder berget til venstre.

då berre nokre år gamle; men soga nemner ingen ting om slag i Sogndal, så ein gjer rettast i berre å rekna med segnvandring.

Både situasjonen og lendet på dei to stadene samsvarar framifrå (sjå s. 61, 63, 73). I Lærdal låg dei òg i strid med kongen. Lendet der var lagleg for åtak og svarar heilt til skildringa i Sverresoga (sjå foto). Jamvel på 1700-talet var det sers vandt å koma fram gjennom dalen. Bispen Erich Pontoppidan skriv slik om ei reis han gjorde då: «De 6 Miil indtil Filefjeld kaldes med

et almindeligt Navn Gallerne, og er nok at regne for den vanskeligste Vei, som kan findes i noget Land, særdeles den 3die Miil ved Stenebro, og den sidste Miil før man naaer Fjeldets høieste Top . . . Ved bemeldte Stenebro er Veien i Gallerne allerværst og farligst endogsaa for den bedste Rytter; thi al hans Konst bliver ham her unyttig, og han maa alene lade det komme an paa Hesten, hvilken gemeenlig viser større Forsigtighed end noget Menneske, i det han, hvor Fare er, prøver hver Steen om den ligger fast, med at sætte Foden først saa løselig derpaa, ligesom han vilde spørge, om den ogsaa staaer fast paa sin Kant, efterdi Regnen ofte bortskyller den derunder liggende Sand og Gruus, saa at Stenen løsnes og viger om den ikke er flad nedentil. Disse Gallere ere at ansee ligesom uordentlige Steentrapper, deels gjorte af Naturen deels af Menneskens Hænder, hvor der i Fjeldet selv er et alt for steilt Stykke, som fyldes med opstablede løse Stene . . . men alle (steinane) saa kantede og uordentlig blandede, at den igjennem disse ruinas horrendas møisommelig praktiserede Vei knap nogensteds i Verden haver Lige eller Mage, hvilket sluttes deraf at endogsaa andre norske Heste, som ellers ere vante ved at stige i Klev eller Steentrapper, have ondt ved at komme herigjennem, og en forsigtig Reisende maa tage lærdalske Heste, som ere opvante ved Stedet».[1]) Om den siste mila seier han: «Men den sidste er desto farligere, og det skeer undertiden at en uforsigtig Reisende fra den smale Fodstie styrter ud over et bradt Fjeld af nogle 100 Favne og drukner i den derunder løbende Elv, hvis Brusen i de trange Fosser er saa stærk, at en uvant Hest lettelig maatte blive sky og foraarsage dobbelt Fare».[1])

Det er noko usemje om kvar lærdølane tok på kongen; skildringa i soga kan høva på fleire stader i denne dalen, serleg dei to som Pontoppidan nemner, ved Steinebru og den siste mila, d. v. s. ved Borgund. Det meste talar for den siste staden. Dei ordlaga som Pontoppidan nyttar i skildringa si, er som eit kommentar til

[1]) Levnetsbeskrivelse, s. 128 ff. Jfr. Pontoppidan: Det første Forsøg I, s. 68 ff. og Jessen-Schardebøll: Det Kongeriget Norge I, s. 649.

denne luten av Sverre-soga. Sjølve namnet *Borgund* peikar mot ei *borg*. Dei gamle bygdeborgene låg på stader som var lette å forsvara, der ein med liten styrke kunne stengja framkoma og hindra åtak. Om ordet *borg* seier Ivar Aasen: «Egentlig Fæstning, befæstet Plads».[1]) Di lettare var det å føra forteljinga over til ei anna borg — i Sogndal — som hadde ei liknande stode ved allfarvegen. Vi merkar òg at fjellpartiet er utruleg likt på båe desse stadene (s. 61, 63, 73).

At sogndølane i 1184 hadde høyrt gjeti tilburden i Lærdal nokre år før, kan det ikkje vera tvil om. Alt skulle såleis liggja utifrå vel til rette for assosiasjonar og overføring.

Reknar ein med at den tilburden som Sverresoga fortel frå Lærdal, er grunnlaget for skildringane som knyter seg til Sogndal og Kringen, må Sogn koma sterkt i framgrunnen som opphavsstad. Difor meiner eg at *spreiingsvegen er Lærdal—Sogndal—Gudbrandsdal.*

Steinar og stokkar som vart *velte* ned over fienden, er den kjernen som lett vandra og feste seg til laglege stader. I Kringen må bøndene verkeleg ha nytta denne stridsmåten. Historikaren Slange, som i 1749 gjev ei sakleg skildring av slaget,[2]) fortel om bøndene at dei «sig af Fienden u-formerkt udi ald Stilhed hafde forskantzet. Denne Almue lod For-Tropperne u-skad forbi passere; men Bag-Tropperne, saa snart de ankomme, bleve med Skud og Steen angrebne; thi ingen af Fienden, som ikke allerede var kommet forbi, kunde hverken komme frem eller tilbage, formedelst Spanske Ryttere som vare lagde baade Norden og Synden udi Kringelen, og Stædet var ellers paa dend ene Side af Veyen belagt med høye Field og Bierge; og paa dend anden Side med rindende Elve udi dybe Fosser og Striide Strømme. Da de nu saaledes først med Skud og Steen vare blefne angrebne, fuldførte Almuen Striden med Øxer og Kaarden udi Haanden, og en stor Deel bleve need-

[1]) Norsk Ordbog, under *borg*. Borgund kan vera samansett av borg, f. + und, f. og tyda staden som har vern av borga.

[2]) Den Stormægtige Konges Christian den Fierdes Historie II, s. 314.

hugne og de fleste bleve udi Elfven needstødte og druknede». Dølevisa fortel dette slik:

De gave sig strax ad Klippen op
og vilde de Norske om bringe,
de bleve ned kjørte med Stok og Sten,
og maatte fra Klippen springe. [1])

Krag skriv om førebuinga på denne måten: «En liden Hob af Bønderne lagde sig i Skjul et Stykke nordenfor, og skulde, naar de fik høre Larmen af Striden, begive sig ned i Veien, og hindre Fienden fra at flygte tilbage. Bønderne nedhuggede ogsaa store Træer, og indrettede deraf spanske Ryttere til at vælte foran og bag Fienden paa hans trange Vei, for saaledes at indestænge ham, og hindre ham fra at komme baade frem og tilbage».[2]) Han er såleis inne på det same som Slange, men knyter så til velte-historia.

Schøning fortel at gudbrandsdølane kom «til forbenævnte Kringelen, og her satte man sig i Positur til at angribe Fienden . . . Til den Ende havde Almuen, fra bemeldte Giælde, i bemeldte trange Passage, et kort Støkke oven for Veien, anlagt en Forskandsning, eller et Brøstværn, af Steen, bag hvilket Bønderne posterede sig, for der at oppebie Skoternes Ankomst . . . Saa snart bemeldte Signal var givet, giorde de i Forskandsningen liggende Bønder Angreeb med Bøsser, Steene, Stokke. Skoterne, som her ingen anden Redning saae for sig, søgte vel at opleede dens Fiende, af hvilken de bleve angrebne; men de dem mødende Kugler, med de Stokke og Steene, som bleve nedveltede ovenfra, og nedsloge heele Skarer af dem, giorde alle deres Forsøg til intet. De bleve nedlagde, de gudbrandsdalske Bønder beholdte Seieren» (s. 24 f.).

Presten Hiorthøy gjev att tilburden på liknande vis. Om lag slik må striden ha vori.[3])

[1]) Sjå s. 18. Jfr. Krag: Sagn, s. 38 og Øverland: Illustreret Norges-Historie VI, s. 215.

[2]) Sagn, s. 32 f.

[3]) Jfr. A. Helland: Norges land og folk V, Kristians amt II, s. 623 og Angell: Skottetoget, s. 59 og 56 f. Jfr. òg dette segndraget: «Pladsen

Andreas Faye fortel at dei «rullede Stene og Træer ned paa de forfærdede og raadvilde Scotter, der deels bleve knuste» (s. 38). Dette har Henrik Wergeland gjort om til «Steen- og Tømmervælter» (s. 39). Vegen er då opna for *ei svær velte*. Her er ikkje vandt å finna tilknytingspunkt for folkefantasien. Dei «spanske ryttarane» (ɔ: «tømmerstokker med de største kvister sittende paa, tilstudset og spidset til; de benyttes til at sperre veier og porter»[1]) som skulle stengja vegen, og stein og stokkar som vart velte ned, vert snart ei skrede, serleg dersom ei segn om såvori vart kjend i dalen. Dølevisa seier at

«de skandser for sig, gjorde Mure,
opreyste Stene mange,
og Laae der Lige som Katten paae Lur
naar Han vilde Musen fange.»

Og:

«dem beringes baade Sønder og Nord
det mone de helst fortryde» (s. 17 f.).

Ho nemner òg korleis dei «bleve ned kjørte med Stok og Sten». Slange seier at dei «bleve med Skud og Steen angrebne» (s. 75). Schøning fortel at dei gjorde «Angreb med Bøsser, Steene, Stokke» som «bleve nedveltede ovenfra, og nedsloge heele Skarer af dem». Innskrifta på tavla i 1733 kan òg lett tolkast om. Der står at nokre hundre skottar «her bleve knusede, fast ligesom Leer-Potter». Knusinga står så godt i samklang med ei velte at ein kan ikkje undra seg over ei slik utvikling. Ho ligg snublande nær. «Det er likesom man i en lang, veik tid ikke ret har kunnet tænke sig at skotternes nederlag er skedd ved et godt planlagt skogoverfald av ukyndige bønder», seier Angell; men ein «har maattet forklare sig den hændelse ved noget næsten overnaturlig», og «Mange maa ha været saa ivrige for at forringe gudbrandsdølernes dygtighet baade i plan-

Herrefaldet under Nordby skal efter Sagnet have sit Navn af, at der sammesteds i Gyldenløves Feide blev gjort en Forhugning af Træer over Veien» (Heyerdahl: Urskogs Beskrivelse, s. 54).

[1]) Angell: Skottetoget, s. 56.

læggelse og utførelse av overfaldet at de har søkt at redusere hele kampen til en slik «nedkjøren med stok og sten».»[1]) I røynda vert verket mykje større og gjævare om her har vori ein vanleg strid.

Etter dette kan samanheng, utvikling og vandring truleg rekonstruerast slik: Den historiske tilburden i Lærdal — 1177 — har vorti kjend i Sogndal og fest seg til Skreda. Steinar og stokkar som vart velte ned over fienden, blei til ei velte av stein og tømmer. Som nytt har komi inn signal som skulle gjevast når velta skulle gå. Det er ei naturleg og naudsynleg fylgje av det nye i situasjonen. Forsvararane laut no halda seg eit stykke frå åstaden. Segna har så vandra austover den vanlege sambandsvegen og knytt seg til ein lagleg stad, Kringen. Dei «spanske ryttarane» og stokkar og steinar som vart nytta i Kringen-striden, gav det beinveges tilknytingspunktet.

Stridsmåten frå Sverre-soga og i Kringen er elles ikkje einstaka døme som historia vår gjev oss. I Egilssoga, som vart skriven mellom åra 1150 og 1240, høyrer ein at Egil Skallagrimsson skulle vera ute for noko liknande på 900-talet. Han var då på ferd til Sverike: «Då kom det òg menner ovantil deim på hamaren og kasta stein på deim derifrå, og det var mykje fårlegare», og: «Der er ein hamar ovanfor; vegen ligg fram imillom og er ikkje breidare enn ei gote. Sume skal då fara fram um hamaren og taka imot deim um dei vil frametter».[2]) Heile denne ferda er visseleg fri dikting;[3]) men i denne samanhengen har det interesse at ein slik stridsmåte var kjend på den tid, noko ein elles måtte rekna med som visst, då han høver for eit meir primitivt standpunkt.

Den kjende puniske herføraren Hannibal (247—183 f. Kr.) var ute for det same då han drog over Alpane og skulle til Italia: «Då dei kom til ein svært trong veg som låg like under ein bratt ås, braut barbarane fram frå bakhaldet på alle kantar, i fronten og i ryggen, gjorde åtak i nærkamp og fjernkamp, og velte svære steinar ned på heren».[1]) Det ser ut til at Hannibal ofte nytta ut strategiske føremoner av liknande slag: «Og no var han komen til ein stad som var som laga til baklur. Trasimensjøen går der for det meste til Korton-fjella. Der er berre ein svært smal stig imellom, nett som han skulle vera laga til dette føremålet» . . . Ryttarane sette han opp like ved fjellskardet, der bakken godt verna dei. «Då no punaren — slik han hadde ynskt — hadde klemt fienden mellom sjøen og fjellet og ringa honom inne med troppane sine, gav han alle teikn til åtak.» Så storma dei ned. Striden står på i ryggen og fronten. Fienden får ikkje ordna seg . . . «Då no fåfengde åtak var gjorde til alle sider og på sidene fjell og sjø, føre og i ryggen fiendeslaglina klemde dei inne, og det var klårt at det ikkje fanst anna von enn den som kvilde på neve og sverd, då vart kvar for seg feltherre og førar». Mange gjev seg ut i sjøen og prøver å koma unna, sume drukna, andre vart nedhogne då dei måtte søkja til lands att.

Siste luten minner serleg om det som verkeleg gjekk for seg ved Kringen.

I meir primitive samfunn kan slike stillingar nyttast til forsvar òg i vår tid. Misjonær J. Einrem fortel såleis frå Madagaskar i vår tid: «Der bygget han sitt «slott», og derfra kunde han med egne øine overvåke hele sitt rike. Bare en eneste smal sti, en skråsprekk i glattberget, førte dit op. Han følte sig derfor helt sikker. Med noen steiner kunde han forsvare opgangen mot hvem det skulde være. For aldri kunde det gå mer enn en og en ad gangen. Og den som gled var dødsens».[2])

Dette er ein så naturleg stridsmåte at folk må ha komi på han alle stader der lendet var lagleg for slike åtak.

Er det så rimeleg at desse segnene kan vera gamle i Gudbrandsdal? Eg har ikkje kunna finna far etter dei før på 1800-talet. Draget om mannen på hesten finst i ei nøktern form frå 1775. Det *kan* vera historisk, men er det truleg ikkje. Segnlaginga tok til

[1]) Skottetoget, s. 60 og 61.
[2]) Egilssoga (ved Leiv Heggstad, Oslo 1927), s. 195.
[3]) Utgreiing av Halvdan Koht i Syn og Segn 1934, s. 241.

[1]) Livius's 21. bok, kap. 34 ff.
[2]) Lys tennes, s. 118.

lenge før. Det syner Dølevisa og skildringane frå 1770-og 1780-åra — av Schøning, Hiorthøy og Storm — men dei nemner ikkje velta eller Guri. *Det kunne difor vera grunn til å tru at desse segnene har vorti kjende i Gudbrandsdal kring år 1800.*

Krags bok var serleg farleg for utviklinga, av di ho ikkje skilde klårt mellom segn og soge. Ein kan mange gonger tvila på kva standpunkt forfattaren sjølv tek til det forvitnelege stoffet. Overgangane frå segn til soge er sers vande å merka. Berre ved ei kritisk saumfaring og jamføring kan ein ha von om å finna samanhengen mellom dei grunndraga som han byggjer på. Difor har ettertida så lett vorti narra. Krag reknar ikkje boka si som noko sogeverk, men kallar ho ei segnsamling. Han er ein av dei fyrste hjå oss som i større mon drog segnene inn i sogegranskinga. Andreas Faye var visseleg førebiletet hans — med sine Norske Sagn i 1833.

Det er ei kjend sak at ymse slag folkeminne, t. d. viser, segner og soger, kan vandra lange vegar og jamvel verta heimfeste til nye stader. I Mål og Minne har eg synt korleis laglege tilhøve dreg vandrestoff til seg og gjev det dåm og farge (1927, s. 131 ff.). På den nye staden har tilfanget serskilde levevilkår på grunn av den bygdepatriotiske interesse og byrgskap.

Di meir sermerkt tilburden er, di lettare slår han rot i mannehugen. Til jamføring tek eg med eit par illustrerande døme. For nokre år sidan var ein student oppe på det nordlege Ringerike og skulle sjå på ei gamal borg, Tjunborga. Til henne knytte det seg mange segner. Ein gamal gubbe frå Haug fortalde ei heil rekkje. Mellom desse var den kjende segna om sætergjenta som vart påteken av røvarar og måtte blåsa i lur etter folkehjelp. Så sa han: «Ja, kva var det no ho heitte, den gjenta?» Etter å ha tenkt seg om ei stund heldt han fram: «Jau, Pillar-Guri var det». Lurblåsinga har her visseleg vori assosiasjonsgrunnlaget.[1])

[1]) Jfr. Bugge: Folkeminneoptegnelser, s. 29. Andreas Faye fortel òg om «Tyvenborg». Han nemner at sætergjenta hadde kvitt forkle og bles på lur. «Da saa Pigen flaggede med Forklædet, stormede Bønderne op efter

Johannes Skar fortel denne soga: «Her var ein Mann som skar Krullar og gjorde Eld paa; han tenkte det var Maandagen. Med same han gaadde seg, brende han Krullarne paa Handebaket, fortalde Papa».[1]) Dette er den kjende soga om Olav den heilage. Snorre gjev ho att på denne måten: «Det hende seg ein sundag, at kong Olav sat til bords i høgsæte sitt, og sat i so djupe tankar at han ikkje ansa paa tidi. Han hadde ein kniv i handi, og ei stikke, som han spikka nokre sponar av. Skutilsveinen stod framfor han med ein mugge, og saag kva kongen gjorde, og daa skyna han at han sat i andre tankar. «De er maandag i morgon, herre», sagde han. Kongen saag paa han, daa han høyrde dette, og daa kom han i hug kva han hadde gjort. Daa bad kongen um eit kveikt kjerteljos, og sopa ihop i handi si alle sponane som han hadde spikka, og sette logen burt aat og let sponane brenna i loven paa seg».[2])

På liknande måte har skottekrigen teki rom i folkemedvitet.

Stien. Tyvene vaagnede ved Støien og da de saae, at de ikke kunde slippe bort, styrtede de sig ned over Fjeldstupet» (Norske Folke-Sagn, Chr.a 1844, s. 224 f.)

[1]) Bygdeliv, s. 33.

[2]) Soga om Olav den heilage, kap. 190; her etter Schjøtts omsetjing.

BOLK II

Gåver og avgifter.

Det er ikkje berre kring landskjende og dådrike hendingar at segnlaginga har rike vokstervilkår, av di den einskilde tilburden vekte åtgaum og kalla på folkefantasien.

Sams ytre tilhøve som mennesket lever under, formar eit huglag som reagerer på same måten i gjevne tilfelle. Difor har segner med ålmenn nasjonal karakter så lett for å slå rot på nye stader, så framt dei finn laglege tilknytingspunkt. Jordbotnen ligg ferdig og ventar på frøet.

Vi skal her dryfta nokre grupper av denne typen og syna korleis dei same kreftene er i arbeid.

1. Heller og steinar.

Frå barnsbein av høyrde eg gjeti Ylvisåkerhella — eller «Paolshedlao», som folka på garden kalla henne. Forteljinga var ålkjend i Sogndal i Sogn og lydde som oftast slik: (a) «På Ylvisåker ligg ei stor hella laus i fjellet. For å verna seg, so ho ikkje skulde detta ned, gav ylvisåkringane frå gamalt eit årleg offer til «Spetalen» i Bergen. Eit år dei nekta, seig hella; so tok dei på att».[1]) Dei eldste og beste forteljarane visste meir om dette: «Når hella kjem, so skal Ylvisåker gå med, ja dei segjer òg at Venes, som ligg på den andre sida av fjorden, vil strjuka med, like eins Fardals-stodi og Eskestrand» (sjå kartet). Av den grunn er det sume som har sagt at

[1]) Jfr. Sogns Tidend 26-6-1934 og Heimbygdi vår Sogndal VII, s. 31-32.

Venes òg «ofra til hella». Dette høyrde eg jamvel i Fjærland (Balestrand herad), der det vart uttrykt slik: «Venes skal ofra til bylgjedraget» (ɔ: så båra frå sjøen ikkje skal ta husa).[1]) Ein mann frå Ylvisåker hermde etter bestefar sin at det året dei ikkje betala, seig hella ei alen; ein gamal mann hadde høyrt nemnt ein «kannambarbotn». Sume vil òg vita at den årlege avgifta ein gong vart innløyst med ein sum som skulle gjelda for alltid.



x) Pålshella. xx) Aksafaddelsteinen. (Sogndal i Sogn.)
Foto: Kjell Bondevik.

Tradisjonen har såleis vori rik kring dette emnet. Med tida har det vorti spunni meir og meir på tråden.

Dessutan vert det fortalt: (b) «Dei heldt på og skar ute på Ylvisåker. Då dei gjekk til måls, la alle sigdane sine, 7 i talet, på *ein* stad. Medan dei var heime, kom det ein veldig stor stein ned frå fjellet. Han drap ei kyr som stod i tjor, og la seg nett der dei hadde lagt sigdane. Steinen ligg der enno og heiter «Aksafaddelstein», og

[1]) Dette viser at folk har reddast slike hende som dei kjende Loenulukkene. Denne sotten må byggja paa røynsle frå eldre tid. Hans Strøm nemner fleire døme frå Sunnmøre (Physisk og Oekonomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør II², — Aalesund 1907 — s. 16 ff., s. 61 ff. o. a. s.) Jfr. Jessen-Schardebøll: Det Kongeriget Norge I, s. 615.



«Aksafaddelsteinen».

Foto: Kjell Bondevik.

under han skal kyri liggja». Andre seier at ein mann hadde lagt trøya si der steinen stogga.[1])

Ingen kan no gjera greie for når dette skal ha hendt, anna det var i «gamle dagar». Fråsegnene a og b lever utan å vera sette i relasjon til ein annan; men her er ein tydeleg samanheng. Folka på garden veit ikkje kva namna «Paolshedla» og «Aksafaddelstein» kjem av.[1]) Åkeren heiter enno «Aksafaddel» og har bori dette namnet lenge.

Truleg har steinen fått namn etter åkeren. Denne er sers god og djup. Om hausten legg aksa seg lett av eiga tyngd. Då vert det «aksafaddel». Den svære steinen uti åkeren vil då etter vanleg namneskikk kallast «Aksafaddelstein«.

Men den siste fråsegna, b, synest å peika i den lei at vi her har

[1]) Sjå òg Heimbygdi vár Sogndal VII, s. 32 f.

med ei folkeleg svarsegn å gjera; det er ein tolkingsfreistnad. At steinen har komi ovafrå fjellet, er klårt, og i denne sanninga har segna teki utgangspunkt. Av namnet på steinen har dei så seinare tenkt seg at han kom om hausten under skurden og «fall på aksa» (sjå segna). Så må åkeren ha fått namn etter steinen.

Det motsette har i røynda vori tilfelle.



«Aksafaddelsteinen».

Foto: Kjell Bondevik.

«Spetalen» i Bergen er St. Jørgens hospital for spillsjuke. I sjukehusarkivet har eg ikkje kunna finna noko dokument som viser at dette fekk eit årleg offer frå Ylvisåker; men ved eit høve fekk eg høyra ein annan variant, som fortel at desse gardane «skatta» til Stedje- og Kaupangerkyrkja i Sogndal herad. Og dette viste seg å vera rett.

Denne avgifta kalla dei gamle «hedlepeng». Ho er m. a. nemnd i 1903: «Blandt Kaupanger Kirkes faste Indtægter er foruden Landskyld af nogle Gaarde i Solvorn, Lærdal og Aurland ogsaa en Afgift af Ylvisaker i Norum paa Kr. 3,62 (4 Ort og 12½ Skilling). Denne Afgift skal fra først af være svaret Kirken for at forebygge, at en ret over Ylvisaker paa Fjeldsiden liggende svær Stenhelle, «Paalshedla», skulde styrte ned og ødelægge Gaarden og dens Huse».[1])

[1]) Sogns Kirker i Fortid og Nutid. Skrevet for «Sogningen» af G. F. H. Vik i Sogn 1903, s. 60 f.

Heradsrekneskapen for Sogndal i Sogn viser at denne avgifta no vert bytt slik på Ylvisåker-gardane:

Gardsnr.	79,	bruksnr.	1[1])	(m.sk.	3	m.	63	ø)	betalar kr.	0,52
»	»	»	2	(»	3	»	82	»)	» »	0,52
»	»	»	4	(»	7	»	14	»)	» »	1,03
»	»	»	5	(»	7	»	60	»)	» »	1,03
»	»	»	6	(»	4	»	51	»)	» »	0,52
									Kr.	3,62

Den same summen får Stedjekyrkja òg. Til saman vert det kr. 7,24.

Ein gamal mann sette meg på rette faret etter grunnlaget for denne skatten. Han hadde ein gong sett eit dokument der hella var nemnd, men visste ikkje noko meir. Så vart det ei intens leiting. På ein gard kom eg over ei avskrift av eit gamalt merkesbrev (datert i juli 1736) som gjeld Ylvisåker. Avskrifta var heller skral — og sumt var mis-skjøna —, men med grunnlag i denne fann eg fram til originalen i Statsarkivet i Bergen. Der står m. a.: «Aº 1735 d. 18 Aprilis er holden almindelig Vaar-Schatte- og Sage-Ting for Norums Skibbredes Almue . . . Hr. Mickael Falck fremstillede sig for Retten og begiærede af Kongl. Majts Foget Edle Annanias Christopher Harberg det hannem maatte behage at efttersee og tilkiendegive Gaarden Ulvigsagers Landskyld Species eftter Matriculens Jordebog, som velbem.te Hr. Foget Harberg, ved efttersiun, gaf tilkiende at være eftter gamle og nye Matriculs Jordebog 5 Løber 1 pd. 12 Mrk. Sm. 3 Huuder 4 Ml. Korn. Til Smør Reduceret er 7 Løber 18 Mrk.

Hvor af eftter Matriculen og det beneficerede godses Specification Sogndals Præsteboel er beneficeret 1 Løb Smør.

Hr. Michael Falck eftter anviist Kongelig allernaadigst skiøde af 10. Aug. 1729 ejende 1 Løb Smør 1 Hd. 8 Ml. Korn.

Lasse Nielsen Ulvigsager eftter anviiste Kg. allernaadigste

[1]) Norges Matrikel, Matrikulerede eiendomme og deres skyld den 1. oktober 1906 i Sogndal herred (Kr.a 1907), s. 72.

skiøde af 16 Martj 1731, ejende -"- 1 pd. 12 mrk. Smør ½ Hd. 4 ml. Korn.

Anders Andersen Ulvigsager eftter anviiste Kg. allernaadigste schiøde af 16 Martij 1731, ejende ligel. 1 pd. 12 mrk. Sm. ½ Hd. 4 ml. Korn. afgangne Iens Torbers Ulvigsagers Arvinger eftter Skiftebrevet af 30. Septbr. 1684 udlagt -1 Løb Smør, 1 Huud, 8 ml. Korn. Peder Iensen Ulvigsager i bemt. Gaard Ulvigsager ejende 18 mrk. Smør, for hvilche ere een af Ulvigsagers ejende udmarchstomt Ødegaard, som eftter her nefnt Skiftte bref af 30 septbr. 1684 kaldes ved det nafn Eigesøs Ødegaard. Forskrefne ejendom eftter adkomster beløber 4 Løber 18 mrk. Sm. 3 Huuder 24 Ml. Korn som til Smør Reduceret er ligeledis 7 Løber 18 mrk; angaaende foranførte landsskyld Speciers difference imellem Matriculen og adkomsterne formenet hr. Falck ventelig er kommen af Landskyldstagernes oppebørsel. Forbemelte Skiøder og adkomster forlangede hr. Falck i det her ved forlangende tingsvidner inddraget. — Hernest hr. Mickael Falck anviiste og producerede Deris Kongl. Majts paa Sogndals Præstegields Kiercher allernaadigst til hr. Christen Heiberg /: af hvem bemelte hr. Falck forskrifne Kircher med ald tilliggende gods og jndkomster sig haver tilforhandlet :/ udgifne skiøde, hvorudi blant Kirche godset findes solt goedz i gaarden Ulvigsager ½ løb Smør uden bøxel, til Copanger Kirche og ½ løb Smør uden bøxel til Stedie Kirche; og som der af af forrige Foget Edle Henrick Arnoldus Thaulow er fordret Odelskat og Rostieniste eftter hans bereigning, som hr. Falck i Retten producerede af dato 18 Maij 1734, og jtzig Foget Aarlig reigning derpaa formerer og betaling paastaar. Saa tilspurte hr. Mickael Falck Almuen saavels. gaarden Ulvigsagers opsiddere Lasse Niels. Ulvigsager, Anders Ulvigsager og Iver Christens. Ulvigsager hvad beschaffenhed det haver med dette Kirche goedz eller den til Kircherne betalte afgiftt eftter Kirche stoelens formeld. — Der til Almuen svarede: at forhen mod nogle og 50 til 60 Aar siden, da fra et løst over gaarden liggende field nedfalt een stor steen, og da af frøgt for meerbemt. løse field,

som endnu er tilsyne, og for hvis nedfald Aarlig befrøgted er og frøgtes for, have Fædrerne i de tider, som paa gaarden Ulvigsager for omtrent 60 Aar siden som forbemelt boede givet een aarlig gave til Stedie og Copanger Kirche Nemblig een laup Smør in Natura som var 1 vog Smør, og nu i nogen tid i stæden for smør svaret dets værdi i penge med 2 rd. 1 mrk. 8 s. paa det at gud skulle af hans guddommelig almagt befrie gaarden fra fornefnte løsliggende fields nedfald /: hvor ved, det gud dog Naadelig afværge, baade gaardens huuser saavelsom den meste og beste herlighed af ager og eng eftter som det lade sig tilsyne, ville bortgaae :/ At denne gave saaledis og paa denne maade som melt have været, forklarede Ulvigsagers forindførte opsiddere at være i ald guds sandhed, og at der for samtlige opsiddere som baade have været og nu ere paa gaarden Ulvigsager have holdet dette gave løftte ligesom Fædrene og betaler hver eftter sit brugende løbetal samme gaveløftte, og Kircherne saaledis aldrig have ejet eller ejer mindste del af Jordegods enten med eller uden bøxel i gaarden Ulvigsaker, men den belovede gave 1 vog Smørs værdi lige mod een løb Smørs landschyld med 2 rd. 1 mrk. 8 s. vaaret givet og giver, for gud Almægtigst schal bevare gaarden fra forommelt løse fields nedfald, og ville opsidderne, som dels selfejere formode at de iche for denne deris og de andre opsidderes godvillige gave ligesom deris Fædre, schal tillige frasøges noget af deris rette og sande Ejendom. — Dette hr. Falck til et tingsvidnes erholdelse forlangede under rettens forsigling beschreven givet, som iche negtes kunde.»[1])

Saka kom fram att året etter, i 1736. Det viser merkesbrevet. Bøndene hevda det same som sist. Då ingen ting er ført inn i rettsprotokollen, må futen ha sett seg imot det. Originalen til merkesbrevet er ikkje komen for dagen. Eg lyt difor nytta avskrifta, som har fleire tydelege skrivefeilar. Dei vert ikkje retta her: «Men Hr. Mikael Falck hernest ellers erindrede at efter det af deres

[1]) Tingbok nr. 32 (1734—1736) for Indre Sogn, s. 52 ff. Christen Heiberg hadde i 1726 kjøpt Stedje-, Kaupanger- og Ølmeimkyrja for 500 riksdalar.

kongelige mayst aller naadigst udgivne Skjøde paa Sogndals præstegjelds kirker og gods til hr. Christen Heiberg, af hvem hr. Mikael Falck sagde samme kirker og gods sig at have tilforhandlet er af deres kongelige Mayst solgt af gaarden Ylvisaker 1 løb smør nemlig ½ løb smør uden bopel til Stedje kirke og ½ løb smør uden bopel til Kaupanger kirke, men Ylvisakers opsiddere herimod forrestillede, at herom var taget tingsvidner afvigte aar 1735, paa vaartinget som oplyser hvorledes sig med samme sig forholder, hvilket Hr. Falck saavit derom findes protokoleret har i forretningen begjærede indraget saa vel til fremtids efterretning, som kirkernes Reservation til 1 løb jordegods eiendom efter aller høiest bemeldte kongelig allernaadigste Skjøders indhold, saafremt det høi-kongelige Cammer Colegie ikke høigunstigt ville anse og approbere at den til kirkerne erlagde afgift, som en gave efter tingvidnets formeld skal vorde ansed, og for odelsskats svarelse befries.»

Når bygdefolket og bøndene på Ylvisåker nemner eit visst åremål — mellom 50 og 60 år — og dette berre spenner over ein god mannsalder, skulle ein tru at dei bygde på trygge kjensgjerningar. Sume av dei kunne truleg minnast ei 50—60 år attende, eller dei hadde opplysningane frå foreldra sine eller andre samtidige. Lasse Nilsson som er nemnd mellom vitna, var fødd pa garden i 1674, altså 61 år føre tingmøtet. Anders var om lag jamgamal med honom. Dei har difor føresetnader for beinveges å hugsa ei slik hending. Ein skulle ha rett til å leggja stor vekt på dette som vart sagt for retten og skulle «være i ald guds sandhed». Men det er merkeleg at rettsprotokollen ikkje har noko frå siste handsaminga. Bøndene kan difor ikkje ha fått medhald. Og det må ha sin serlege grunn.

Etter matrikkelen 1666 og eksaminasjonsprotokollen 1723 var landskylda av Ylvisåker 5½ laup smør, 3 huder og 4 mælar korn. Omrekna til smørskyld etter samhøvet 1 laup smør = 2 huder = 16 mælar korn i samsvar med reknemåten i tingboka 1735 vert det 7 laupar 18 merker smør.

Av den oppgjevne skylda var etter eksaminasjonsprotokollen

1723 3 laupar smør og 2 huder krongods, 1 laup smør prestebolsgods (Sogndal prestebol) og 1½ laup smør, 1 hud og 4 mælar korn bondegods.

Landkommisjons-jordeboka 1661 gjev opp at kongen åtte 2 laupar smør, 2 huder og 16 mælar korn i gardane, bøndene 1 laup smør, 1 hud og 8 mælar korn og Sogndal prestebol 1 laup smør. Dessutan var ½ laup smør apostelgods, ½ laup låg til Stedje kyrkje, og ½ laup til Kaupanger kyrkje.

Krongodset var 1661 og 1723 det same og svara til det godset som Mickael Falck, Lasse Nielsen Ulvigsager og Anders Andersen Ulvigsager åtte i 1735 etter kongelege skøytebrev frå 10. august 1729 og 16. mars 1731. I 1723 er 16 mælar korn omrekna til 1 laup smør. Jordeboka over viss rente av Sogn 1617—1618 syner at krongodset før hadde vori «stigtens gods».

Av bondegods var det i 1723 18 merker smør (¼ laup) meir enn i 1661. Det er tvillaust øydegarden «Eigesøs» på 18 merker smør som er komen til. Bondegodset i 1661 var det same som ervingane etter Jens Ylvisåker åtte etter skiftebrev 30. september 1684. 4 mælar korn er i 1723 omrekna til ¼ laup smør.

Kontribusjonslista for Indre Sogn 1648 syner at det av Ylvisåkergardane då gjekk ½ laup smør til prestebolet i Sogndal (venteleg misskriving for Stedje kyrkje), ½ laup til Kaupanger kyrkje og 1 laup til prestebolet i Sogndal. I Stathaldararkivet finst det ei liste frå 1624 over «Jndkomst i Sogn -Lehn, først Kirckernis oc Dernegst Præsternis», og der er Ylvisåker oppført med ½ laup til Stedje hovudkyrkje, ½ laup til Kaupanger kyrkje og 1 laup til prestebolet i Sogndal. Alt dette er kalla landskyld. Samsvaret desse to åra viser til noko *fast*. Då avgifta til dei to kyrkjene er nett den same som ei 100 år seinare, må ein rekna med at ho gjeld same saka. Retten har truleg funni fram dokument som viste dette, og bøndene måtte gjeva seg. Den ting at avgifta har vorti betalt like til det siste, syner òg at det som bøndene hevda, ikkje hadde rettsgrunnlag.

Dette tingmøtet er forvitneleg på fleire måtar. For det fyrste

syner det oss kor varsam ein må vera når det gjeld å byggja på gamle dokument, og for det andre viser det kor fast tradisjonen kan bli på stutt tid. Ein må tru at heile tingålmugen umedvitande er på villstrå. Eitt er i alle høve visst: *tradisjonen var kjend på 1600-talet*.

Det omstendet at matrikkelen frå 1660-åra og utetter ikkje har med noko om avgifta til kyrkjene, har visseleg styrkt den trua ålmugen hadde: kyrkjene *åtte* ikkje noko i gardane. Dei dokumenta eg har funni fram mellom åra 1624 og 1661, viser alle at Stedje og Kaupanger kyrkjer åtte kvar ½ laup i Ylvisåker.

I matrikkelen 1666, eksaminasjonsprotokollen 1723 og oppgåva over «adkomster» i tingboka 1735 vantar etter dette ½ laup smør som var apostelgods, ½ laup som låg til Stedje kyrkje, og ½ laup som låg til Kaupanger kyrkje. Korleis det kan hanga saman at desse gardpartane ikkje har komi med i matrikkelen, kan ein ikkje sjå. Både den gamle og nye matrikkelen viser samsvar med tingboka i 1735. Når det seinare i dokumentet likevel er tale om ein skilnad mellom «Matriculen og adkomsterne», må ein her sikta til ein enno eldre matrikkel, frå 1661 eller før.

Etter Bjørgynjar kálfskinn frå kring året 1360 åtte ikkje desse kyrkjene noko i Ylvisåkergardane på den tid. Avgifta må difor vera *yngre*. Då ein finn henne i 1624, må ho vera *eldre* enn dette siste året. *Opphavstida vert såleis mellom 1360 og 1624*. Eldre skulle heller ikkje Ylvisåker-tradisjonen vera.

Slike *småavgifter* på gardar skriv seg ofte frå *gåver* som i den katolske tida vart gjevne til sælebot og frelse for sjeler. Ei god gjerning skulle ha si løn i himmelen. Det synet var grunnfest mellom folk. Kyrkjer og kyrkjelege institusjonar hadde difor ei mengd gardpartar som dei fekk. Dersom denne avgifta som er knytt til Ylvisåker-gardane, har det opphavet som bøndene hevdar, er det rimeleg at ho kan førast attende til tida *føre* reformasjonen (1537). Den lutherske kyrka ville ha vandt for å godkjenna ei fast avgift i såvoren form. Det ville minna for mykje om det som ho stridde så hardt imot: gjerningskristendom.

Ingen ting *hindrar* at *grunnlaget* kan vera det som bøndene hevdar. Dei tek i så fall berre feil av *tidspunktet*. Det er lett å skjøna at dei kunne tenkja seg denne alderen på noko som dei høyrde i barndomen. Skulle dei ha rett i påstandet sitt om *opphavet* til avgifta, må ein rekna med at ho har vorti *fast* etter ei tid. I visse høve kan det *friviljuge* verta *plikt*. Rettshistorikaren professor Brandt seier om «Alders Tids Brug som Retsgrundlag»: «Derimod er den Omstændighed, at Brugen fra først af er opstaaet af en *Villighed* (ex mera facultate), ikke i og for sig til Hinder for, at den i Tidens Løb i den almindelige Opfatning kan antage Karakteren af *Pligt*, og, ved paa denne Maade at fortsættes i Alders Tid, vinde Urokkelighed.»[1]) Slik må det i tilfelle ha gått med «hedlepengane»; for når tilhøvet har «bestaaet og været respekteret fra Alders Tid, vinder Formodningen for, at det ogsaa er retteligt stiftet, i den Grad Styrke, at det maa paaligge Modparten at bevise det Modsatte, hvis han vil have det omstyrtet. Men lykkes det ham at føre dette Bevis, er dermed ogsaa Grundlaget for det Bestaaende rokket, og dette maa ophøre, hvor gammelt Forholdet end er, med mindre det henhører til dem, hvori Alders Tids Brug selv stifter Ret».[1])

Tilfanget her ligg slik til rette at ein ikkje med full visse kan slå fast noko absolutt; men ein kan tenkja seg denne løysinga som rimeleg: Den friviljuge gåva vart gjeven så lenge at ho med tida vart fast og kom med i matrikkelen; men etter 1666 kjem ho bort att i dokumenta. Det kunne tyda at bøndene alt då har reist strid mot avgifta som plikt; men ho har vart så lenge at dei ikkje kan føra fram trygge prov. Difor får dei ikkje viljen sin igjennom, og på grunn av «Alders Tids Brug» må dei enno (1939) betala avgifta, jamvel om rettsdokumenta ikkje nemner noko.

Då ein mann frå Ylvisåker for mange år sidan kom heimatt frå Amerika, lo han åt bøndene, av di dei betala denne avgifta, og då

[1]) Tingsretten (Kr.a 1878), s. 505 og 508; jfr. sst. s. 459—464. «Alders Tids Brug» skapar rett etter om lag 100 år.

prøvde dei å koma seg frå henne; men den sakkunnige hjelpa viste at det gjekk ikkje.

Då innløysingslova kom,[1]) hadde bøndene møte og dryfte saka; men dei valde å betala den årlege avgifta og løyste seg ikkje ut. Dette møtet har seinare vorti mistydt og skapa ein variant av tradisjonen (s. 83).

Opplysningane om den store steinen som fall ned «fra et løst over gaarden liggende field», er snautt gripne or lause lufta. Det må ha dotti ned eit fjellstykke ei tid før, steinen er sjølv eit prov på det; og denne hendinga har levt på folkemunnen til våre dagar. Ved eit skifte i 1745, like etter tingmøtet i 1735, gjekk taksten på ein av gardane (gardsnr. 79, bruksnr. 6) ned frå 121 dalar og 3 mark til 72 dalar. *Grunnen for nedsetjinga var skade av skreder*, seier takstmennene.[2]) Det er nett på denne garden «Aksafaddelstein» ligg. Ylvisåker har såleis vori ein utsett stad.

Jamvel om det skulle vera slik at desse gardane betala avgift *før* den store steinen kom, og denne avgifta har eit anna opphav, har ein rett til å rekna med at steinspranget og trugsmålet om ny ulukke dreiv bøndene til å gjeva eit friviljug offer til kyrkjene kvart år, så ikkje resten skulle ramla ned og tyna grenda. Ein kunne venta meir kva tid som helst. Slike hendingar vart jamleg rekna som eit førevarsel. Liknande tilburdar andre stader i landet viser at denne tradisjonen hadde djupe røter mellom folk.

Dersom denne avgifta som gardane i 1624 hadde til dei to kyrkjene, skriv seg frå andre omstende enn hella, vart det med tida vandt å halda ho skild frå det friviljuge offeret, som måtte vekkja størst åtgaum, av di det var knytt til eit synleg minne, Aksafaddelstein, og otten for ny skade. Etter eit par mannsaldrar har i så fall den faste avgifta komi i bakgrunnen og vorti tolka som ein serskatt gardane hadde fått på grunn av gåva og lovnaden.

[1]) 14-7-1897 nr. 3; jfr. 14-7-1897 nr. 1 § 10 (Norges Love II, s. 380 og s. 359).

[2]) Heimbygdi vår Sogndal VII, s. 32.

Når tradisjonen dreg 'Spetalen' inn i denne samanhengen, har det sin serlege grunn, som vi seinare skal sjå (s. 104).

Hella er ein noko flat fjellhamar nokre hundre meter over havflata. Ho vert rekna til 100—150 meter lang og like brei. Kanten på nedsida skal vera 4—5 meter tjukk. Ukjende folk vil ikkje skjøna at her er nokon fare, og folka på gardane ottast heller ikkje no. Fleire av desse ligg elles eit godt stykke ute på neset; men slik var det ikkje før; då låg dei i eitt tun rett under hella, og difor var faren større den gongen.

Vi ser at det føre 1735 var vanleg å betala med pengar (s. 88). Dette er i samhøve med Christian den femtes Norske Lov frå 15. april 1687.[1])

Til denne tradisjonsgruppa finst det mange parallellar andre stader i landet. Såleis heiter det om Trollvogga på Runde og Laupsnipa ved Vollsnes, Herøy på Sunnmøre: «Folk har i lengere tid hatt den tro at begge vilde styrte ned engang, og fra gamle dager betalte man en ekstraskatt til presten som en slags assuranse mot at noget slikt skulde skje.»[2]) Dei etterrøkingane eg har gjort, viser at *noka fast, årleg avgift* kan ikkje presten eller nokon annan ha fått; for kallsbøker og andre dokument som høyrer til prestearkivet i Vanylven, vitnar ikkje om noko slikt. Ein avstytt variant fortel dette slik: «Etter segni skulde der i gamle dagar vera ytt milde gåvor av folk i Kvalsvik, som ligg tvert yver fjorden frå Runde.» Denne forminga har mykje for seg.

Laupsnipa er eit stupbratt fjell på sørsida av Gurskøy, rett mot Rovdefjorden og Rovdestranda på andre sida av fjorden. Nede ved sjøen mot Rovdefjorden låg ein einbølt plass eller gard, Laupen, rett under nipa, så å seia rudd midt i ei steinurd. Plassen er

[1]) Norges Love 1 (ved P. I. Paulsen, Kr.a 1908), s. 81 og Fr. Brandt: Tingsretten (Kr.a 1867), s. 169.

[2]) Dagen 11-5-1934. Den kjende bygdesogegranskaren Jakob M. Bjørlykke svarar på førespurnad om han har høyrt dette: «Eg hev då både skriftleg og munnleg høyrt nemnt både Runde og Laupsnipa og Hornelen og mange andre fjell som stig nesten loddrett upp av havet.»

no øyde, men var i bruk inn i vårt hundreår. Han ligg under Rovde herad og soknar til Sande prestegjeld, men høyrde før til Vanylven. På ein liten berghamar eit stykke ovanom husa ligg ein stor stein oppå to andre, «Tresteinen», så det nedanfrå ser ut som han kunne ramla rett ned på husa berre for eit godt ord. Segna seier at «en gang i dansketiden kom presten i Vanelven dit i embeds medfør, og som en der følte sin plikt til å ivareta folks interesser på beste måte, innbilte han disse som bodde der, at den eneste måte å sikre sig mot at den engang kom, var å betale en halv daler — kr. 2 — til Vanelvens prestegård. Denne avgift skal påhvile bruket ennu, uten at jeg har sett det spesifisert, men der hviler en urimelig høi jordskatt på dette bruk, så det er vel trolig at det er riktig. På nabogården Skrede fant den samme prestemann en ennu farligere stein, som for å sikre sig måtte koste 7 kroner til samme sted. Denne stein løsnet for noen år siden og holdt på å skade den på Skrede ennu boende kones datter. Avgiften betales fremdeles til den fattige enkes store ergrelse.» Då den noverande eigaren kjøpte Laupen, laut han gjera den lovnaden at unge folk med born — eller med von til born — ikkje fekk busetja seg der. Så farleg synest det vera.

Noka fast årleg yting har det snautt vori tale om på nokon av desse stadene. Skattar eller anna peikar ikkje i den lei; men når folk etter ei ulukke hadde fått støkken i livet, kunne dei nok kjenna seg drivne til å gjeva ei *friviljug gåve* som eit slag trygding (sjå seinare). *Så* mykje kan det liggja i tradisjonen, som elles har vori på vandring i landet. Når han fann eit lagleg tilknytingspunkt, hadde han lett for å verta heimfest.[1])

I Physisk og Oekonomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør (1762) fortel den kjende presten Hans Strøm om dei nemnde gardane (II [2], s. 301), og han talar mange stader om skreder (I [1], s. 62 f., II [2], s. 42 ff., 98, 191 ff., 220, 255) og stykke som fell or fjell (I [1], s. 451 f.); men han nemner ikkje noko spesielt i samband med desse gardane, endå han er inne på slike spørsmål fleire gon-

[1]) Sjå mi utgreiing om Margit Hjukse (i Mål og Minne 1927, s. 131 ff.).

ger.[1]) Ein kan difor rekna med at han ikkje kjende tradisjonen knytt til desse; for Strøm pla ta med slike opplysningar. Då utgreiinga hans byggjer på inngåande kjennskap til bygdene og tradisjonen, *er det lite truleg at heimfestinga kan førast så langt attende som til hans tid, kring 1760.*

Grunnlaget for folkemeininga kan ein òg søkja i dette: Sume gardar som Laupen og Indre Skrede har hatt faste serskattar, jordavgifter eller anna, til institusjonar i Bergen. Vanleg høyrer ein om St. Jørgens hospital, ei kyrkje eller eit presteembete. Folk har truleg tenkt at den jordavgifta eller landskylda som låg på reint spesielle bruk — medan mange ingenting hadde — kom av det omstendet at eigaren i si tid hadde «lova» eller «gjevi» til kyrkja eller institusjonen; men det er ofte ei villfaring. I mange høve var dei eigedomar som drog på jordavgift eller landskyld, ein gong benefisert gods eller høyrde staten til. Då dei vart selde, løyste ikkje kjøparen inn heile verdet, salssummen; men noko — truleg tredjeparten — stod att. Som eit slag rente for desse pengane skal den årlege avgifta vera. Når det gjeld landskyld, er ho lik frå år til år. Jordavgifta vert rekna etter ei viss mengd bygg. Denne vert gjord om i pengar, og avgifta kan difor skifta noko etter tidene.

Om Kalvestad i Borgund på Møre fortel Hans Strøm (1762): «Denne steile Situation foraarsager, at Gaardens Beboere leve i bestandig Frygt, ei alene for Snee- og Steen-Skred, men og i sær for en meget stor Steen, som ligger høit op paa Field-Siden i lige Linie med Gaardens Vaanings-Huuse, og hænger saa løs i sit bratte Leie, at den hvert Øieblik hælder til Nedfald og truer Gaarden med Undergang; thi dersom den nogensinde skulde glide ud eller forlade sit Sæde, vilde den efter al Formodning trille ned ad den heele Field-Side og Biergfod, uden at standse i Løb, førend den havde borttaget og ødelagt en Deel af Gaardens Marke og Huuse. Til at forekomme saadan Ulykke, der desuden let kunde ramme baade Mennesker og Qvæg, pleie Gaardens Beboere at sætte Skurrer eller Træe-Stytter under Steenen, for saaledes at hindre dens

[1]) Jfr. òg Pontoppidan: Det første Forsøg I, s. 96 ff.

Ned-Fald; men da Steenen er meget stor og svær, ansee de sig ikke derved i alle Tilfælde sikkre nok for Fare. Efter en gammel Skik, som ei er uden Overtroe, pleie de og, for at afvende den overhængende Fare, at give noget aarlig til nærmeste Hospital.»[1])

I 1762 var dette «en gammel Skik». Han kan difor trygt førast attende til om lag same tida som Ylvisåkertradisjonen. Det er forvitnelig. Kalvestad har ikkje hatt noka fast avgift til hospital eller kyrkje. Det kan ein heller ikkje venta; for her er ikkje tale om plikt. Det friviljuge og uvisse kjem fram gjennom orda «pleie» og «give noget».

Eit par andre variantar frå same landsluten lyder slik: «Op over gården Drabløs er en fjelltopp som vi kaller for Drabløsnyken. Det har gått et gammelt sagn at denne med tiden skal falle ned. Av gamle folk har jeg hørt fortalt at man lovte presten en avgift forat han skulde be at Nyken ikke måtte falle ned. Nu hviler det en årlig avgift på to av brukene. Den går til Sykkylvens kirke,»[2]) og: «Eit fjellstykke Skolma ytst på Hareidland skal etter gamle segner ein gong koma til å styrta ned i havet og valda stor skade for dei næraste gardane. For dette skal uppsitjarane frå gamalt betala ein skatt til «Spitalen» (spedalske hospital, no Reknes tuberkulosesanatorium) i Molde, etter som det segjest.»[3])

Noko historisk grunnlag for denne tradisjonen har eg ikkje kunna ettervisa; men gardane har serskatt. Grunnen for folkemeininga kan difor vera den same som nett er nemnd (s. 96).

Serleg frå Sogn har eg funni mange såvorne minne: «Inne i *Nærødalen* er det bestemte strøk hvor befolkningen sier at man kan vente utrasning hvad dag som helst. Der er blandt annet en gård som i uminnelige tider hvert år har ofret til «Spitalen» (hospitalet) i Bergen for å formilde Gud så man ikke skulde risikere å

[1]) Physisk og Oekonomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør II[1], s. 131 f.

[2]) Jfr. Bergens Aftenblad 23-2-1935 og Aftenposten 27-2-1935, s. 7.

[3]) Dette hospitalet skriv seg frå 1713. Ei slik forming kan difor ikkje vera svært gamal.

få fjellet utover sig. Spitalen var jo i sin tid en kirkelig preget institusjon. — Denne ofringen har holdt sig, slik at denne gård i Nærødalen ennu den dag idag yder sin årlige tributt til Spitalen.»[1]) Dette er fortalt etter ein skysskar i Næreimsdalen og høyrest sers forvitneleg ut, med di det fører verknaden heilt fram til notida; men etterrøkingar viser at det i attgjevinga er komi inn ein feil. Dette hender ikkje «ennu den dag i dag». Her skulle stå «om enn ikke til denne dag» (meldt i brev til meg).

Den fylgjande varianten som har ei nærare heimfesting, siktar truleg til det same: «Yver garden Hylland i Nærøydalen reiser seg ein fjellnut som ser noko fårleg ut, og for um lag 60—70 år sidan skal det årleg ha vori ofra til «Spetalen» i Bergen for at denne fjellknausen skal standa fast og ikkje ramla ned yver garden. Der er ei 70 år gamal kona som kann hugsa at dette vart umtala.» Heller ikkje her har det vorti til fast skatt. Eg har ikkje funni noko skriftleg om dette. Gåva må ha vori friviljug — utan lovnad — og truleg ymsa frå år til anna. I denne vidgjetne fjorden var det elles ikkje berre denne garden som var sterkt truga: «Innetter Nærøyfjorden er det i alt tre plassar der dei fyrr brukte å ofra til «Spetalen» for å sleppa nedramling av bergnipor. Soleis ved garden Dyrdal (gr. 67, br. 1—3) er ei bergnos — Husanosi. Ved Bakka (gr. 65, br. 1—5) — Bakkanosi, og ved garden Hylland — Hyllandshella. Etter som dei gamle seier, var det vanleg å ofra av gardsens avling, soleis ramost, gamalost.»[2]) På Bjørgum, Voss, sende dei årleg (til ca. 1820) ein ramost til «Spetalen» i Bergen, så ikkje *Nolten* i berget over garden skulle detta ned.[3])

Ei slik ofring in natura fall heller naturleg og lett for gardane. Ho greip ikkje avgjerande inn i økonomien. Både prest og klokkar skulle t. d. ha løn i varer. Det eldgamle takke-offeret hadde òg djupe røter i folket vårt, som la stor vekt på gode gjerningar.

I Fortundalen, Sogn, ligg ein stor stein ytst på ei høg fjellnipe.

[1]) Aftenposten 9-4-1934.
[2]) Jfr. Andr. Seierstad: Olavsdyrking, s. 84. Sjå kartet s. 99.
[3]) Ord og Sed IV, s. 29. Sjå s. 103.



Han er nemnd i 1834: «I Fjeldhorizonten over Kirken sees en uhyre Steen, der truer med Fald; og i Sybilles Spaadom, siger Folk, staaer, at denne Steen skal engang knuse Kirken og den underliggende Gaard.»[1] Redsla var så stor at «da Fortun kirke blev innviet for ca. 60 år siden var der mange som ikke torde gå til kirken.»[2] Den nye kyrkja vart innvigd i 1879. Ein annan spådom medar òg på den kyrkja som ein no har: «Det var spått at steinen skulde koma og råka kyrkja fyrste konfirmasjonssundagen; men han låg no den dagen, og hev lege sidan,» fortel ein gamal mann. Faren er stor og trugande: «Børesteinen sam trugar Fortunkyrkja, gjeng det segn um. Når han kjem, vert heile Fortun — 4 gardar — og halve Drægni øydelagde. Far min fortalde at dei i gamal tid ofra pengar til «veldedige stiftelser». Eg har no snakka med nokre gamle folk (80—90 år). Desse fortel at dei har høyrt at det vart ytt offer for at Børestein ikkje skulde ramla, men kven gåvone gjekk til, visste dei ikkje.» Mange fortel det same; men tradisjonen er ikkje lenger så levande eller utbreidd som før.

Supphella i Fjærland, Balestrand herad, har vori mykje omtala. Ho ligg rett over garden med same namnet (gr. 58, br. 1—2). No er der to bruk; men før var det berre eitt. Gardane ligg ei 40 m. over havet, ei snau mil frå Mundal, bryggjestaden i Fjærland. Supphelledalen er trong og vill med hoggbratte fjell på båe sider. Her er einbølt og audt, og folk har reddast skreder når det var vintrar med mykje snø. Serleg har hella sett støkk i folk. Etter eit laust skjøn kan det vera ei 300—400 m. opp til hella, tett ved «Kyrkjedøri». Forteljingane lyder slik: «Beint yver det eine bruket, upp i ei bratt lid, ligg det ei svært stor flat, firkanta steinblokk, som dei visstnok alle dagar har vore redde skulde detta ned på husi. Difor ofra dei i eldre tid til spitalen i Bergen — for det meste ein gamalost, har eg høyrt — so denne blokki, som har skap som ei svær hella, ikkje skulde detta ned,» og: «Jamvel far til han som

[1]) Urda 1, s. 147 (Neumann: Antiqvariske Excursioner i Sogn).
[2]) Bergens Tidende 29-10-1936, s. 3. Sjå kartet s. 71.

no har eine garden, ein gild og mykje vyrd mann, gav kvart år ei pengegåva til misjonen, so steinen ikkje skulde koma.»

Det står urikkande fast at folk har betala; for fleire som no er i 60—70-åra, hugsar faren fortalde at *han* gjorde det. «Det var ikkje mykje, men alltid ein liten klatt,» heiter det. Folk er usamde om kven som fekk offeret: «Dei sende det visst til Bergen,» seier ein. Andre nemner St. Jørgens hospital. Ein tredje meiner at det er arbeidt inn i skatten; men det er ikkje så. Desse gardane har ikkje landskyld eller anna seravgift.



x) Supphella.
Foto: Kjell Bondevik

Gardsnamnet har interesse her. Det er klårt at garden har namnet sitt etter ei svær helle, som må ha vekt åtgaum av ein eller annan grunnen. Ein finn berre denne i nærleiken. Folk forklårar det slik: «Når hella kjem, so vert det ein god supp,» eller: «I mine barnedagar høyrde eg folk forklåra namnet slik at det måtte ein gong ha ramla ned ei hella og laga ein supp.» Ei slik tyding har her mykje for seg. Ein supp tyder: larm eller bråk når eitkvart dett ned i ei myr eller noko vått. Hans Ross fører ordet opp som kjent i Sogn og Setesdal, og set det om med «et drøit Slag». Verbet *suppa* har han frå Sogn og Valdres: skvulpa, klukka, «give et drøit (klukkende) Slag. Sogn, plumpe i, styrte sig i.»[1]) Ein må rekna

[1]) Norsk Ordbog under *supp* og *suppa*.

med at noko av hella har dotti ned før, liksom ved Ylvisåker; fjellet viser merke etter det.

Namnet kan jamførast med Supphamar eller Suppheim (uttala: Sùppeim) i Leikanger. Denne garden har tydeleg namn etter ein stor, bratt hamar, Supphamaren, rett under husa. Han går like ned i sjøen, og vatnet plaskar og skvalpar opp etter han. Då vert det ein supp. O. Rygh seier i Norske Gaardnavne 12, s. 125, at tydinga av desse namna er uviss. Han set fram fylgjande som ein hypotese: «Suppa, f = hulning, fordypning», og nemner at det kanskje kan vera i slekt med «Sump, f = en ganske liden Hulning eller Sænkning i Jorden, i Sne, i Træ, i levende Krop o. s. v. . . . Dette Ord ligger jo i Betydning nær Suppa, hvis -pp kan være opstaaet af -mp, og det kan paa Grund af Betydningen vistnok ikke være et Laan fra Skriftsprogets «Sump», som selv er et Laaneord fra Tydsk.» Denne tolkinga har lite for seg og bør gjevast opp. Ei sugande plasking mot hamaren er typisk for denne staden, som ligg rett mot den opne fjorden. Vestaveret tek hardt.

Ofringa i Supphella må ha same opphavet som på Ylvisåker. Båe tilfella er sers like. Det er rimelegast å tru at «Spetalen» i Bergen fekk offeret. Mange i Fjærland hadde skyldfolk på hospitalet. Når einkvan kom i stor naud, vart det gjerne sendt nokre dalar dit.[1]) Sumtid var det gamalost, smør, eit lår eller anna. Dette kan gamle folk godt hugsa; men det gjekk i det stille og vart aldri meir enn halvhøgt. Ein skjønar at trua og skikken då er komen til det siste stadiet. At slikt hende ofte, er svært rimeleg; for eit gamalt ord seier at det berre er to gardar som ikkje er «fåragardar» i heile Fjærland, så utsett er bygda for ras. Gåva har vori friviljug til eit godt føremål.

Skeidsnipa ligg ikkje langt ifrå. Dei ottast ho skal detta ned.

[1]) Jfr.: «Ein gong var ei kvinna burte på hi sida av fjorden og skulde henta høy. Båten vart godt lasta, og det rauk upp ein vind då ho skulde ro attende. Til sist visste ho ikkje anna enn å ta byrdi på ryggen i båten. Då trudde ho båten skulde letna, og so lova ho å ofra til «Spetalen» so framt det gjekk godt. Og det vart slik» (Balestrand).



Nolten på Bjørgum, Voss.

Ovanom gardane er det så bratt at folk før kunne sitja inne i stova og sjå rett opp i nipa gjennom ljoren i taket. Sume ymtar om at her har det vori ofra. Det er truleg; men ein kan ikkje finna noko sikkert far etter tradisjonen.

Segna vil vita at Valaker-gardane (gr. 84, br. 1—34) i Solvorn, Hafso herad, før skulle betala ei årleg avgift til «Spetalen» i Bergen, så ikkje ein stein i fjellet skulle ramla ned. Nolevande folk på desse gardane seier at dei aldri har høyrt dette. Eg kan heller ikkje finna noko som stadfester segnene. Noko liknande har eg frett frå Hovlandsdalen i Guddal, Dale i Sunnfjord; men eldre folk der kjenner ikkje soga.[1])

Kor utsette sume stader kunne vera for steinsprang og skreder,

[1]) Sjå òg Opedal: Makter 111, s. 16.

viser ei hending frå Sogndal i Sogn: Ein dag sat Johannes Øyre (1802—1832) og folka hans i stova på Øyre og heldt non. Best det var, ramla det laust ei steinskrede i fjellet med ein dun så alle sprang opp og ut. Johannes stod i døra og såg ein hushøg hump kom kantande ned bakkane rett over husa. Då ropa han: «Stoggar steinen fyrr han når garden, skal eg gje' ei kyr!» Med det same spratt steinen i lufta og hogg seg med enden ned i bakken, der stod han! Og han står enno. Men Øyren gav kua, og ikkje tok han den kleinaste av båsen heller.[1])

Den spontane lovnaden i ein slik farleg situasjon viser kor innlevd og sjølvsagd denne tankegangen var. Vi møter han ofte i einskildsituasjonar.

'I *Vårvik* i Kvilldal er det ein stor stein som ligg ovanom husa, og som ein lenge har vori redd sku ramla ut. *Sørnjo Vårvik*, med han hadde garden, «lova bort» ½ pund smør til året, i fall steinen vart liggjande. Han døydde i 1870-åra, vel 80 år gamal' (Suldal). Dette ser ut til å vera ein lovnad frå sein tid. Han synest ikkje hatt fylgjer for dei som kom på garden seinare. Huglaget hjå den einskilde har hatt mykje å seia i slike høve.

Ein kan ikkje undra seg over at liknande tilburdar og otte for fare førde folk til å gjeva gåver. Det skulle minder til for å skaka opp ein mannehug. Sume kjende det som ei fast plikt. I den katolske tida nytta kyrkja sine menn seg av denne innstillinga hjå folket. Ved bønelesing og trøyst størde dei trua. Men elles er det klårt at tradisjonen har vori på vandring og fest seg til laglege stader med og utan noko reelt grunnlag. Dersom så desse stadene hadde ei uskjønleg omframavgift, vart denne med tida tolka på same måten som tradisjonen melde, og segna var heimfest.

Det var vanleg at folk i visse høve gav friviljuge gåver til kyrkjer, sjukehus o. a. På Vestlandet kom dei oftast i hug «Spetalen», som dei rekna for sitt eige hospital. Mange hadde einkvan av sine der. Spillsykja var ein lei og utbreidd sjukdom ei tid. «Spitalen»

[1]) Sjå Heimbygdi vår Sogndal VI, s. 49. Jfr. Jessen-Schardebøll: Det Kongeriget Norge 1, s. 615 f.

måtte difor lett koma på tale under utforminga av denne tradisjonen. Forteljinga om Pålshella er òg påverka av dette.

Segnene må i denne forma skriva seg frå tida etter at dei katolske hospitala vart bygde. Sankt Jørgens hospital i Bergen vert nemnt i 1475.

Vestlandet, serleg Møre og Sogn, hyser desse minna, av di denne landsluten var mest utsett for skreder og steinsprang.

2. «*Sporveskatten*».

«Bergens Aftenblad» fortel 23. febr. 1935 om «en eiendommelig form for kirkelig avgift som endel gårdbrukere i Sykkylven på Sunnmøre må betale til Nykirken i Bergen — en avgift som løper op til ca. 30 kr. på hvert bruk. Det heter herom i det brev vi har mottatt: «Den avgift det gjelder heter «Spurveskatt», og forklaringen er den, at gårdbrukerne deroppe yter denne sum til Nykirken i Bergen, for at presten skal be for dem, at de må bli spart for spurvenes angrep på deres markens grøde. Imidlertid gjør sikkert ikke Nykirkens prester sin plikt, for spurvene grasserer verre enn verst, og ødelegger alt hvad de kan komme over. — På spørsmål om det gikk an å nekte å betale hvis prestens bønner ingen virkning hadde, blir det svart, at det lar sig neppe gjøre. Det vilde bli prosess om det — en prosess som høist sannsynlig vilde få et muntert forløp forresten. — Enkelte har forøvrig fått betale en gang for alle, og det blev da en sum av ca. 500 kroner».»[1])

Alle avgiftene er no innløyste. For 1939 var dei slik:

g.nr.	39,	b.nr.	1	kr.	28,20
»	41,	»	1	»	16,94
»	42	»	4	»	12,28
»	50	»	1	»	8,53
»	50	»	2	»	16,94
»	50	»	4	»	1,94

[1]) Oppteki i Aftenposten 27-2-1935, s. 7.

»	50	»	5	»	1,03
»	50	»	6	»	0,95
»	50	»	7	»	2,59
»	50	»	8	»	1,90

Også «i Ørsta er det nokre gardar, visstnok på Moe, som betalar «sporveskatt», og eg hev høyrt at etter tradisjonen skal denne skatt ha sitt upphav i at presten skulde beda gardane fri for sporveplaga.»

Det er forvitneleg at ein kan fylgja desse segnene langt attende i tida, med visse 200 år. Tradisjonen har vori konstant. I Sunnmørsskildringa si skriv Hans Strøm slik om Ørstakyrkja[1]: «I øvrigt har denne Kirke, som eies af en Proprietair, et lidet Jordegods, bestaaende af 8 V. 1 Pd. 10½ Mk. Fisk, og deriblant især 2 Mellag, beliggende i de 2 Gaarde Vælde og Moe, som kaldes Spurve-Mellagene, af Aarsag, at de i gamle Dage skal være skiænkede til Kirken, for at afvende den for Agrene skadelige Spurv, hvilken Fugl man paa den Tid maae have anseet for en større Lande-Plage, end nu omstunder. Rimeligere er det, at Giveren af disse smaae Stykker Jord har havt Tilnavn af Spurv, hvilket dog er blot Gisning af mig.» «Mellag» tyder etter L. Hallager: «en Trediedeel af en Vog, et Bismerpund».[2]) Spǫrr møter ein både som fuglenamn og som mannsnamn i mellomalderen (t. d. i 1325); men mannsnamnet har visseleg ikkje noko med denne saka å gjera. Gissinga er snautt rett. På den andre sida har ein full grunn til å tvila på segnforklåringa, som tydeleg ber dåm etter ei svarsegn. I Bibelen er ordet *sporv* nytta om noko sers lite: «Sel dei ikkje to sporvar for ein skilling?» (Mt. 10, 29). Sporveskatt kan difor tyda ein liten skatt — til kyrkja. Det samsvarar med røynda.

Forminga til Strøm — eller ei liknande — kan godt liggja til grunn for segnkrinsen. Eg har ikkje funni han andre stader enn på Møre, der bøkene til den vidgjetne og lærde presten var mykje

[1]) Physisk og Oekonomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør II², s. 231.

[2]) Norsk Ordsamling, under *Mellag*.

lesne. Opphavet har vorti gløymt: paktaren av stykket svara ei lita årleg avgift til kyrkja. Folk la så ei ny, meir beinveges tyding inn i ordet, slik ein møter ho i segnene.

I Herøy, Sande og Rovde finst mange gardar som betalar «sporvetiend», dei kallar, om lag 80 øre til 1 krone for året. Ein mann hevdar at han har sett ordet «sporveskatt» i likninga; men det er ikkje råd å finna dette uttrykket i likningsprotokollane. Truleg har han høyrt det i likningsnemnda; for på folkemunne er det enno vanleg og tyder det same som laus landskyld.

Segnene om sporveskatten er venteleg ein tolkingsfreistnad og kjem inn under gruppa *svarsegner*. Utgangspunktet for tolkinga er sjølve *ordet:* skatten må hanga saman med fuglen, sporven. Det låg då nærast føre å gripa til det mest synlege: sporvane kan vera leie med kornåkrane og gjera stor skade på avlinga. Då skatten gjekk til kyrkja, vart han sett i samband med dei religiøse tilhøva. Vi veit at katolske institusjonar hadde gode innkomer av bøner og messelesnad, som folk tinga og betalte i alvorlege høve og vanskar. Det er difor grunn til å tru at ein må søkja opphavet i den katolske tida.

3. *Uhepper.*

Det har vori vanleg å gjeva lovnader i visse vanskelege høve. «Var det noko dei plent vilde hava fram, daa lova dei burt,» seier den kjende folkelivsskildraren Johannes Skar frå Setesdal, «men aa lova burt, det var jamnaste Vanen,» held han fram; «der kom burt tvo Stutar paa Longerak; men heile Longerak var i eit Bruk daa, og det var ei Ekkje som sat der. Daa lova ho burt ein Skogteig til Sandnes Kyrkje. Dei fann Stutarne, og Teigen vart lagd til Kyrkja; men ho leigde han att og la ein halv Dalar til Aaret i Leige. No er den Leiga utbytt paa fire av dei seks Bruki paa Longerak: Knutsstog svarar 25 Skilling, Uppistog 10, Innistog 10 og Søbø 5

Skilling. Men Teigen fekk han lettvint aatte tusen Krunor for no, um han selde han.»[1])

Denne teigen heiter enno *Kyrkjestykket* og har serskilde merkesteinar ikring seg. Det kan vera om lag 200 mål skog. Han fylgjer hovudbruket. Sjølve namnet viser til samanheng med kyrkja og kan såleis stø tradisjonen.

Det vart rekna for sælt å liggja ved Sandnes-kyrkja.[2]) Ho var ei av dei mange lovekyrkjene i landet. Difor kunne ekkja «lova» til kyrkja i ei anna sokn. Desse kyrkjene hadde ei serstode i folkemedvitet og drog interessa til seg. Brurefylgje kom lange vegar for å viast der. Eit gamalt stev frå Setesdal seier:

Der kom eit brulé o Austad sokn,
der fyer so kåte drengje.
Sole skine på Åraksnese
å øve dei Åraksenje.[3])

Sandnes-kyrkja skriv seg truleg frå tida 1400—1500. Ho er nemnd i pavebrev 1558.[4])

Avgifta som Skar nemner, er innløyst for Knutsstog (1906) med kr. 23,00, for Innistog (1927) med kr. 8,91 og Uppistog (1929) med kr. 6,20. Søbø har ikkje løyst seg ut (1939). Soknekassereren i Sandnes kravde inn avgifta; men det vart stundom gløymt, så bøndene betala ofte for mange år samstundes.

Desse bruka har såleis hatt ei seravgift til kyrkja. Det styrkjer òg tradisjonen, så ein har grunn til å tru at han er sann og kan førast attende til den katolske tida her i landet.

Ein forvitneleg parallell til dette finn ein omtala i boka Passio Olavi, lidingssoga og undergjerningane åt den heilage Olav, frå 1100-talet: «Ein gong kom det nokre karar med ein trivetrars stut,

[1]) Bygdeliv, Gamalt or Sætesdal IV, s. 35 f. Sjå òg sst., s. 38. På Heistad i Austad sokn, Bygland, var det òg tre gardar som betala til Sandnes-kyrkja.

[2]) Jfr. Skar: Gamalt or Sætesdal II, s. 30 og 32.

[3]) Det var kyrkje på Austad frå om lag 1200. No er ho flytt.

[4]) Sjå Byglands soge, s. 370.

til kyrkja åt den heilage Olav. Då me spurde kvi dei kom, og kvar dei var ifrå, svara husbonden åt han som leidde, at han kom frå den bygdi som heiter Leksa [i Stjørdalen]; og so fortalde han:

«Då eg hadde fenge meg gard, den tid eg var ung, med buskap og anna som til trongst, so langt eg evla, so gjorde eg som bønder flest og la meg serleg etter å ala upp mykje fe. Men anten var kyrne gjelde, eller òg dauda kalvane. Då eg no gruna på mine kår og tenkte um det kanskje kunde gå meg betre i byen, so mintest eg det vener og grannar hadde sagt: «Det gjeng ikkje vel for den som slær seg på handel når han er til års komen»; eg skulde heller venda meg med bøner og lovnader til Gud og den heilage Olav, sa dei. Og det gjorde eg gjerne: eg lova heilag Olav frumsedyret av bufeet kvart år. Og, store under! Sju år på rad fyrr eg gjorde den lovnaden hadde det ikkje levt upp ein einaste kalv for meg; men i desse tri åri etter hev eg alt fenge tolv; tvo av dei eg hev lova burt, stend heime og vert gjødde, men denne her er so gamal at no kjem eg med han, fyrstegrøda av offeret mitt».»[1])

Dette er eit illustrerande døme på noko som skulle ha hendt under erkebisp Eystein. Han har sjølv skrivi ned forteljinga eller lati henne skriva ned; han må difor ha sett eller høyrt det som han fortel.

Denne trygdtanken i Gud finn ein sers tydeleg mellom jødane i den gamaltestamentlege tida. Dei ofra både av fyrstegrøda og det fyrstefødde. I 4. Mosebok 3, 13 les ein t. d.: «For mine er alle dei frumborne; den dagen eg slo i hel alt som var frumbore i Egyptarland, helga eg åt meg alt som er frumbore hjå Israel, både folk og fe; det skal høyra meg til, meg Herren.» Elles er fyrsteofferet nemnt svært mange gonger. Her kan ein trygt rekna med påverknad frå det gamle testamentet. Forteljinga nemner sjølv ordet «fyrstegrøda», og talar om «frumsedyret». Også det nye testamentet har ord som lett kan tolkast i same lei, t. d. Mt. 10, 42: «Og den som gjev ein av desse smaa um det er 'kje anna enn ei skaal

[1]) Passio Olavi, s. 73. Sjå òg Andr. Seierstad: Olavsdyrking, s. 84 ff., Oluf Kolsrud: Olavskyrkja, s. 44 og Kirkeleksikon for Norden IV, s. 907.

med kaldt vatn, for di han er min læresvein, han skal ikkje missa løni si, det segjer eg dykk for visst.» Kyrkjelege institusjonar har fått mykje gods og gåver ut frå denne tankegangen.

Kyrkjehistorikaren dr. Andr. Seierstad skriv slik om denne gåveskikken:

«Nordanfjells hadde dei ei reidsle til Domkyrkja som heitte olafskorn, olafsfé, olafstoll. Det var ei fast avgift, ei halv våg korn eller ein gild fisk eller ei halv gild sylvøyre til manns. Heile folket var soleis med å betala til uppehald av St. Olavs heilagdom i Nidaros og til messelesnad der. — I Håkon Håkonssons rettarbot er olafsskatten umtala som ei avgift som tidlegare var fastsett gjenom avtale. Han var visseleg eldre enn frå Håkon Håkonssons tid. Men som bundi avgift til domkyrkja er han nok ikkje eldre enn frå den tid dei for ålvor tok til å byggja domkyrkja um til rikskatedral. Den årlege innsankinga av olavsskatt sunnanfjells og vestanfjells står utan tvil i samanheng med den aukande glans som det kom til å stå av St. Olavs kvileplass, og det er fleire ting som talar for at det upphavleg har vore ei *friviljug* avgift, ein sjølvvald tributt til Noregs evige konge, med andre ord at Olavsskatten er ei form for bøndenes Olavsdyrking.»[1])

På 1300-talet betala dei svenske bygdene Ångermanland og Hälsingland ein Olavsskatt til Nidaros erkestol. Denne utreidsla må opphavleg ha vori friviljug. Skatten er nemnd *heitafé*, ei gåve som var lova, helst til ein heilagdom, men vart fast med tida.

I førre hundreåret skreiv historikaren professor Ludvig Daae: «Endnu i Begyndelsen af dette Aarhundrede var det Skik i de romsdalske Bygder, at Folk i Havsnød, eller naar «Ildstegnet» havde vist sig over deres Gaarde o. s. v., lovede «Olspenge» til Trondhjems Hospital. Man havde eller har ogsaa det Ordsprog: «Det er let at love Olspenge, naar Kjærringen er med,» sigtende til, at Konerne ofte søgte at hindre sine Mænd i deslige Løfters Opfyldelse. Endnu hersker der i flere nordenfjeldske Bygder den Overtro, at Gaver til Trondhjems Fattighus bringe Giveren større Velsignelse, end Almisser til Hjembygdens Fattige.»[1])

[1]) Syn og Segn 1930, s. 269.

Vi ser her ein viss samanheng. Ofringa til Olavs heilagdom i Nidaros var så vanleg at einskildgåver til hospitalet i Trondheim fekk namnet «Olspenge».

Hjelmelands-buen lova ei oblatøskje til Røldals-kyrkja omkring år 1700, i fall ein vart fri ulvane i Hjelmeland. Det gjekk slik, og Røldals-kyrkja fekk oblatøskja. Ho er i kyrkja den dag i dag. Rundt kanten på øskja står det: 'Røldals Kirke foræret fra Hielmelands Præstegjeld.' I rette liner på loket finn ein dette verset:

Vi Pryder her dit bord med denne trois gave.
O Hiertefromme Gud, du naade for os have.
Lad plagen holde op ui der om bede dig.
Beuare fæ oh faar, driv fra dem ulvekrig.

Anno 1704.

Johannes Skar fortel frå Setesdal om ein mann som nær hadde drukna: «Daa lova han burt kvar Traad han hadde paa seg, og ei Tunne Korn, og beste Bjøllekyri han aatte. Med same skaut det han upp paa Isen. Dei laut leida han heim — so kvitt var han . . . Vetterne Gunnstein hadde, er paa Skaamedal enno; der er Hol paa dei, av di han sleit dei sund daa han slo Isen.»[2]) Han nemner òg ei løe som ein gong vart truga av flaumen; «daa lova Taaraand burt ei Tunne Korn til dei fatige. Og Bekken seig. Olav Aanisson fekk Kornet.»[2])

Slike lovnader var vanlege i stor fare og vande tilhøve.[3]) Folk batt seg då berre til offer *ein* gong; men det kunne nok dra meir etter seg utan at det vart noko *fast*. Den *stendige* faren førde til lovnader for *lange* tider.

Ein kan rekna med at lovnadene jamnast vart haldne. Den sterke religiøse innstillinga hjå folket gjev trygd for det. Segna

[1]) Norges Helgener, s. 228.
[2]) Skar: Bygdeliv, Gamalt or Sætesdal IV, s. 37.
[3]) Sjå t. d. Passio Olavi, s. 22, 23, 54, 69 f., 71 og 72 f.

veit òg å fortelja korleis det gjekk den som prøvde å lura seg unna ein heilag lovnad: «Der boede engang en blind Mand paa Ryg i Qvisl. Han var ved St. Thomaskirken paa Valdrisfjeldene, og der lovede han Kirken en Pengesum, hvis han fik sit Syn. Og straks efter fik han se Kirken. Han saa sig omkring og saa alt, som andre Folk saa. 'Nu ser jeg saa godt som de,' sagde han til sine Rejselæller, 'men nu giver jeg ikke noget til Kirken, for nu ser jeg ligevel.'

Paa Hjemvejen fra St. Thomaskirken blev Manden imidlertid lige stenblind igjen, som han hadde været før. Han var en rig Mand og lovede ofte siden store Summer til St. Thomaskirken for at faa sit Syn igjen. Men alle hans Løfter hjalp lige meget. Manden var og blev blind til sin Dødsdag.»[1]) Norsk kristendom sette vyrdnaden for det heilage høgt. Folk æra det ordet som står skrivi i Galatar-brevet 6, 7: «Far ikkje vilt! Gud let seg ikkje spotta; for det som eit menneske sår, det skal han og hausta.» Denne tankegangen er lagd ned i segna. Han kan fylgjast attende til 1100-talet. I Passio Olavi vert dette fortalt om ein mann som vart berga og lækt på underleg vis: «So kom han sistpå til kyrkja åt den heilage martyren og vilde bera fram si takk for den velgjerdi som var honom synt; glad og fegen var han, for no var han heilt lækt. Då no alt hadde laga seg so vel for han, so tok han til å tenkja på um det ikkje kunde greida seg med noko mindre enn det han hadde lova heilagmannen; og sistpå gav han ein god dag i heile lovnaden, og frisk og fjørug, som han no var, tok han i veg derifrå. Då han hadde fare ei dagsreis, fekk han seg nattelægje hjå ein ærverdig gamling, som tok imot vegfarande folk av næstekjærleik. Då såg han i svevnen tri møyar standa attmed seg, vene, i lysande klæde; dei refste han hardt og spurde korleis han kunde djervast krenkja den heilagmannen som han hadde set gjera so mange under, og stryka ifrå den herren han hadde lova seg i tenest hjå. Av det synet vakna han. Tidleg dags stod han upp og fortalde verten det som hendt var; og *han* talde fyre honom og fekk han til å snu på timen.

[1]) And. Mehlum: Hallingdal og Hallingen, s. 145.

Desse underi er her greidt vitnemål um: me hev sjølve set denne ungdomen gå og tena martyren i kyrkja hans, til ære for sin bergingsmann, og me hev jamvel set merki etter jarni på kroppen hans» (s. 37).

4. *Syner og førebod.*

Syner eller førebod vart før ofte omtala, såleis i Sogn: «Sume folk hadde evna til å sjå varsel um brand. Dei såg ein raud loge over det huset som skulde brenna. Dei skulde då varsla husens folk um dette. Dersom husbonden i huset då ofra ei halv tunne mjøl, eller eit speke nauta-lår, eller noko slikt, so kunde han vera trygg» (Balestrand),[1]) og: «Far fortalde at far hans hadde 'lovt' ein gong dei hadde «set varme» yver Øyra, og dei vart sparde for eldebrand» (Kyrkjebø), eller: «I barneåri høyrde eg at folk hadde sett Venjum i Hafslo stå i ljos loge. Det var eit førevarsel. Det vart årleg sendt gåver til «Spetalen» i Bergen frå Venjum.» Like eins var det andre stader på Vestlandet: «På Hauge ved Haugesund såg dei eld. Då gav dei sylv til 'Spedalen'. På Spanne hende det fleire gonger. Dei nytta dette til å pressa pengar ut av ei stakkars ekkje. Det var alltid 'Spedalen' i Bergen som fekk gåvone. Eg høyrde aldri noko anna» (Haugesund).

Den som såg eit slikt varsel, rekna det for ei streng samvitsplikt å melda frå til husens folk, og desse tok det like alvorleg. Ulukka måtte avbøtast ved ei gåve til eit eller anna gudleg føremål. På det søre Vestlandet vert 'Spitalen' i Bergen oftast nemnd; eller det kunne vera eit fattighus. Denne trua har vori levande inn i vårt hundreår, t. d. i Hordaland: «Ei gamal kone på Odland fortalde meg kring år 1900 at ein dag såg dei brand på Tysse, på den motsette sida av fjorden. «Dersom det no var brand då,» la ho til. Då eg vart undren og spurde kva ho meinte med det, sa ho at det kunde då berre vera eit varsel. — Dei heldt på å reisa over for å sjå um det var ein verkeleg brand eller berre eit varsel — som ho

[1]) Laberg: Balestrand, s. 108.

trudde det var — då laut dei seia frå til folki, so dei kunde ofra. Slik hadde det hendt for nokre år sidan på Odland. Ein mann som kom ned frå fjellet, såg at heile Odland stod i ljos loge. Då ofra dei til ei av kyrkjone i Bergen, eg trur dei nemnde hospitalkyrkja. Og det kom ingen brand den gongen.»

Frå Hardanger finst det mange oppteikningar. Eg tek med nokre som illustrerer tenkjemåten og praksisen: «Sume bar fram offer (ofte kyrkjeoffer) etter slike våde-varsel, og dei sa det hjelpte. — Ein dag Nesheimsfolket sat med dauren, vart dei vise med at heile garden på Seim stod i ljos loge, at hellone runde tå taket og stigane slo mot timra. Nesheimingane la på lòpa upp; men alt var i det gamle standet. Folket fekk ein støkk og gav ei stor gåva, og garden gjekk fri (G). På Jyre vart dei vise med eld yver husi. *Ein* mann tok seg tankar tå dette og bar fram offer, men *hin* ikkje. Eit bel etter brann garden. Han som ofra, berga mest alt, men hin inkje-vetta (G). — Guro Hildal støla på Grøndalsstølen og hadde ei liti gjenta med seg. Midt på natti vart det so glimande ljost, so ho såg greidleg både hovudet og flettone åt veslegjenta. Ho vart ilt med, reis og gjekk ut og skodde. Då gådde ho at heile garden på Heng stod i ljos loge. Ho skunda seg og fortalde det med mannen der. Han lova te bera fram kyrkjeoffer, og garden vart spard (O). — For ikring hundrad år siden vart dei vise med eld yver Sandvin. So ofra dei te Odda-kyrkja, og uheppa vende seg burt (O). Ein mann som hadde vore te handlaren, fekk sjå husi hans i ljos loge på heimvegen. Han sprengrodde attende; men handelshuset stod der som inkje sku ha vore. Karen fortalde like vel um synet sitt. Eigaren bar då fram offer te dei fatige i bygdi, og husi fekk stå (Ulv.). — Eg og Rannveig stod ein kveld og gløste på ein raud røyk som seig vestetter himmelen. Me tenkte at roden kanskje kunde vera atterskin tå soli; men himmelen var grå. Dagen etter brann hotell Hardanger (O).»[1])

[1]) Opedal: Makter II, s. 33 f. Mange døme sst., s. 15 f. G = Granvin, Ulv. = Ulvik, O = Odda. Jfr. Jónas Jónasson: Íslenzkir þjóðhættir, s. 434 og Hans Strøm: Physisk og Oekonomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør II², s. 151.

Frå Suldal vert fortalt: «Men dei «lova bort» til fatigfolk her. Det vart brann på *Bakka* i Kvilldal ein søndag med folket var til kyrkje. Det var berre *Sissela*, kona, som var heime. Då lova ho bort 1 pund smør i fall ho fekk sløkkja elden. Og det greidde ho. Og fatigfolket fekk smøret. Sissela Bakka døydde i 1856, 70 år gamal.»

På sin typiske måte fortel Skar frå Setesdal: «Aanond Tveitå vende av ein kaldleg Husebrand paa Tveitå. Dei paa Landi saag Fyrebod: der tottest brenna so kaldleg paa Tveitå; Husi stod som ei Eldgrind. Aanond la hityver og spurde um dette var noko. Daa lova han burt ei Tunne Korn til dei fatige. Og Husi slapp.» Han gjev òg att det sermerkte ved tenkjemåten på den tid: «Dei fekk Vitror stundom i Fyrevegen, so dei kunde venda Ulukka av. Der kom ein Mann til Haugen og bad til Bote. «Koss hev du vurte arm'e,» sa Paal Haugen. «De hev brunni,» sa Mannen. «Daa kunna 'kji du ti de,» sa Paal. «Jau,» sa Mannen — «eg ha høyrt Fyrebo; eg ha kunna be'e de av,» sa han.»[1])

Det lever enno folk som har gjevi slike gåver like til det siste. Trua var ålmenn og sterk. Ho spela ei viss økonomisk rolle for fattigfolk, kyrkjer og sjukehus. Det er ikkje småsummar som på denne måten år om anna kom inn på friviljug veg.

I Sandeidkyrkja, Rogaland, har dei ein messehakel av raud, storblomstra silke. Han skal skriva seg frå 1777. Om opphavet fortel tradisjonen at «det synte seg eit lysande ris på himmelen over Østbø. Mennene der gjorde seg då samde um å gjeva ein messehagel til kyrkja.»[2])

Sers forvitneleg er ei hending frå Bergens-kanten. I 1872 skriv presten Johan Nordal Brun v. d. Lippe i kopiboka for Fjell om «Ildtegn og gaver til kirken og fattige»: «Da jeg igår indfandt mig i kirken for at forrette gudstjenesten, blev jeg gjennem kirkesangeren af nogle mænd fra Nordvig overrakt som gave til kirken to alterlys. Som grund hertil anførtes at der var seet ildtegn over

[1]) Bygdeliv, Gamalt or Sætesdal IV, s. 23; sjå òg sst., s. 36—38.
[2]) Haugesunds Avis 30-5-1939.

deres huse, og for at afværge ildebrand skjænkede de lysene til kirken. Jeg opfordredes til i kordøren at tilkjendegive menigheden dette, ja man tilføiede endog en bøn om, at jeg vilde holde en tale ved denne leilighed.» Han sende eit langt brev til prostiet og ville få rettleiing om korleis han skulle stella seg i dette høvet. Ei svær utgreiing fylgde med, og der seier han m. a.: «Hermed tillader jeg mig ærbødigst at forhøre mig hos mine ærede foresatte, og hvis presten skulde befindes at være den rette modtager af disse gaver, andrager jeg ærbødigst om, at der må gives mig påleg om at negte at modtage lysene.» Han kjem med ei lang grunngjeving og meiner at «efter min mening strider den mod Guds klare ord og er et angreb på vår lutherske bekjendelse i dens inderste kjærne». Då «menneskene ville heller tro, hvad de selv laver sammen end hvad Gud byder dem at tro», er det ikkje rart at «man anser som tegn og Guds åbenbaring, hvad der af vrange meninger er nedarvet fra fædrene, og som man i stiv, død konservatisme med en vis pietet betragter? Det er derfor nødvendigt, at man giver slige tegn de dødsstød de fortjener, ved at ramme dem med et Guds ords dømmende og dræbende sværd, og lader det blive klart for menighedens bevidsthed, at alene i den hellige skrift haves den sikre prøvelsen, for hvilken alle tegn, taler og meninger står eller falder». Dette er «en åbenbar levning af det katolske gjerningsuvæsen. Frygter en mand, at Gud vil hjemsøge ham ved ulykke, da er det jo dårligt at tro, at han skulde kunne betale Gud noget». Han fører fram mange bibelord for sitt standpunkt og set opp det som krevst av mennesket. «Men dette koster omvendelse og tro, annammelse af forargelsens kors, og det vil man ikke — det er da meget lettere at slippe [med] at give et par lys til en kirke, så har man også den for kjødet behagelige bevidsthed, at man har gjort noget rigtig godt, og indbilder sig, at man har Guds nåde «ikke som den givendes gave, men som den arbeidendes løn» (Augustina xx, 3 in fine). Hermed henger det også sammen, den ostentation (selvbehagelig, affektert fremvisning) man giver gaver ved at forlange dem anmeldt for menigheden, hvorved ens egen fromhed skal stråle, og Kristus for-

nægtes. Noget lignende er det, når mænd, som ere i livsfare, love Gud gaver til fattigkassene og begjærer sit navn nævnt for menigheden, som den der befriet af livsfare have ligesom betalt Gud skydsen tillands, og nu ligesom forlanger kvittering». Alt dette er ikkje anna enn «frygt for Guds dom, en trældom under loven, men hvorved man vil undgå den eneste rette, trangt udstukne vei, veien til Kristus». Stutt tid etter fekk han svar. Prostiet rådde til at «saken blir henlagt».[1])

Dette viser klårt at trua hadde ei sterk stode, jamvel så seint som opp mot vår tid. Dei styrande i kyrkja ville ikkje ta opp striden mot den inngrodde vanen, endå så overtydande presten fører fram si gjunngjeving.

Folkemuseet på Bygdøy har t. d. eit stort målarstykke som liknar ei altartavle. Det har høyrt til Løvøy kapell og er datert «Anno 1722, Gud til ære bekosted af monseur Ole Lorensen». Han var skipper i Holmestrand, f. 1699 og d. 1737. Ein lut av innskrifta lyder: «Havde Herren iche uæret med mig, maa jeg nu sige: Da havde jeg omkommet i ulycken. En strøm havde gaaen over min sjæl. Jeg vil ofre Gud mit lof-offer, oc betale hannem mine løfter.» Dette må vera oppfylling av ein lovnad som var gjeven i stor fare [2])

I den katolske tida var liknande lovnader svært vanlege. Eit illustrerande døme finn vi på ein runestav som vart funnen i 1867 i Sogndal i Sogn. Ein reknar med at denne kyrkjestaven med runeinnskrift skriv seg fra det 12. hundreåret. Der står: «Denne staven gav Sigrid på Kvåle for Arndors sjel og for seg til miskunn.» [3])

Det er sers forvitneleg at ein med visse kan fylgja denne tradisjonen heilt attende til 1100-talet. I Passio Olavi (s. 58) finn vi denne soga: «I det landskapet som vert kalla Sogn, hende det på ein bondegard at det huset som vert kalla badstova, tok eld so

[1]) Nils Trengereid: Fjell, s. 96—100.

[2]) Om lovekyrkjer, sjå mi utgreiing «Valfarting og lovnader» i «Museet i Haugesund», s. 65—77.

[3]) Norske Bygder IV, Sogn, s. 109.

ofseleg at logane sleikte ut gjenom både takgluggen og døri. Bonden vart fælen ved denne ulukka, og lova den heilage Olav femteparten av husverdet på garden, so sant han fria husi frå elden; so skunda han seg stad, vilde berga bygningane og eignelutene sine elles. Men alt med' han streva med det, undrast han på, kvifor det liksom ikkje *vart* til noko med den frøsande varmen; han gjekk burt og opna døri og såg inn: då var elden so vel sløkt som um det hadde fossa vatn gjenom heile stova. Straks kalla han i hop grannane sine og let dei verdsetja husi, og den luten av verdet som høyrde martyren til, den sende han åt meg, medan eg var i Bjørgvin.»

Dette kan tydast på to måtar: der var verkeleg lauseld som vart stogga ved eit under, kalla fram av ein lovnad, eller: det var eit varsel, ei synkverving, og lovnaden berga huset. Erkebispen tok sjølv mot gåva. Hendinga er difor historisk.

Den norske homilieboka frå tida 1200—1225 har desse alvorlege og kraftige føreteljingane om friviljuge gåver: «Høyr her kva Boki segjer um korleis kristne menn skal skifta Guds lån, dersom me vil gjera som Krist byd oss! Gud sjølv baud i den gamle pakt, og soleis byd han enno, at kvar kristen mann skal gjeva med godt hjarta for Guds skuld tiandeparten av alt han fær på garden kvart år, *so mykje han kann njota helsa og dei andre nie lutene, og ha det syndelaust med signing frå Krist den allmektige.* For so er det skrive i dei heilage bøkene: Kvar mann som ikkje vil gjeva tiend av godset sitt, soleis som Krist sjølv sa og baud oss, *han er forboden å koma i Guds rike og dømd til helvete; og for slikt kjem sotter på folk, og ilt ver og uår.* Meir stend det i dei heilage skrifter: Dersom me ranar den tiande luten frå Krist, då vil han rana frå oss dei nie lutene, og lata oss ha den tiande luten, og *vreiden sin med den.*» Slutten er slik: «No gode brør, for Guds skuld kom i hug det som skal vera dykk til hjelp i denne heimen og til æveleg sæle i den andre heimen, og som er til ære for Gud og gode menn, og gjev tiendi dykkar av alt det som Gud den allmektige let dykk få, og ten Herren vel og vyrdeleg med alt det som eg no hev sagt; og

kom i hug honom som alltid var og alltid skal vera, utan ende! Amen.»[1])

Ein kunne såleis venda Guds vreide ved offer eller gåver. Dette er ikkje noko nytt. Sjølve grunnlaget for trua ligg i eit såvori syn, åndeleg sett. Vi finn noko liknande i det gamle testamentet. Mosebøkene gjer krav på tiend som offer (3 Mos. 27, 30-, 4 Mos. 18, 21, 5 Mos. 26, 12-, 5 Mos. 14, 22). «Og dei framande og farlause og enkjone som bur innan portane dykkar, skal koma, og få det dei treng. Då skal Herren, din Gud, velsigna deg i alt det du gjer og tek deg fyre» (5 Mos. 14, 29). Jamfør Ordtøke 10, 22: «De'r Herrens velsigning som gjer rik, Og eige strev legg inkje til.»

I det nye testamentet finn ein òg skriftord som peikar i same leia. Om Kornelius vert det fortalt at «han var ein gudleg mann, som med heile sitt hus ottast Gud og gav mange sælebotsgåver til folket». Han fekk dette svaret frå Herren: «Dine bøner og sælebotsgåvor hev stige upp til ei minning for Gud» (Apostelgjerningane 10, 2 og 4).[2])

Trua på gode gjerningar var sterk. Dette kunne jamvel verta nytta så langt at den som gav pengar eller anna verde til sers gode føremål, fekk von om ein snarveg til himmelen, slik som det typisk er uttrykt om avlatshandelen:

> «Når pengane i kassa kling,
> sjelene ut av skirselden spring.»

Haugianismen kom som ei motvekt i dette stykket. Diktaren Alexander Kielland, som gjev eit godt biletet av Hauge-venene kring 1850, skriv slik i Skipper Worse, kapitel V: «Assurance var en meget sjelden Ting; mange af de Vakte mente endogsaa, det var syndefuld Mistillid til Forsynet; nogle sagde, at de havde assureret med Gud.» Men trygdtanken i Gud — gjennom gåver og offer — er så rotfest i sjela at han lever vidare.

[1]) Etter Gustav Indrebø, i Sørlie og Thesen: Historie og samfund II, s. 28 f. Sume ord er sperra av meg.

[2]) Jfr. Lk. 6, 38 og Mt. 25, 34—46.

LITTERATUR

Aftenposten 1934 og 1935 (Eit blad).
Angell, Henrik: Skottetoget. Kr.a 1912.
Asbjørnsen og Moe: Norske Folkeeventyr 3, 2. utg. Chr.a 1852.
Austlid, Andreas: Soga fraa Sinklar og Skottom. Hamar 1879.
Bang, Anthon: Kortfattet Oversigt over Fædrelandets Historie og Geografi. Trondhjem 1854.
Bergens Aftenblad 1932 og 1935 (Eit blad).
Bergens Tidende 1936 (Eit blad).
Bing, L. Hess: Beskrivelse over Kongeriget Norge. Kbh. 1796.
Bjørgynjar Kálfskinn. Chr.a 1843.
Bloch, Niels Hofman Sevel: Reise-Iagttagelser. Kbh. 1808.
Brandt, Fr.: Tingsretten. Kr.a 1867. Andre utgåva 1878.
Bratt, G. F.: Norges Historie. Trondhjem 1833.
Budstikken 1824 (Eit vekeblad).
Bugge, Kristian: Folkeminneoptegnelser (Norsk Folkeminnelag nr. 31). Oslo 1934.
Byglands soge. Kristiansand 1939.
Claussøn, Peder: Norriges Beskrifuelse (i Samlede Skrifter af Peder Claussøn Friis. Kr.a 1881).
Dagen 1934 (Eit blad).
Daae, Ludvig: Norges Helgener. Chr.a 1879.
Egilssoga, ved Leiv Heggstad, Oslo 1927.
Einrem, J.: Lys tennes. Bergen 1936.
Faye, Andreas: Norges Historie. Chr.a 1831.
— Norske Folke-Sagn. Andet Oplag. Chr.a 1844.
— Norske Sagn. Arendal 1833.
— Udtog af Norges Riges Historie. Chr.a 1834.
Fylling, Peder: Folkesagn (Norsk Folkeminnelag nr. 49). Oslo 1942.

Gjerding, Jørgen: Kyrkjene i Stranda 1000—1938. Stranda 1938.
Gudbrandsdals Folkeblad 1931 (Eit blad).
Gula Tidend 1937 (Eit blad).
Hallager, Laurents: Norsk Ordsamling. Kbh. 1802.
Haugesunds Avis 1939 (Eit blad).
Heimbygdi vár Sogndal VII. Sogndal i Sogn 1938.
Helland, Amund, sjå Norges Land og Folk.
Heyerdahl, Anders: Urskogs Beskrivelse. Kr.a 1882,
Hiorthøy, Hugo: Physisk og Ekonomisk Beskrivelse over Gulbrandsdalens Provstie I og II. Kbh. 1785 og 1786.
Historiske Skrifter tilegned Ludv. Daae. Chr.a 1904.
Historisk Tidsskrift 2 r. 5 b. Kr.a 1886.
Hveding, Johan: Folketru og folkeliv på Hålogaland (Norsk Folkeminnelag nr. 33). Oslo 1935.
Jessen-Schardebøll, Erich Johan: Det Kongerige Norge. Tour I. Kbh. 1763.
Jónasson, Jónas: Íslenzkir þjóðhættir. Reykjavik 1934.
Kielland, Alexander: Skipper Worse. Kr.a og Kbh. 1919.
Kierulf, Jonas: Journal og Beskrivelse over Hans Kongl: Mayest: Kong Christian den VI . . . Deres foretagende Reise til Kongeriget Norge Aar 1733. Kbh. 1745.
Kirkeleksikon for Norden IV. Kbh. 1929.
Kleiven, Ivar: Fronsbygdin. Oslo 1930.
— I gamle daagaa. Kr.a 1908.
— I heimegrendi. Kr.a 1908.
— Lom og Skjaak. Kr.a 1915.
— Ringbu. Oslo 1928.
— Segner fraa Vaagaa. Kr.a 1894.
Kong Christian den Femtes Reise i Norge 1685, ved Yngvar Nielsen, i Vidar 1889.
Kraft, Jens: Topographisk-Statistisk Beskrivelse over Kongeriget Norge. Chr.a 1822.
Krag, H. P. S.: Sagn, samlede i Gudbrandsdalen om Slaget ved Kringlen. Chr.a 1838.
Kolsrud, Oluf: Olavskyrkja. Oslo 1914.
Laberg, Jon: Balestrand. Bergen 1934.
Larsen, Amund B.: Sognemaalene I. Oslo 1926.
Leem, Knud: Norske Maalsamlingar fraa 1740-aari. Kr.a 1923.
Livius, Titus, bok 21.
Mehlum, And.: Hallingdal og Hallingen. Drammen 1891.
Michell, Thomas: History of the Scottish expedition to Norway in 1612. London 1886.

Munch, P. A.: Det norske Folks Historie III. Chr.a 1857.
Munthe, Hartvig: Efterretninger om Familien Munthe. Chr.a 1883—1888.
Museet i Haugesund. Haugesund 1935.
Muus, Rudolf: Skottertoget. Kr.a 1912.
Mål og Minne (Eit tidsskrift).
Nielsen, Yngvar: Det norske Vejvæsens Udvikling. Chr.a 1876.
Norges Historie, IV. binds anden del, af Yngvar Nielsen. Kr.a 1911.
Norges Matrikel, Matrikulerede eiendomme og deres skyld den 1. oktober 1906 i Sogndal Herred. Kr.a 1907.
Norges land og folk V, Kristians amt II, ved Amund Helland. Kr.a 1913.
Norges Love I og II, ved P. I. Paulsen. Kr.a 1908.
Norske Bygder IV, Sogn. Bergen 1937.
Norske Samlinger II, ved Christian C. A. Lange. Chr.a 1860.
Nynorsk Vekeblad 1936.
Olafsen, Olaf: Skottetoget. Molde 1877.
Opedal, Halldor O.: Makter og Menneske II (Norsk Folkeminnelag nr. 32). Oslo 1934. Også nr. III.
Ord og Sed IV. Oslo 1937.
Passio et miracula beati Olaui. Oxford 1881.
Passio Olavi. Oslo 1930.
Petersen, Siegwart: Norges Historie. Kr.a 1858.
Pontoppidan, Erich: Det første Forsøg paa Norges Naturlige Historie I og II. Kbh. 1752-53.
— s Levnetsbeskrivelse. Odense 1874.
Ramus, Jonas: Norriges Beskrivelse. Kbh. 1715.
Ross, Hans: Norsk Ordbog. Chr.a 1895.
Rygh, O.: Gamle Bygdeborge i Norge. Kr.a 1883.
— Norske Gaardnavne, 4. bandet: Kristians Amt I. Kr.a 1900.
— — 12. bandet: Nordre Bergenhus amt. Kr.a 1919.
Samlinger til Det Norske Folks Sprog og Historie VI. Chr.a 1839.
Sande, Olav: Segner fraa Sogn II. Bergen 1892.
Schøning, Gerhard: Reise gjennem Gudbrandsdalen 1775. Utgit av G. F. Gunnersen. Hamar 1926.
Seierstad, Andr.: Olavsdyrking. Nidaros 1930.
Skar, Johannes: Bygdeliv. Gamalt or Sætesdal IV. Kr.a 1909.
— Gamalt or Sætesdal II. Kr.a 1907.
Slange, Niels: Den Stormægtige Konges Christian den Fierdes Historie, II. Part. Kbh. 1749.
Soga um Strand. Stavanger 1939.

Sogns Kirker i Fortid og Nutid. Vik i Sogn 1903.
Sogns Tidend 1934 (Eit blad).
Strøm, Hans: Physisk og Oekonomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør I og II. Aalesund 1906 og 1907.
Sturlason, Snorre: Heimskringla.
Sverresoga, utg. ved Halvdan Koht. Kr.a 1913.
Syn og Segn 1934 (Eit tidsskrift).
Sørlie, Mikjel og Thesen, Rolv: Historie og samfund II. Oslo 1934.
Tidsskrift utg. av Historielaget for Sogn, nr. 9.
Trengereid, Nils: Fjell Prestegjeld. Førde 1937.
Urda I. (Eit tidsskrift). Bergen 1837.
Universitets- og Skole-Annaler 1850.
Vidar 1889 (Eit blad).
Vinje, A. O.: Ferdaminne fraa sumaren 1860. Oslo 1918.
Wergeland, Henrik: Norges Historie. Chr.a 1834.
Øverland, O. A.: Illustreret Norges Historie IV. og VI. Kr.a 1891—92.
Årbok for Dølaringen 1933.
Aasen, Ivar: Norsk Ordbog. Kr.a 1918.